

Julie Katrine Flikke

## Likestillingslandet, men ikkje der du bur?

Eit studie av kjønnslikestilling i spennet mellom nasjonale ideal og lokale perspektiv

Masteroppgåve i Likestilling og mangfold

Veileder: Siri Øyslebø Sørensen

Mai 2019



Julie Katrine Flikke

## Likestillingslandet, men ikke der du bur?

Eit studie av kjønnslikestilling i spennet mellom nasjonale ideal og lokale perspektiv

Masteroppgåve i Likestilling og mangfold  
Veileder: Siri Øyslebø Sørensen  
Mai 2019

Noregs teknisk-naturvitenskaplege universitet  
Det humanistiske fakultet  
Institutt for tverrfaglige kulturstudier



# Likestilling og mangfold

## Læringsutbytte

Masterstudiet i Likestilling og mangfold har tre hovedmål:

1. Kvalifisere kandidatene til avansert arbeid relatert til kjønns-, likestillings- og mangfoldsproblematikk i næringsliv og offentlig virksomhet, i utredningsarbeid, i administrasjon, politikkutvikling, kunnskapsledelse og forskning
2. Kvalifisere kandidatene til å utføre systematiske undersøkelser gjennom kritisk tenking og analyse, og å kunne trekke kvalifiserte konklusjoner
3. Gi kandidatene inngående kunnskaper om sentrale teorier, begreper og analysemåter i tverrfaglige kjønnsstudier

## Kunnskaper

Masterkandidatene i likestilling og mangfold har

- avansert kunnskap om det tverrfaglige kjønnsforskningsfeltets sentrale teorier, debatter og kontroverser
- spesialisert innsikt i så vel historiske som samtidige endringsprosesser knyttet til likestilling og mangfold i det norske samfunnet, i lys av internasjonale og globale kontekster
- kunnskap på høyt nivå om hvordan kjønn som sosial og symbolsk kategori kan virke sammen med andre sosiale og symbolske kategorier og fenomener

## Ferdigheter

Masterkandidatene i likestilling og mangfold kan

- identifisere og arbeide selvstendig med praktiske og teoretiske problemer knyttet til likestilling og mangfold i konkrete samfunnsmessige sammenhenger
- vurdere og benytte relevante metoder og teorier for undersøkelse og analyse av kjønn og eventuelt andre sosiale kategorier i spesifikke empiriske problemstillinger på en selvstendig måte
- analysere og forholde seg kritisk til problemstillinger knyttet til forståelser av kjønn, likestilling og mangfold på ulike samfunnsarenaer og derigjennom se og anvende flere tilnæringsmåter

## Generell kompetanse

Masterkandidatene i likestilling og mangfold kan

- gjennomføre et selvstendig, avgrenset forsknings- og utredningsarbeid i tråd med gjeldende forskningsetiske normer
- anvende sine kunnskaper og ferdigheter på nye områder i tverrfaglig dialog med andre eksperter
- formidle resultater av eget faglig arbeid muntlig og skriftlig på en selvstendig måte både til eksperter og allmennhet



## Samandrag

I denne oppgåva studerer eg kjønnslikestilling, som er ein viktig norsk kulturell verdi. At Norge er eit 'likestillingsland' er ein del av vår nasjonale identitet, men samtidig finnast det store forskjellar i regional utøving av likestilling. Korleis kan dette skje, når det same politiske nasjonale rammeverket gjeld for heile landet? Problemstillinga mi handlar om å studere spennet mellom nasjonale og lokale likestillingsforståingar, der eg gjer eit casestudie av Førde kommune i Sunnfjord-regionen.

I oppgåva studerer eg likestillingsforståingar på tre ulike nivå: det nasjonale, representert gjennom Statistisk sentralbyrå (SSB) og politiske dokument, lokal likestillingspolitikk og offentleg opinion gjennom lokalmedia. Eg brukar ei metode eg kallar samspelsanalyse. Igjennom denne bruker eg analysegreip innanfor diskursanalyse for å studere samspelet mellom dei ulike diskursive likestillingsforståingane på områda deltidsarbeid, fordeling av foreldrepermisjon og kjønnsfordelt leining. Måten eg gjer dette på er å fyrst studere kva diskursar som er i spel med kvarandre på kvart nivå, før eg ser på intertekstuelle samanhengar mellom dei i samspelsanalysen.

Analysen viser at dei to dominerande likestillingsforståingane handlar om to grunnleggande ulike måtar å sjå likestilling på: anten om noko som handlar om valfridom, eller om skeive samfunnsstrukturar. Desse knyt eg til den historiske likestillingsdebatten i Norge. Desse forståingane går igjen både på det nasjonale og det lokale nivået. Det som er interessant, er at eg tydeleg ser at det nasjonale rammeverket har påverka den lokale likestillingsforståinga. Men dette har ikkje gått i ei rett linje nedover. Lokal politikk og opinion oppfattar signal rundt viktigheita av likestilling frå det nasjonale, men tolkar det på si eiga måte og utformar sine egne forståingar basert på egne interesser og lokal kontekst. Kommunen har eit klart perspektiv som arbeidsgjevar som vil skape verdier, og lokale familiar er særleg opptatte av deira posisjon og fleksibilitet innanfor det nasjonale likestillingsrammeverket. Slike funn viser at det er viktig at fleire utforskar samspelet mellom nasjonale og lokale perspektiv.





## Abstract

In this thesis I explore the important Norwegian cultural value of gender equality. Being a nation of gender equality is part of our national identity, and yet, there are large regional differences within our borders. How is this possible, when the same national political framework applies to the entire country? My thesis question concerns the study of the interplay between national and local understandings of equality, by doing a case study of the town Førde, located in the Sunnfjord-region.

In the analysis, I explore understandings of gender equality on three different levels: the national, represented by Statistics Norway and political documents, local policy documents, and public opinion represented by local media. To do this I use a method I choose to call ‘interactional analysis’. I employ methods within discourse analysis in order to study the interplay between different discursive understandings of equality in the areas of part-time work, the dividing of parental leave, and gender in leadership. I begin by studying which discourses are at play at each different level, before I explore intertextual links between them as they compete and interact with each other.

My analysis shows that the two dominant ways of understanding equality are linked to two basic ways of looking at equality: is it about freedom of choice, or imbalance in societal structures? I link these two to the historical debate surrounding equality in Norway and find that they are still at play both at the national and the local level. What is interesting, is that the national framework clearly has affected local understandings of equality. But this has not gone in a straightforward manner. Local politics and public opinion have received certain signals from the national level about the importance of equality, but they interpret this in their own way and form new basis of understanding based on their own interests and local context. The municipality have a clear perspective as a large local employer who wants to create growth, and local families are particularly interested in the own positions and flexibility within the national framework of equality policies. Findings such as these showcase the importance of more scholars to turn their attention to the interaction between the national and local levels of understanding.



## Forord

Det er mange som fortener ein takk for å hjelpe med denne oppgåva. Fyrst vil eg takke min flotte veileiar Siri Øyslebø Sørensen. Eg kom til Siri med ein ganske stor og lite praktisk ambisjon for kva eg ville skrive om, og på ein eller anna måte fekk Siri avgrensa denne ambisjonen til ei masteroppgåve som eg kan være stolt av. Tusen takk for støtte, gode råd og tolmodet ditt. Eg har vært veldig heldig som har hatt deg som veileiar.

Eg har også vært heldig i å ha blitt plukka ut til å være masterstipendiat hos likestillingssenteret KUN, og eg vil takke båe for masterstipend, og for at eg fekk gjennomføre eit skriveopphald i KUN sine lokalar i Steigen. Dette opphaldet gav meg fagleg påfyll, gode samtalar, hjelp og ikkje minst moglegheit til å skrive i fantastiske omgjevnadar. Eg vil særleg gi takk til Karin Hovde, som har gitt nyttige tips i utforminga av anbefalingane til Førde kommune si likestillingspolitikk. Opphaldet fekk meg til å sjå masteroppgåva mi i eit større perspektiv av mange som arbeider med viktige likestillings spørsmål.

Oppgåva er skreve i samarbeid med Førde kommune, og eg vil gi ein stor takk for innspela eg har fått frå dei. Ein særleg takk går til arbeidsgruppa som jobbar med å utforme Sunnfjord kommune sitt rammeverk for likestilling. Mi deltaking i dette arbeidet har gitt meg gode innblikk på korleis likestillingsarbeid går føre seg i praksis utanfor pensum og lesesalar, og eg håpar at dykk vil finne denne oppgåva spennande og nyttig.

Ein som også fortener ein takk er min sambuar Håkon, som alltid motiverer meg, for middagar og støtte når eg kjem heim frå lesesalen og, for å sitere Fekjær: «føler meg like nyttig for samfunnet som byllepest» (Fekjær, 2013, s. 47). Eg vil også takke Signy Ryther Overbye for korrekturlesing av oppgåva.

Slik det offentlege ordsiftet og utviklinga innanfor likestilling i Norge er no, håpar eg at denne oppgåva kan bli ein del av eit større nettverk av tekst som legg grunnlaget for enda meir likestilling i samfunnet vårt. Sjølv om denne oppgåva er avgrensa til å setje søkelyset på kjønnslikestilling, er tema likestilling og mangfald i si heilheit for store og viktige til å takast lett på.

Julie Flikke, Trondheim, mai 2019



# Innholdsfor-teikning

Samandrag .....	v
Abstract.....	vii
Forord .....	ix
Innholdsfor-teikning .....	xi
<b>1. Innleiing</b> .....	1
1.1 Rammeverket for lokal likestilling .....	1
1.2 Kva likestillingsområde skal man studere? .....	4
1.3 Lokal likestilling i Førde .....	6
1.4 Kva inneberer ei prosjektoppgåve?.....	7
<b>2. Likestillingsforståingar</b> .....	9
2.1 Historisk bakteppe, aktuell debatt.....	9
2.2 Har vi framleis på oss blå eller raude strømper? .....	10
2.3 Eit veldig norsk likestillingsideal.....	12
<b>3. Korleis studere møtet mellom det nasjonale og lokale</b> .....	15
3.1 Metodeval .....	15
3.2. Val og avgrensing av empiri.....	16
3.3 Intertekstualitet og problemkonstruksjonar .....	19
3.4 Samspelsanalyse.....	24
<b>4. Kjønnenes deltidsarbeid</b> .....	27
4.1 Nasjonalt rammeverk: Kvinneres deltidsarbeid er eit likestillingsproblem ...	27
4.2 Deltidsarbeid: Hegemoni i den lokale likestillingspolitikken .....	29
4.3 To diskursorden i spel i lokalmedia .....	32
4.4 Samspelsanalyse: Diskursar og problemforståingar i deltidsdebatten .....	34
<b>5. Fordeling av foreldrepermisjon</b> .....	39
5.1 Nasjonalt rammeverk: Fedrekvote er eit viktig likestillingstiltak .....	39
5.2 Manglande lokal familielivspolitik .....	42
5.3 'Ikkje om det går utover mor' .....	43
5.4 Samspelsanalyse: Når ideal møter praksis på familiefeltet.....	46
<b>6. Kjønnfordelt leiing</b> .....	51

6.1 Nasjonalt rammeverk: Kvinnelege leiarar er eit bra likestillingsteikn .....	51
6.2 Ikkje eit lokalt problem?.....	54
6.3 Lokalt næringsliv: Ein skog av dresskledde menn? .....	56
6.4 Samspelsanalyse: Ulike forklaringar på kvinnelege leiarar .....	58
<b>7. Avslutning</b> .....	<b>63</b>
7.1 Oppsummering.....	63
7.2 Konklusjonar: Det nasjonale- eit viktig rammeverk.....	66
Referansar .....	73
Vedlegg: Anbefalingar til Førde kommune .....	77

# 1. Innleiing

Norge er eit land som, samanlikna med mange andre, skårar høgt når det gjeld arbeidet for likestilling mellom kvinner og menn. Vi har lovfesta vern mot diskriminering, mange kvinner deltar i arbeidslivet, og vi har særleg hatt ei pionerrolle i familielivspolitik og fedrekvote. At Norge er eit 'likestillingsland' er på mange måtar ein del av vår nasjonale identitet (Egge-Hoveid, 2013). Likestilling har også vært ein sentral del av norsk offentleg debatt i fleire tiår, og er i dag akseptert som eit viktig mål (Nagel, 1995:31). Kjønnlikestilling har gått frå å være eit kvinnesaksområde til eit vidt akseptert politisk mål med brei støtte i befolkninga (Ibid.). Fremjing av likestilling og auka moglegheiter for jenter og kvinner, er til og med ein del av våre utanrikspolitiske mål (Utenriksdepartementet, 2016).

Samtidig er ikkje biletet så eintydig innanfor landets grensar. Sjølv om vi har ein felles nasjonal identitet som fremjar likestilling mellom menn og kvinner, altså kjønnlikestilling, finnast det store regionale forskjellar mellom landets fylkar og kommunar i korleis idealet kjønnlikestilling spelast ut (Egge-Hoveid, 2013). I kva grad du opplev likestilling, og på kva måte, avhenger i stor grad av kor i landet du bur (Ibid.). I kommunane på Austlandet finnast mange menn som tar ut fedrekvote og ein liten del kvinner som arbeidar deltid, medan i Nord-Norge finnast det god kjønnbalanse på leiarnivå, men færre menn som tar ut fedrekvote. Sjølv om likestilling er eit nasjonalt ideal, vil den lokale arbeidsmarknaden, tradisjonar, kultur og sosiale normer få stor innverknad på kvardagen til kvinner og menn rundt om i landet (Ibid.). Det er altså nyttig å dra likestilling som nasjonal verdi ned til eit regionalt nivå, for å stille spørsmål rundt korleis den nasjonale konteksten spelar seg ut i landets kommunar, og kva som påverkar lokal likestilling. Derfor er det denne oppgåvas mål å studere lokal fortolking av likestilling, slik det kjem til uttrykk i val av deltidsjobbar, fordeling av foreldrepermisjon og kjønnsfordelt leing.

## 1.1 Rammeverket for lokal likestilling

I Norge er kjønnlikestilling lovfesta og vidt akseptert, men det er verdt å huske på at dette har skjedd på relativt kort tid. Den fyrste likestillingslova kom i 1987 (Nagel, 1995:32). I dag definerer likestillings- og diskrimineringslova likestilling som likeverd, og noko som omhandlar like rettar og moglegheiter. Lova skal fremje likestilling og hindre diskriminering, og inkluderer at offentlege myndigheiter har plikt til å reiegjere for kva dei gjer for å arbeide for likestilling (Likestillings- og diskrimineringsloven, 2018 § 19). Dette inkluderer kommunane i landet. Kommunelova seier at:

*Det skal redegjøres for den faktiske tilstanden når det gjelder likestilling i fylkeskommunen eller kommunen. Det skal også redegjøres for tiltak som er iverksatt, og tiltak som planlegges iverksatt for å fremme likestilling og for å hindre forskjellsbehandling i strid med likestillings- og diskrimineringsloven, samt for å fremme formålene i likestillings- og diskrimineringsloven når det gjelder etnisitet, religion, livssyn, funksjonsnedsettelse, seksuell orientering, kjønnsidentitet og kjønnsuttrykk. (Kommuneloven, 2018 § 48-5)*

Ifølgje aktivitets- og reiegeringsplikta, har kommunar, som alle arbeidsgjevarar og offentlege myndigheiter altså plikt til å «jobbe aktivt, målrettet og planmessig for å fremme likestilling og hindre diskriminering på grunn av kjønn, etnisitet og nedsatt funksjonsevne» (KUN, 2010:2). Dette inkluderer at kvar kommune har plikt til å arbeide aktivt for å fremje likestilling innanfor sine ansvarsområde (Skjeie og Teigen, 2003:88). Reint formelt er altså kommunars likestillingspolitikk nasjonalt grunnlagt, men spørsmålet er korleis dette følgjes opp i praksis. Statistisk sentralbyrå (SSB) viser at det er variasjon i regionane, men hovudbiletet er at stort sett alle regionane slit med mange av dei same utfordringane. Til og med kommunar innanfor same region kan ha store forskjellar. Kor man bur i landet, i tillegg til lokalt næringsgrunnlag er viktige for likestilling, saman med næringsstruktur, lokal kultur og tradisjon (NOU 2012:15, s.214).

Kommunal likestillingspolitikk har fått kritikk i fleire andre land for å ligge bak den nasjonale (Dahlerup, 2003:79). Likestillingsarbeidet har gått langsamare i kommunane enn i organisasjonar og forvaltning på nasjonalt nivå, særleg på formaliseringa av lovverket (Nagel, 1995:36). Dette er problematisk, fordi landets kommunar er sentrale for likestillingsarbeid nettopp fordi mykje av tiltaka er på felt som kommunen kan styre, som sysselsetting og barneomsorg (Ibid.). Det kan antakast at den lokale motsetninga mot likestilling vil variere frå plass til plass, og ikkje være like sterk som den var då kommunane fyrst byrja å implementere strategiar for likestilling (Ibid.:37).

Kommunar tolkar dette rammeverket på ulike måtar i sitt likestillingsarbeid. I annan forskning på likestilling i kommunar har lokal likestilling og mangfald blitt knytt til ting som likeverdige tenester, arbeidsgjevarpolitikk og god samfunnsutvikling for alle (Thunem og Bye, 2014). Likestilling blir sett på som positivt for å sikre eit bra arbeidsmiljø, og som kommunar derfor, som store lokale arbeidsgjevarar, kan ha god nytte av (Ibid.). Kommunar er viktige for at innbyggjarane skal få leve likestilte liv, likeverdige tenester, god arbeidsgjevarpolitikk og deira medverknad i lokalsamfunnet. Alle har også rett til likeverdige tenester, men også til å få sine behov møtt, og at det skal kompenseras for ulemper og mangel på likestilling (Ibid.:7). Det er ei utviklingstendens i fleire distriktskommunar at kvinner flyttar ut for å ta høgare utdanning, og det er vanskeleg å rekruttere høgt utdanna kvinner tilbake til bygda. Derfor er lokale



rammar som sikrar likestilling eit godt argument for ei positiv utvikling når det gjeld tilflytting til distrikta (Bye, 2012:15).

I arbeidet med regionale myndigheiter, er det ein tendens til at likestilling i arbeidsgjevarepolitikk og rekrutteringsarbeid får størst fokus, mot mindre i tenesteyting, planlegging og lokaldemokrati (KUN, 2013:7). Samtidig har kvinner og menn rett på gode tenester, å delta i avgjersleprosessar og få nytte av tiltak som skal utvikle deira lokalsamfunn (Ibid.:6). Det krevjar kompetanse å omsette sentrale målsettingar ut i praksis (Ibid.:9). Lokal kontekst har altså stor betydning for likestilling, og slike lokale perspektiv er viktige for å vise korleis forståingar av likestilling kan bli til praktisk politikk (Ibid.:7). Dette vil eg kome tilbake til i analysen av Førde kommune. Ein god arbeidsgjevarepolitikk tar utgangspunkt i folk sin kvardag, sjølv om det også er forankra i etablert lovverk (Thunem og Bye, 2014:5). Likestillingspolitikk både nasjonalt og regionalt er også god økonomisk politikk, sidan deltaking av begge kjønn på arbeidsmarknaden bidrar til å oppretthalde velferdsstaten (Ibid.:3). Likestilling kan være nyttig for lokal utvikling, for eksempel kan kommunar bruke det til å spørje kva vilkår kvinner og menn har for å leve gode liv i deira regionar. Likestillingsutfordringar kan også gå inn i kommunars utviklingspolitikk, der særtekkja ved kommunen takast omsyn til i utforminga av tiltak. Likestilling blir slik eit felles prosjekt mellom nasjonale myndigheiter og det lokale apparatet (Ibid.:3).

Kommunar sitt spesielle ansvar for likestilling har altså fleire aspekt, ikkje minst etisk, men også fordi det kan ha stor nytteverdi. I tillegg har likestilling også ei verdi i seg sjølv (Thunem og Bye, 2014:3). For å forbetre dette arbeidet kan kommunane betre kunnskapsgrunnlaget sitt. Det er eit problem om det er lite kunnskap på kommunenivå, ettersom det er essensielt for å kunne arbeide lokalt etter likestillingslova (KUN, 2010:2). Kommunar må altså fortsette å samle inn empiri frå lokalsamfunnet for å kunne utbetre gode tiltak. Her kan dei bruke kjønnsdelt statistikk som ein del av grunnlaget for planlegginga, slik det er anbefalt i andre kommuneprosjekt (Ibid.). Dette vil også oppfylle aktivitets- og reiejeringsplikta som seier at kommunar er pålagt å rapportere om likestilling.

Det politiske rammeverket rundt likestilling i landet er altså sterkt, men kommunane tolkar og arbeider med dette på ulike måtar, i møte med lokale utfordringar. Det kan være store forskjellar mellom kommunane i korleis dette skjer, men kommunar som sjølv vel å arbeide aktivt med lokale likestillingsspørsmål, har funne mange nytteverdiar av dette arbeidet. Sjølv om likestilling er altså nasjonalt forankra, har kommunar mykje å tene på å implementere og vidareutvikle dette rammeverket.

## 1.2 Kva likestillingsområde skal man studere?

Likestilling har ei verdi både nasjonalt og for kommunar, men korleis det spelar seg ut i kommunar er det forskjell på. Likestillingsbegrepet har tradisjonelt omhandla førehaldet mellom menn og kvinner, men har blitt utvida i den seinare tida til å også inkludere andre samfunnsgrupper (Danielsen, Larsen og Owesen, 2015:9). Sjølv om alle aspekt av likestilling er relevante for kommunars arbeid, vil eg i denne oppgåva helde meg til å studere kjønn. Når det er snakk om likestilling i teksten, er det derfor då snakk om kjønnslikestilling. Men også innanfor dette tema er det mange ulike områder å kan studere. For å måle likestilling i denne oppgåva har eg valt meg ut tre områder: Deltidsarbeid, fordeling av foreldrepermisjon og kjønnsfordelt leing. Desse tre er valte ut fordi dei til ei viss grad finnast under lokal styring. Samtidig er dei alle tre utvalde indikatorar for kjønnslikestilling i SSB sin indeks for kjønnslikestilling i kommunane, og har altså fått nasjonal merksemd. Det er også verdt å nemne at dei alle rører ved ulike delar av likestillingsspørsmål som har vært viktige opp gjennom tida, som tilknytning til arbeidsliv, økonomi, løn, status, og familieliv. Ved å analysere dei tre håpar eg altså å kunne studere ulike sider av dagens likestillingspraksisar.

Det fyrste området eg har valt er kjønna deltidarbeid. Deltidarbeid har sidan 1990 talet fått merksemd som eit likestillingsproblem i Norge (Hallandvik og Olsen, 2011:7). Vi er blant dei nordiske landa med størst del av kvinner i deltidarbeid og mest kjønnsdelt arbeidsmarknad, og dette blir oppfatta som problematisk for likestillingsarbeidet. Deltidarbeid for kvinner er kopla til negative ting som kjønna lønnsforskjellar (Selmer-Anderssen, 2018). Dette er også noko som stadig dukkar opp i diskusjonen rundt vidare kjønnsforskjellar i arbeidslivet. Blant anna har norske kvinner blitt 'advarte' mot å jobbe deltid av tidlegare barne- og likestillingsminister Thorkildsen (Egge-Hoveid, 2013). Kvinnens deltidarbeid er eit ganske klassisk område innanfor likestillingsdebatten. Ikkje minst er kjønnsfordelt deltidarbeid utbreitt i mange kommunar rundt om i landet (Egge-Hoveid, 2013).

Dette er eit område der mange kommunar skårar dårleg, men også eit område som går på lokale næringslivsstrukturar. For eksempel er det eit typisk nasjonalt problem at det er mykje deltidarbeid i helse og omsorgssektoren, som er kvinnedominert. Eit slikt utgangspunkt gjer det spennande å forske på dette området på lokalt nivå. Dette er også eit område som rører ved sentrale spørsmål rundt likestilling. Er det positivt at kvinner kan jobbe deltid for å tilpasse seg familiesituasjonen sin? Og kvifor er akkurat deltid så problematisk? Deltidarbeid har blitt sett i samheng med kvinnens svakare økonomiske stilling enn menn i arbeidslivet, og det har også blitt påpeika at kvinner har ei plikt til å arbeide. Dette visar spesifikke oppfatningar av likestilling i Norge i dag som vil være spennande

å forske på, ikkje minst i konteksten av at det er eit problem som det nasjonale og det lokale har til felles (Egge-Hoveid, 2013).

Fordeling av foreldrepermisjon er det andre området eg har valt å forske på. Dette området er valt fordi det skil seg frå deltid og leiging ved å introdusere dimensjonen familie og omsorg; det handlar altså ikkje berre om arbeidslivet. Samtidig kan slike spørsmål ligge bak ting som kvinners deltidsarbeid. Norge var det fyrste landet i verda som innførte ei fedrekvote, altså ei omsorgspermisjon for fedrar (Brandth og Kvande, 2013). Den gongen var kvota på 4 veker, men den har blitt utvida stadig sidan då i takt med at fedrar har fått fleire og fleire rettar. Dette er altså eit område der menn sine rettar introduserast i likestillingsdebatten, som er eit viktig element. Nettopp dette er eit viktig element ved den nordiske likestillingspolitikken: likestilling omhandlar ikkje berre at kvinner skal ut i arbeid, men at menn også skal være heime og ha omsorgsansvar (Kitterød, 2013:42). Fedrekvote er eit likestillingsverktøy frå staten si side for å styrke likestilling mellom foreldre i arbeidslivet og i omsorg (Thunem og Bye, 2014:3).

Fedrekvoten har brei støtte både blant kvinner og menn, men det er ikkje samsvar når det gjeld ideell lengde på permisjonstida (Lappegård og Bringedal, 2013:41). Utvidingar til fedrar får mykje merksemd, og skapar debatt om den ideelle lengda på kvota (Ibid.:29). Nokre meiner at den er eit viktig likestillingsverktøy, andre meiner at den avgrensar familiars valfridom og fleksibilitet (Ibid.). Den har også blitt utfordra i at det ikkje er heilt sikkert at fedrar har engasjert seg meir heime berre fordi dei tar ut meir permisjon no enn før (Kitterød, 2013:42). Debatten rundt fordeling av foreldrepermisjon er blitt aktuell sidan 2018 med innføring av tredeling av permisjonstida. Det har skapt stor debatt og møtt skarp kritikk frå fleire hald, fordi mange meiner at den utvida permisjonstida til far har gått på kostnad av vekene til mor. Det blir spennande å studere kva som skjer på dette området i tider med stor offentleg interesse og politiske endringar. Ikkje minst er det interessant å introdusere det lokale elementet i dette kapitlet, fordi det er stort spenn mellom landets kommunar i kor mange menn som tar ut fedrekvote. Sogn og Fjordane har låge på landstoppen på denne indikatoren (Hamre, 2017). Lokale normer kan derfor antakast å være viktige på dette området.

Kjønnsfordelt leiging er som dei to andre, eit typisk nasjonalt likestillingsområde. Kvinnelege leiarar, særleg der dei manglar, er både lett synleg og symbolsk. Samtidig har kvinnelege leiarar fått kritikk for å representere elitefeminisme samanlikna med minoritetskvinnens kamp for basale rettar (Sørensen, 2015:252). Dette viser eit hierarki innanfor likestillingsarbeidet. Lokalt sett handlar leiging særleg innanfor lokalpolitikken om representasjon og lokaldemokrati. Her kan man anta at lokal kjønnskultur og sosiale normer for kvinner spelar ei stor rolle i

kor høgt glastaket strekk seg. Kvinner er underrepresenterte i toppstillingar i næringslivet, men dei har samtidig ein stor plass i nordisk politikk (Matland, 1995:297). Dette har blant anna blitt knytt til ei meir egalitær politisk kultur i Norden (Ibid.).

At folk veks opp med å sjå kvinner i regjering gjer dei meir mottakelege for kvinnelege leiarar, noko som også kan få verknad på lokalt nivå (Matland, 1995:298). Samtidig er det framleis slik at kvinner har dårlegare innpass i leiarskap i samfunnet enn menn, særleg i det private arbeidslivet (Raaum, 1995:10). Dette heng saman med næringslivskultur (Ibid.). Nasjonalt var det ikkje slik at kvinner på eit blunk gjekk frå null representasjon i politikken til full representasjon. Dette har skjedd gradvis (Ibid.). Og det kan man kanskje ta lærdom av i det lokale også? Kjønn i leiing har også vært gjenstand for ideologiske motsetningar. Særleg spørsmål rundt kvotering av kvinnelege leiarar er eit område der tradisjonelle partilinjer har vist seg (Skjeie og Teigen, 2003:176). Måten man argumenterer for kvinnelege leiarar visar også ulike ideologiske haldningar. Om man argumenterer for at kvinner er ein ressurs fordi dei er ulike menn, eller om dei skal gå heilt opp i den tradisjonelle mansrolla, drar debatten tilbake til grunnleggande debattar rundt kjønn (Ibid.). Kjønn i leiing er altså eit utgangspunkt for å studere ulike kjønns- og likestillingsforståingar på eit stadig aktuelt område.

### 1.3 Lokal likestilling i Førde

Temaet for oppgåva handlar om kva som skjer i møtet mellom det lokale og det nasjonale når det gjeld kjønnslikestilling. Med store regionale forskjellar i bakgrunnen, er det relevant å stille spørsmål rundt korleis likestilling som nasjonalt ideal blir fortolka i lokalsamfunn og kommunar. Eg er ikkje interessert i å berre utforske likestilling i den nasjonale debatten eller nasjonal politikk, eller i eit lokalmiljø. Det eg vil studere, er heller *korleis desse spelar saman*. Kva har det nasjonale rammeverket å seie for lokalsamfunn? Er det rammeverket eller lokale tradisjonar som er viktige i kvardagen? Korleis påverkar det nasjonale det lokale, og omvendt? Problemstillinga for oppgåva er:

*Kva er spennet mellom nasjonale og lokale likestillingsforståingar i Førde?*

For å studere spennet mellom nasjonale og lokale likestillingsforståingar har eg valt å gjere ei casestudie av Førde kommune i Sunnfjord, som vil representere det lokale i oppgåva. Frå denne kommunen har eg valt to empiritypar: politiske dokument som visar kommunens likestillingspolitikk, og artiklar frå lokalmedia som representerer lokal offentleg opinion. Desse er sett opp mot rammeverket av nasjonale likestillingsforståingar. Grunnen til at oppgåva fokuserer på akkurat likestillingsforståingar er at vi er påverka av kulturen vi lever i, og haldningar og forståingar av vår sosiale verkelegheit er nyttige å studere heller enn ein objektiv

verkelegheit (Thagaard, 2013). Innanfor eit så komplekst felt som likestilling vil ulike aktørar ha ulike oppfatningar som står i forbindelse med og påverkar kvarandre i eit diskursivt samspel, som eg vil analysere fram. Dei vil også spele seg ut ulikt på dei ulike nivåa, og på dei tre ulike forskingsområda av deltidsarbeid, fordeling av foreldrepermisjon og kjønnsfordelt leing.

For å analysere desse bruker eg det eg har kalla samspelsanalyse, meir konkret ei intertekstuell diskursanalyse. Denne metoden representerer eit metodebidrag til slike studiar. Her ser eg på korleis makt, mening, hegemoni og problemforståing blir produsert og reprodusert, for å finne underliggende haldningar i likestillingsdiskursen. Analysen går føre seg slik at eg fyrst analyserer fram ein hegemonisk diskurs innanfor det nasjonale, lokalpolitiske og offentleg opinionsnivået. Deretter gjer eg ei samspelsanalyse av dei ulike forståingane. Eg vil gjere ei tekstanalyse, der eg byrjar med den nasjonale strukturelle konteksten for lokalpolitikken med statistikk og nasjonal diskurs. Deretter vil eg ta for meg dei politiske dokumenta for å studere kva diskurs som produserast innan lokalpolitikken, før medietekstane vil analyserast for å tilføre det lokale perspektivet. Eg vil undre meg over samspelet og spennet mellom dei igjennom analysen. Vi vil sjå at det finnast eitt hegemonisk likestillingsideal på det nasjonale nivået som handlar om overordna kjønnsbalanse, men at dette blir tolka ulikt av ulike aktørar, og på dei ulike områda. Eg analyserer fram eit diskursivt samspel mellom alle tre nivåa. Spennet mellom dei ligg i dragkampen mellom kven som kan definere likestilling, kva som skal leggjast vekt på i politikken og kva tiltak som skal lanserast. Vidare, i kva grad det lokale er bunde opp formelt eller uformelt til det nasjonale, og kva diskursorden som folk forbind i diskusjonen rundt lokale og nasjonale likestillingsutfordringar. Dette er verdt å studere kritisk.

I neste del vil eg reiregjere for teoretiske likestillingsforståingar, og gi kontekst til likestillingsforståingar med historia til kvinnekampen i Norge, før eg ser på dei historiske linjene til dagens debatt. To store diskursordenar innanfor likestillingsforståingar vil teikne seg opp. Deretter vil eg reiegjere for metodevalet mitt, vise forskarprosessen og vise kva teoretikarar eg støttar meg på. I tillegg til eg reiegjere for kva analysegreip som vil bli brukt i tekstanalysen. Etter dette kjem analysen av dei tre forskingsområda på bakgrunn av dette rammeverket. Til slutt har eg summert opp mine funn til ei eiga del som eg håpar vil vise viktigeita av det nasjonale rammeverket, men samtidig korleis Førde posisjonerer seg innanfor dette rammeverket i sitt likestillingsarbeid.

#### 1.4 Kva inneberer ei prosjektoppgåve?

Eg vil her forklare korleis eg har tolka rammene av ei prosjektorientert masteroppgåve. Denne oppgåva blir skreve i samarbeid med Førde kommune. Eg har sjølv funne tema og den generelle utforminga, men eg har hatt fleire fordelar

av dette samarbeidet. Eg valte i fyrste omgang å skrive ei prosjektoppgåve fordi det gav meg eit spesielt blikk på oppgåva som var nyttig i samarbeidet. Eg kontakta kommunen sjølv med forslag om samarbeid, og har hatt fleire møter med dei i løpet av forskarprosessen. Eg fekk dei politiske dokumenta som visar likestillingspolitikken til Førde frå ansvarlege i kommunen under eit slikt møte. Dei fekk også i byrjinga kome med innspel til lokale område oppgåva kunne omhandle, blant anna var det dei som føreslo at det kunne være interessant å studere lokal leiing.

Eg har fått deltatt på ulike møter med arbeidsgruppa som skal utforme den nye planen for likestilling frå 2020 for nye Sunnfjord kommune. Her har eg fått følgje korleis ein slik politisk prosess fungerer, og eg har også bidratt med faglege ressursar og teoretiske perspektiv på særleg kjønnslikestilling. Samtidig har eg ikkje gått i detalj på oppgåva og funna mine, då mine kjelder er dokumentstudiar og diskursanalyse. Innspela dei har komen med har minka etter kvart som oppgåvas område og analyse er blitt snevra inn. Møta er derfor ikkje brukt som empiri, men har heller vært bidrag der eg har kunne bruke teorien eg les i praktisk arbeid, og eg har fått eit perspektiv på korleis dokumenta eg analyserer blir utforma. For at oppgåva skal være baa eit teoretisk og fagleg forankra forskingsarbeid og relevant for kommunen, har eg valt å legge ved eit vedlegg til oppgåva der eg har komen med nokre anbefalingar til kommunen angående deira vidare likestillingsarbeid.

## 2. Likestillingsforståingar

### 2.1 Historisk bakteppe, aktuell debatt

Likestillingsforståingar kan være så mangt, og har endra seg opp gjennom tida. Sjølv om vi i dag snakkar om eit utvida likestillingsbegreip, har likestilling i Norge tradisjonelt sett i stor grad handla om kvinnekamp og feminisme (Danielsen, et al., 2015:9). Det er ikkje berre fokuset som har skifta; korleis likestilling har blitt forstått har også endra seg sidan kampen byrja her i Norge. Denne historia har mange aspekt ved seg, både økonomisk, kulturell og politisk (Ibid.).

Debatten rundt likestilling er basert på ulike teoretiske perspektiv på kjønn (Dahlerup, 2003:29). Ein måte å drøfte likestilling på er med eit slikt teoretisk perspektiv, med bakgrunn i kjønnsforståingar. I teoretiske debattar har ulike kjønnsforståingar vært dominante, frå eit naturvitskapeleg syn som ser på kjønn som noko som omhandlar biologi, kromosom og hormon, til feministisk teori som har peika meir på viktigeita av samfunnets sosialisering og kjønnsroller (Moi, 1998). Desse har vært rota i ulike likestillingsdebattar, rundt spørsmål om kvinner er grunnleggande like eller ulike menn, og derfor, om man skal krevje likebehandling eller sær-behandling (Dahlerup, 2003:34). Det er nettopp slike debatter som eg finn interessante, og vil være bakteppet for analysen. Det eg er interessert i er ikkje teoretiske forståingar av kjønn, men kva effektar likestillingsforståingar får i samfunnet. Likestillingsforståingane i Norge i dag er eit resultat av ei historisk og sosial kamp som framleis pregar diskusjonen i dag. Derfor vil eg i denne delen ikkje gå inn på ulike kjønnsforståingar eller teoretiske perspektiv, men heller ta for meg ei kort historie av korleis politiske idear av kjønnslikestilling har blitt oppfatta historisk i Norge, som ei kontekst for dagens forståingar.

Kvinner har sidan kvinnekampen byrja på 1800-talet her til lands, vært ueinige om kva 'kvinnesaka' skulle stå for og kjempe for (Raaum, 1995:12). Eitt viktig skilje gjekk mellom arbeidarklassens kvinner og middelklassekvinnene (Ibid.). Desse skiljelinjene oppstod i ein tid då kvinner og menns verden var grunnleggande skilde, og klasseforskjellane var større og viktigare enn dei er i dag (Ibid.:13). Dette var i ein tidleg fase, og kjønnslikestillingskampen har tatt mange ulike formar og kampsaker sidan då (Raaum, 1995:16). Samtidig byggjar utviklinga av den moderne likestillingsforståinga seg på historia til denne kampen i Norge, og den er derfor verdt å studere. Motsetningar med slik argumentasjon har vist seg meir nyleg, med eksempel frå den fyrste likestillingslova som kom i 1978, der partiet Høgre ynskja ei kjønnsnøytral lov, og Sosialistisk venstreparti ville ha ei eksplisitt lov mot diskriminering av kvinner (Nagel, 1995:33).

Borgarskapets kvinner, som leia kvinnekampen her i Norge i byrjinga, hadde ei særeiga interesse av å krevje kvinners rett til å kome ut av den private sfære og

inn i den offentlege, som på den tida var førebeholdt menn (Danielsen et al., 2015:66). Deira ynskjer kom frå perspektivet av at dei ikkje kunne tene egne pengar, og var økonomisk underlagt menn sine. Dei krevja å få valfridom til å kunne delta i offentlegheita. Deira likestillingsarbeid blei utfordra av kvinner frå arbeidarklassen sine oppfatningar og erfaringar. Deira interesser låg heller i at likestilling blei hindra av skeive samfunnsstrukturar, som særleg gjaldt arbeid. Kvinnene frå arbeidarklassen var også underlagt kjønnsnormer, men dei kunne allereie forsørge seg sjølve (Danielsen, et al., 2015). Dei ville få betre arbeidsvilkår, og meir rettar som for eksempel å få være meir heime med borna sine (Ibid.68). Liberalismen arbeidde med eit klassisk likskapsbegreip, men likskap for lova fungerte ikkje når ikkje alle var like i praksis. Problemet blir då om man skal skape formelt, eller i praksis, like moglegheiter (Dahlerup, 2003:32). Dette grunnleggjande skiljet om i kva grad likestilling handlar om fridom, eller om å rette opp i skeive samfunnsstrukturar, har vært ei hovudproblemstilling som framleis pregar likestillingsdebatten, sjølv om dei skarpe klasseskilja ikkje lenger eksisterer. Det er desse to ulike likestillingsforståingane eg finn igjen i mitt materiale, som vil bli vist i analysen.

Den neste bølga som kom på 1960 og- 70talet, sette velferdsordningar høgt på dagsorden, og blei dominert av venstreorientert feminisme. Det handla då ikkje lenger om rettar, men om samfunnskritikk. Utviklinga på 1980talet markerte tilbakeslaget mot denne, men det var også då mykje likestillingspolitikken blei formalisert (Ibid.:247). Kampen for kjønnslikestilling endra seg etter at dette lovverket blei formalisert (Danielsen et al., 2015). Vi har gått frå kollektiv organisering for å få borgarrettar, til at kvinner er blitt ein integrert del av det politiske leiarskapet (Raaum, 1995). Samtidig er det eit viktig poeng at blant kommunane og på det lokale plan har utviklinga stagnert noko sidan den store politiske mobiliseringa på 1970-talet (Raaum, 1995:20).

## 2.2 Har vi framleis på oss blå eller raude strømper?

To grunnleggjande ulike måtar å sjå på likestilling på går altså mellom likestilling som skal sikre valfridom, eller noko som handlar om samfunnsstrukturar. Desse har oppstått i ei spesiell politisk og kulturell kontekst (Danielsen et. al., 2015). På kva måte har desse ulike likestillingsforståingane blitt vidareført til dagens likestillingsforståingar? Til forskjell frå 1800-talet, er i dag likestilling så vidt akseptert at vi snakkar om at vi har statsfeminisme i Norge. Nøkkelordet til denne forståinga er kjønnsbalanse, og idealet handlar om lik deltaking i arbeids- og familieliv (Sørensen, 2015:248). Samtidig er det framleis slik at dei ulike ideane om at likestilling skal handle om å rette opp skeive samfunnsstrukturar eller å leggje til rette for valfridom, dukkar opp igjen og igjen. Likestillingsidealet som handlar om kjønnsbalanse har fått kritikk for å ikkje ta innover seg at det å velje



kjønntypisk kan innebære fridom for nokre, sjølv om det ikkje er likestilling i balanse-termar. Fridom og ufridom er ein viktig del av denne debatten (Ibid.:249).

Ifølgje fridomstankegongen vil individuelle val ikkje nødvendigvis være uttrykk for samfunnsstrukturar (Sørensen, 2015:256). Det er her vi ser dei to modellane av strukturell undertrykking (og strukturelle løysingar), og valfridom. At kvinner for eksempel vel å være heimeverande vil frå eit samfunnsstrukturelt perspektiv være problematisk, både for samfunnet og for ho sjølv i det lange laup, sidan det er økonomi inne i biletet. Frå eit fridomsperspektiv er det kvinners fulle rett å kunne velje å uttrykke seg sjølv og ta val på denne måten, og det er ikkje eingong sikkert at kjønn vil bli sett på som ein relevant dimensjon i dette valet (Ibid.). Dette perspektivet anerkjenner at det er problematisk med forhold som deltidsarbeid, men løysinga handlar heller om at kvinner må trenast til å ta plass, krevje meir og setje sine egne behov fyrst, heller enn at staten skal kome inn og regulere kjønnsfordelt arbeid (Ibid.:257).

Eitt anna aktuelt eksempel er spørsmål rundt kvinner i næringslivet. Norge har hatt eit mannsdominert næringsliv i både styret og sentrale delar av næringslivet (NOU 2012:15, s.163). Frå eit strukturperspektiv kan det argumenterast for at dette er på grunn av kjønnsnormer og kulturen i næringslivet. Ei potensiell løysing blir så kvotering av kvinner. Frå eit valperspektiv er det heller problematisk at få kvinner vel å søke. I så fall blir det umyndiggjering av kvinner å snakke om kvotering (Sørensen, 2015:253). Dette er eksempel på at dei to ulike forståingane av likestilling spelar inn på ueinigheiter om kva veg likestillingsarbeidet skal ta (Ibid.:254).

I det politiske ordskiftet har dette ei partipolitisk dimensjon. Blå feminisme opponerer mot den meir venstreorienterte 'statsfeminismen', og her ligg mykje av deira identitet på tross av at det var borgarkvinnene som kom fyrst historisk (Sørensen, 2015:254). Deira perspektiv handlar om enkeltmenneskets rett, og at folks skal få respekt uavhengig av kjønn. I dette ligg deira avvisingar av kollektive løysingar og lovverk som behandlar kjønn som gruppe (Ibid.:255). Man skal kunne være seg sjølv og finne egne løysingar til egne liv, og staten skal ikkje bestemme kva som er gode løysingar (Ibid.). Her er det også eit poeng at tradisjonelle val ikkje skal være mindre verdt enn utradisjonelle, sidan alle har rett til å velje, sjølv når dette går på kostnad av kjønnsbalansen (Ibid.:257). Under den blå feminismen hamnar ansvaret for å ta rette val på kvinnene, og samfunnsstrukturar blir slik individualiserte (Ibid.:258). Venstrefeministar kan kritisere denne tankegongen for å individualisere ting som ikkje kan fjernast frå si kulturelle kontekst, medan høgrefeministane kan hevde at venstrefeministane fjernar kvinners valfridom og kanskje tvinger dei inn i roller dei ikkje vil ta på seg. Forståingar for kva som er problemet, for kva som skapar ulikskap og hindrar moglegheiter, vil påverke kva strategi man ynskjer å legge (Ibid.:246).

Frå eit generelt blick, tenderer høgresida til å sjå på likestilling som noko som handlar om individuell fridom til å gjere slik man ynskjer. Den er liberal, i motsetnad til venstresidas forståing av likestilling, som noko som handlar om strukturar i ei sosialdemokratisk velferdsmodell (Ibid.:245). Det eg skal studere er likevel ikkje partipolitikk, men likestillingsforståingane som dei dreg på. Desse ulike haldningane har klare linjer tilbake til klassekampen frå kvinnekampens tidlege dagar, og kva haldningar man har til likestillingsspørsmålet. Det eg finn interessant er å studere korleis desse forståingane framleis er i spel i oppfatningar rundt likestilling, på det lokale og nasjonale nivået. Kvar forståing må analyserast utifrå sitt ideologiske ståstad, for å sjå korleis ulike likestillingsforståingar framleis er i konkurranse med kvarandre i likestillingsdebatten.

### 2.3 Eit veldig norsk likestillingsideal

Dei historiske linjene er altså viktige fordi dei framleis påverkar likestillingsoppfatningar i Norge. To viktige likestillingsforståingar handlar om i kva grad likestilling skal forståast som noko som handlar om val eller om samfunnsstrukturar. Slike forståingar ligg bak utforming av likestillingspolitikk (Borchorst og Dahlerup, 2003:9). Likevel er det viktig å trekkje fram at det finnast likestillingsideal i Norge i dag som det er brei kulturell og politisk einigheit om. Ut ifrå likestillingsbyrjing har det vekse fram ulikskap, men også nokre ideal som har god oppslutnad. Under denne er det særleg det norske familieidealet og arbeidslinja som skil seg ut.

Sidan 1970-talet har det vært eit viktig politisk mål å kunne kombinere lønnsarbeid og omsorgsarbeid for kvinner. Dette heng saman med utbygging av velferdsstaten (NOU 2012:15, s.25). Det er også velferdsstaten som står bak den såkalla arbeidslinja, som inneber at det er eit politisk mål at flest mogleg skal ha ei sterk tilknytning til arbeidslivet, for å sikre framleis oppbygging av velferdsstaten (Ibid.:26). Dette gjennomsyrrar både integrerings- og likestillingspolitikkenes mål (Ibid.). Men tilknytning til arbeidslivet og lønnsarbeid er også oppfatta som viktig for kvinnene sjølve, ikkje berre for samfunnet. Dei blir sett på som essensielle for at kvinner skal kunne realisere seg sjølve, være økonomisk uavhengige og ha både fridom og tryggleik (Ibid.). Eit anna viktig aspekt ved norsk likestilling er at mynten også er snudd til menn og omsorg. Sidan 90-talet har menns rett og plikt til å være ein omsorgsperson for sine born, særleg i småbarnsfasen, vært eit viktig prioriteringsområde (Ibid.:25). Målet er toinntektshushald for familiar, der begge kjønn kan kombinere arbeid- og familieliv (Sørensen, 2016.s:51). Dette inkluderer tiltak som fedrekvote, og rettferdig regulering av for eksempel ansvaret for husarbeid på heimebane (Ibid.). Dette er særleg viktig fordi 'kvinnearbeid' som husarbeid lenge har hamna nedst på rangstigen av arbeidsfordeling; gratis og usynleg (Løkke, 2000).

Dominansen som arbeidslinja har, får også konsekvensar. Vi finn dette likestillingsidealet igjen i debatten om samfunnsrettar. Kjønn har vært ei viktig historisk skiljelinje i utforming av rettar, og noko er bært med til i dag (Nagel, 1995:83). Vi er i dag vande med å tenkje på sosiale rettar som individbaserte, og ikkje kjønnsbaserte (Ibid.:81). Samtidig vil alltid ei viss form for handling premierast over ein anna, og den moderne velferdsstaten handlar om lønnsarbeid og høg grad av sysselsetting. Derfor er rettar knytt til arbeid dominerande. Dei som tapar på dette er for eksempel dei som pendlar mellom jobb og familie, og særleg dei som arbeidar deltid i staden for fulltid. Systemet lønar ikkje deltidsarbeid, og det er flest kvinner som er i denne situasjonen. Det fører til at for eksempel kvinner er overrepresenterte som minstepensjonistar, og rettar får eit visst kjønnsaspekt (Ibid.). Derfor er også tiltak introduserte som skal føre til meir rettferdig fordeling av arbeid og omsorg i heimen, og ikkje berre i arbeidslivet, sidan dei heng saman (Sørensen, 2016:51). Kjønn arbeidsfordeling i heimen har vært rota til mykje forskjellar (Nagel, 1995:85). Akkurat dette med kvardagens arbeidsfordeling er meir usynleg, men samtidig veldig viktig for rettferdig arbeidsfordeling, og spørsmål er sett ved om far er til stades i kvardagen (Løkke, 2000:59.). Familielivet skal organiserast etter ideala om likestilling og individets valfridom (Ibid.). Samtidig vil vi sjå at desse to ikkje alltid går hand i hand.

I dag ser dei fleste på likestilling som eit positivt mål, sjølv om det er ueinigheit ved om den bør gå lenger eller om den har gått for langt (Ibid.). Det finnas ei viss dominerande likestillingsoppfatning nasjonalt som er viktig å trekkje fram, fordi den som med alle andre kulturelle ideal har lett for å bli usynleg. Denne handlar om at kvinner både skal kunne være mødrer og ha full tilknytning til arbeidslivet, og at menn skal ta på seg omsorgsarbeid. Men det ligg makt i å definere likestilling (Borchorst og Dahlerup, 2003:12). Under denne felles ideen om kva norsk likestilling inneber, er det også ulike synspunkt på kva som bør gjerast for å oppnå denne kjønnsbalansen, og desse heng saman med forståingane av likestilling som anten val eller samfunnsstrukturar. Om man meiner samfunnsstrukturar bidrar til kjønnsforskjellar, må også desse endrast for å få likestilling (Ibid.:13). Kjønnbalanse er målet, men løysingane for å oppnå den varierer (Ibid.:14).

Forskjellege ideologiske utgangspunkt kan også støtte opp under same mål. For eksempel er det brei einigheit på tvers av politikk rundt foreldrepermisjon, og at ein viss del skal være øyremerkta til fedrar. Dette er eit politisk tiltak som visar at likestillingspolitikken er prega av to-inntektsfamilien med ein omsorgsgivande far. Denne går til og med på tvers av meir tradisjonell partipolitikk, då valorienterte høgreperti også støttar dette breitt. Likestilling blir på mange måtar ikkje politisk før ein trekk inn slike tiltak. For å ta eit eksempel, vil ein statsminister som påstår at kvotering ikkje er nødvendig, møte motstand frå nokre og støtte frå andre. Ein statsminister som gjekk ut og sa at det er uproblematisk å ha ein fullstendig mannleg regjering, ville derimot møtt mykje meir kritikk. Dette

viser at likestilling er eit viktig politisk og kulturelt ideal (Borchorst og Dahlerup, 2003:21).

Likestilling er altså blitt ein viktig norsk verdi som det er brei støtte oppunder, sjølv om det er ueinigheiter rundt kva som ligg bak skeivheiter, og korleis arbeidet med likestillingsspørsmål bør gå føre seg. Etter sine tradisjonelle partilinjer legg venstresida framleis generelt meir vekt på strukturar og formell tilrettelegging av likestilling, medan høgresida gjerne snakkar meir om valfridom og at kvinner skal kunne velje fritt, sjølv viss dei tar tradisjonelle val. Denne debatten handlar om to grunnleggande forskjellige måtar å oppfatte likestilling på, og har røter til likestillingshistoria i Norge. Det er aktuelt å spørje i kva grad desse linjene også vil vise seg i lokalpolitikken. Til no har eg sett på den nasjonale politiske debatten, men det lokale perspektivet må også introduserast. Fordi sjølv om kommunar heng etter, har likestilling også blitt formalisert her (Nagel, 1995:36). Kjønn var også eit tema i stemmerettsdebatten og diskusjonen om kvinners demokratiske deltaking, ein kamp som også føregjekk på det lokale, individuelle nivået (Danielsen et al., 2015). Det er også eit viktig moment at likestilling ofte blir snakka om i termar av deira nytteverdi (Skjeie og Teigen, 2003). Dette er særleg tydeleg på regionalt nivå, der arbeidet med likestilling har blitt knytt til forhold som lokaldemokrati, likeverdige tenester og ressursutnytting.

### **3. Korleis studere møtet mellom det nasjonale og lokale**

#### **3.1 Metodeval**

Eg har tatt utgangspunkt i kvalitativ metode for dette studiet. Kvalitativ metode har mange fordelar i at den er fortolkande, og at studiane bår pregast av teoretiske perspektiv som utviklast i analyse, og tidlegare forskning (Thagaard, 2013:193). Innanfor denne er det eit mål å studere ulike forståingar og perspektiv (Ibid.). Samtidig vil man forstå sosiale fenomen og få fordjupe seg i sosiale fenomen (Ibid.:11). Sjølv om eg tidleg visste at eg ville studere kjønnslikestilling, finnast det mange måtar å gjere dette på. Kvalitative studiar handlar ikkje nødvendigvis om å leite etter ei sanning, men heller å studere sosiale fenomen. Desse er viktige, fordi det i vertfall ifølgje konstruktivismen, er sosiale samanhengar som konstruerer vår kunnskap om verda (Thagaard, 2013). Derfor landa eg på å studere ulike aktørar sine likestillingsforståingar. Samtidig er kvalitativ forskning alltid i utvikling. Derfor vil eg vise forskingsprosessen og metodane eg bruker innanfor denne retninga.

Empirien består av dokumentar, og eg har derfor valt å bruke metoden dokumentstudiar. Dokumenta som er brukt som empiri er produsert for andre føremål enn forskning (Tjora, 2013:162). Slike dokument vil kunne seie noko om korleis aktørar vel å presentere seg sjølve, haldningar og verdiar dei har (Thagaard, 2013:58). Dei fleste av dokumenta eg analyserer er case-spesifikke, som dei politiske dokumenta og SSB si statistikk (Tjora, 2013:163). Dokument som datamateriale kan brukast til å analysere og å trekkje slutningar rundt aktørars idear og oppfatningar (Bratberg, 2017:11). Dei eignar seg altså godt til å studere likestillingsforståingar, bår dei som kommuniserast eksplisitt og implisitt i teksten. Samtidig gir dette nokre utfordringar. Eg skal tolke desse kjeldene, men eg kan ikkje vite om tolkingane eg gjer faktisk samsvarar med intensjonen til forfatarane av teksten (Ibid.:15). Dette gjer det ekstra viktig å være open rundt prosessen.

Casestudiar eignar seg bra for å få mykje informasjon om få, klart avgrensa einingar (Tjora, 2013:56). Eg har som nemnd tidlegare valt å gjere ei casestudie av ei kommune, som representerer det lokale i problemstillinga. Grunnen til at eg valte Førde er fordi dette er heimkommunen min, altså ein kommune eg kjenner godt og er interessert i å forske på. Førde er ein mellomstor kommune på Vestlandet, ein region som rutinemessig skårar bra på likestilling, men dårlegare på nokre andre områder. For eksempel skårar dei bra på ting som kjønnsfordeling blant leiarar, menn som tar ut fedrekvote og førehaldet mellom menn og kvinners inntekt. Samtidig skårar dei, som fleire andre kommunar, dårlegare når det gjeld kvinner i deltidsarbeid og kjønnsbalanse i offentleg sektor (Statistisk sentralbyrå, 2018).

I casestudier vil det alltid være eit spørsmål om generaliserbarheit utover den spesifikke casen, i dette tilfellet ein kommune. Sjølv om dei spesifikke funna som går på lokalkultur kan stå aleine, er det eit mål at dette studiet kan generere kunnskap utover berre den einheit som blir forska på (Ibid.:214). Eg har derfor som ambisjon at forståingane kan brukast utover berre Førde-casen (Ibid.). I casestudier vil det alltid være eit spørsmål om korleis funna kan være relevant for andre kommunar utanfor den spesifikke casen. Om funna blir sett i kontekst og metodeval blir bra reiegjort for, vil dette styrka gyldigheita deira. Det kan også auke moglegheita for at metoden kan bidra til auka fokus på forskingsfeltet om studiet mellom lokalsamfunn og det nasjonale.

Det er aktuelt å stille spørsmål rundt i kva grad forskinga i prosjektet er utført på eit påliteleg måte (Thagaard, 2013:201). For å styrke pålitelegheita vil eg vise forskingsprosessen som tek utgangspunkt i openheit rundt vala eg har tatt og tolkinga eg har gjort av materialet. Dette bør kunne vise om ein anna forskar vil kunne finne det same (Ibid.:202). Samtidig er eg open om at eg ikkje har ein stor distanse til materialet. Mi tolking av materialet er grunna i at eg studerer min heimkommune, måten eg har fått empirien på og at eg har ei særleg interesse for akkurat denne kommunen (Ibid.:206). Eg vil seie at dette styrker min analyse, og er eit eksempel for andre som kan utforske same tema, men det må nemnast i forbindelse med nøytralitet i forskingsprosessen (Ibid.:202). Likestillingsforståingane eg finn i empirien generert i Førde konteksten, kan bli tolka av meg på visse måtar fordi eg følar ei tilknytning til regionen (Ibid.:207).

Dette har styrka mi interesse i feltet, men opnar opp for spørsmål rundt validitet. Validitet handlar om korleis eg har tolka empirien, og i kva grad desse tolkingane er gyldige (Thagaard, 2013:204). Analysen vil alltid innehalde fortolkingar frå forskarens side (Ibid.). Spørsmålet er om dei er gyldige i førehald til det eg har studert (Ibid.:205). Analysearbeidet inneber i stor grad tolking, og utval og avgrensing av empirien er også gjort basert på mine oppfatningar rundt kva som er relevant. Måten eg har valt ut empirien på, casestudiet eg har valt og metoden eg har valt å bruke er alle spesifikt mine, og noko eg må eige. Derfor vil eg presentere forskingsprosessen, empirien min og analysemetoden eg brukar. Gjennomslutning rundt forskingsprosessen, mine tolkingar og kva som ligg til grunn for konklusjonane eg trekk vil forhåpentlegvis kunne gi styrke til analysefunna (Ibid.:207).

### 3.2. Val og avgrensing av empiri

Når eg då hadde valt å gjere ein casestudie av Førde og utforske spennet mellom nasjonale og lokale likestillingsforståingar innanfor denne regionen var spørsmålet: korleis velje den beste empirien til eit slikt prosjekt, når det var så mykje å velje mellom? Eg landa på tre empiritypar: politiske dokument og SSB

for å representere det nasjonale nivået, politiske dokument frå Førde kommune si likestillingspolitikk, samt medietekstar frå Firda, den lokale regionsavisa. Desse tekstane vil representere ulike diskursnivå i oppgåva. Likestillingsforståingar kan finnast i all empirien, men ulike forståingar kan eksistere på alle nivåa.

For det nasjonale nivået har eg valt å bae inkludere SSB sine artiklar og statistikk, og ulike politiske dokument frå den nasjonale politikken. SSB vil være inngongen til analysen med statistiske fakta om kjønnsbalanse i Førde, som ein innramming av den lokale situasjonen. SSB er valt som ein del av det nasjonale diskursnivået fordi dei har tyngde som ei truverdig nasjonal kjelde og produserer statistikk for heile landet. Kwart år publiserer dei statistikk over kjønnslikestilling i kommunane fordelt på utvala kategoriar. Slik statistikk er heilt nødvendig for dei som styrar politikk, styringsapparat og maktstrukturar (Schweder, 2001:309). Dette heng saman med at tall oppfattast som fakta om verkelegheita (Ibid.). Kategoriane SSB vel å fokusere på er heller ikkje tilfeldige. Dei har 12 indikatorar dei målar kjønnslikestilling i kommunane utifrå, inkludert dei 3 forskingsområda mine. Alle desse er val som er påverka av oppfatningar rundt kva likestilling er, og korleis dette skal målast. Der er igjen ein del av eit nettverk som påverkar dette i retur, og er derfor spennande å inkludere.

Det er ikkje tilfeldig at SSB vel akkurat deira indikatorar, og dette får også effektar i nasjonalpolitikken. Eg har valt å sette SSB sin statistikk og deira artiklar saman med politiske dokument som visar nasjonale likestillingsforståingar. Her vil eg ikkje studere dei med eit blick for partipolitikk, men heller kva idear rundt likestilling som finnast. Fleire av desse visar til statistikk frå SSB i utforming av politiske tiltak, noko som visar truverdigheita og viktigheita SSB har. Grunnen til at eg vel å ikkje inkludere media i denne forståinga, handlar om avgrensing av kva som er mogleg å studere, men ein anna grunn er at studiet av nasjonal medie- og politikk er ei masteroppgåve i seg sjølve. Føringane som kjem frå nasjonal politikk og SSB er ein del av eit formelt nettverk som det lokale responderer på, og det er mindre rom her enn i media for mangfald av stemmer og haldningar. Men vi kan anta at politikken som førast vil være eit resultat av ei viss konsensus, som eg meiner konstituerer ei diskurs som bae blir påverka av, men også påverkar andre stemmer i likestillingsdebatten.

Den andre empiritypen eg skal studere er politiske dokument frå Førde kommune. Som alle kommunar er lovpålagt etter likestillingslova, har kommunen retningslinjer, reglar og planar som visar haldningar og praksis knytt til likestilling, inkludering og diskriminering i Førde. Lokal likestillingspolitikk er interessant å sjå på fordi dei må respondere formelt på nasjonale krav om at dei arbeidar med likestilling. Samtidig er det stort spenn av korleis kommunar vel å følgje opp og arbeide innanfor dette lovverket (Egge-Hoveid, 2013).

Eg har fått tilgang til nokre av dokumenta som visar likestillingspolitikken til kommunen frå 2010 til i dag, og har valt ut dei mest relevante. Desse dokumenta er: «*Plan for å fremme likestilling og hindre diskriminering*» (2010), hovuddokumentet som visar strategien frå 2010 fram til i dag. Her presenterer kommunen deira arbeidsgjevarpolitikk. Dei har oversikt over område som løn, stilling, deltidsarbeid og sektor fordelt på kjønn. I eit bystyremøte i 2016 fulgte dei opp denne planen, og eg har tilgang til powerpoint-presentasjonen «*Arbeidet med likestilling og reduksjon av deltidsstillingar i Førde kommune. Orientering til bystyret*» (2016). Denne presentasjonen viser kommunens vidare likestillingsarbeid, og kva område dei fann viktig å følge opp. I tillegg kjem «*Utdrag frå interne rekrutteringsprosessar*» (2018), som viser kommunens interne retningslinjer når det gjeld forhold som utlysing av og tilsetning til ledige stillingar, særleg med eit perspektiv av ikkje-diskriminering. Desse interne dokumenta viser kva kommunen legg vekt på i utforminga av den lokale likestillingspolitikken, kva prioriteringar dei har og deira oppfatningar av den lokale situasjonen. Det er også spennande å studere desse når dei blir samanlikna med lokalopinionen.

Lokal opinion representerer ei anna dimensjon for lokalstudiet, som utdjuvar det lokale perspektivet i analysen. Denne dimensjonen vil bli representert gjennom avisinnlegg frå Firda, lokalavisa i regionen. Her har alle moglegheit til å uttale seg om sakar som er viktige for innbyggjarane, og denne avisa blir også lest av politikarar og andre som formar likestillingspolitikken. Avisar kan også være ei viktig kjelde når man vil finne haldningar og utviklinga av sakar (Kjelstadli, 2000:165). Derfor meiner eg at diskursen som kjem fram i desse er relevant å analysere. Medietekstar er særleg relevante å analysere fordi dei er tovegs. Det er ei inngong til korleis folk tenkjer, men medietekstar er også med på å skape visse fortolkingsrammar rundt korleis vi tenkjer om kjønn og feminisme (Sørensen, 2015:246).

Måten eg har valt ut tekstane på er å søke etter nøkkelord relevante til kvart kapittel i Firda si søkemotor, som deltid/kvinner eller pappaperm/fedrekvote. Desse har fått fleire treff, som eg har skim-lest igjennom, og deretter valt ut eit par artiklar som eg analyserer i kvart kapittel. Kvar artikkel som blir presentert representerer fleire artiklar med liknande argumentasjon og perspektiv. Eg har starta søket av artiklar i 2010. Dette er både for å avgrense kjeldematerialet, men også fordi kommunens politiske dokument som eg analyserer startar i 2010. Firda-søket er i større grad enn dei to andre empiritypane, styrt av kva eg finn interessant allereie i analysen. Når eg fekk eit blick for at dei alle fleste problemforståingane i empirien handla om valfridom eller samfunnsstrukturar, valte eg ut artiklar som viste slike ulike forståingar. For eksempel har eg plukka ut artiklar som eg merkar meg fordi dei enten går saman med eller imot kommunens perspektiv eller den nasjonale diskursen, og kva diskursive mønster dei representerer. Måten dette er



gjort på reiser spørsmål rundt reliabilitet, sidan eg er klar over at andre forskarar kunne ha valt andre artiklar.

Avgrensing av empirien har vært eit spørsmål gjennom heile forskarprosessen, og vært ein kontrast til dei overordna ambisjonane til prosjektet. Kva som er mogleg å gjere innanfor ei masteroppgåve med dette omfanget har vært styrande. Eg har lest tekstane grundig og jobba etter ein induktiv metode, som inneber at eg har latt empirien min generere teori heller enn å ta utgangspunkt i eksisterande teori (Thagaard 2013.:197). Metoden er empiri-driven, og analysen byggar i stor grad på det eg får ut av lesinga av dokumenta gjennom induktiv forskning (Thagaard, 2013:199). Eg har hatt ei første, ‘naiv’ lesing av dokumenta og fått ei følelse for kva dei har å seie. Deretter har eg jobba meir systematisk med tekstane med eit konkret metodegrep. Når eg har tatt grundige gjennomlesingar av empirien, har det vært ein fordel at eg ikkje har hatt ei fast oppskrift som styrar mi empirilesing, men heller har latt empirien generere teori. Eit slikt fleksibelt teoretisk rammeverk har vært eit bra verktøy for å ha ei undrande tilnærming, og det har gitt meg fridomen til å drive empiridreven forskning som har fungert bra i analysearbeidet.

Sidan eg hadde avgrensa med politiske dokument frå kommunen, har eg latt dei vert viktige utgangspunkt for kva analyseområde eg har valt meg. Empirien på det nasjonale nivået og lokal opinion har så blitt valt ut og studert. Slik kunne eg velje ut dei politiske dokumenta som diskuterte temaet, og også dei medieartiklane som eg synast var interessante. Samtidig var også mangel på lokalpolitikk og stort fokus i dei andre empirinivåa eitt interessant funn, som eg vil kome tilbake til i analysen. Deretter fekk eg meir klarheit i kva eg leitte etter, og slik fant eg dei medieartiklane eg enda opp med å bruke. Ved å bruke denne undrande tilnærminga har eg kunne stille mange spennande spørsmål, som: Kva diskurs er det som har hegemoni innanfor dette området? Kva forståing ligg til grunn for formuleringa? Kva byggjar denne argumentasjonen på? Kva er maktstrukturane mellom det lokale og det nasjonale, og kven har hegemoni? I oppgåva skal eg studere korleis samspelet mellom desse kjeldene går føre seg når likestillingsforståingar møtast i spennet mellom det nasjonale og lokale nivået. Dette vil studerast gjennom eit diskursanalytisk blikk.

### 3.3 Intertekstualitet og problemkonstruksjonar

Eg nemnde tidlegare at det er nyttig å plassere denne oppgåva innanfor konstruktivismens syn på kunnskap. Dette er særleg nyttig, fordi ifølgje postmodernismen har språket ei stor viktighet for korleis vi oppfattar verkelegheita (Thagaard, 2013:44). Derfor passar det bra at eg har valt å bruke analysemetoden diskursanalyse for å studere likestillingsforståingane på det nasjonale og lokale nivået. Her har eg valt å bruke Fairclough (2013) sin kritiske

diskursanalyse, og Bacchi (2012) sin What's the problem represented to be (WPR) metode.

Sidan diskursanalyse ikkje kan brukast som analysemetode utan å forklare deira teoretiske og metodologiske grunnlag, må eg byrje med dette (Jørgensen og Phillips, 1999:12). Grunnprinsippa til kritisk diskursanalyse er knytt til at den finnast under sosialkonstruktivismen, noko som inneber at det ikkje finnast ei objektiv sanning (Ibid.:13). Vi skapar verda gjennom diskursiv handling, der vår vita om verda blir sosialt konstruert (Ibid.:14). Vår tilgang til verkelegheita går gjennom språk (Ibid.:17), noko som aldri er ei nøytral prosess (Ibid.:18). Det er altså nyttig å studere diskurs som folk sin verkelegheit og forståingar, heller enn å prøve å fange verkelegheita på andre måtar.

Under denne forståinga har eg valt å bruke Fairclough si kritiske diskursanalyse som analysestrategi, slik Fairclough beskriv si metode (2013), og slik han blir tolka av Jørgensen og Phillips (1999). Her blir diskurs forstått som ein måte å snakke på som gir betyding til opplevingar frå eit spesielt perspektiv. Det bidrar til å konstruere sosiale identitetar, relasjonar og meningssystem (Jørgensen og Phillips, 1999:79). Diskurs er tovegs: Den bidrar til å forme sosiale strukturar og prosessar, men den avspeglar den også (Ibid.:73). Diskurs blir både produsert og konsumert av alle, og dette er ein del av den sosiale praksisen der man gir mening til vår sosiale verd (Ibid.). Ein viktig del av dette er moglegheita til forandring, der maktrelasjonar og strukturar blir endra så vel som reprodusert av diskursar (Ibid.:79). Det man skal analysere er ikkje diskurs sjølv, men enten det dialektiske forholdet mellom diskurs og andre objekt, eller den interne relasjonen i diskurs (Fairclough, 2013:4). Diskursar har altså både interne og eksterne relasjonar (Ibid.:3).

Under denne retninga har diskurs tre faktorar ved seg: Den er relasjonell i at man studerer sosiale relasjonar, ikkje individ, noko som inkluderer relasjonar mellom folk. Diskurs handlar i seg sjølv om kommunikasjon mellom folk, men kan også ta form av kommunikasjon igjennom for eksempel avisartiklar (Fairclough, 2013:3). Den handlar også om relasjonar mellom objekt som institusjonar og maktrelasjonar, som heng saman i sosial praksis. Det diskurs tar med seg i desse relasjonane er mening og meningsskaping, i dette tilfellet korleis meiningar rundt kjønnslikestilling blir produserte og reproduserte. Diskurs kan være ei integrert del av eit system, som for eksempel korleis ein kommune opprettheld makt, noko som blir produsert og oppretthaldt gjennom diskurs. Det kan og avdekkast gjennom å studere dialektiske relasjonar, men ikkje gjennom å studere diskurs i seg sjølv. Man må analysere dialektiske relasjonar mellom diskurs og andre element og det interne i ein diskurs. Derfor er det nyttig å gjere som eg gjer, å studere ulike diskursnivå opp mot kvarandre (Fairclough, 2013). Når eg gjer ei kritisk diskursanalyse vil eg altså studere kva ei diskursorden inneheld av innhald, men også kva forhold den kan seiast å ha til dei andre tekstane. Ulike diskursar

kan eksistere innanfor ein tekst, eller mellom dei, og være i konkurranse med kvarandre (Ibid.).

Tekstanalyse er eit av analysegrepa Fairclough introduserer, og det er dette grepet eg vil bruke mest konkret i analysen. Tekstanalyse består av både interdiskursivitet og lingvistisk analyse av språkbruk (Fairclough, 2013:7). Desse to heng saman; korleis interdiskursivitet skjer heng saman med konkret bruk av lingvistikk, som gjer at mikro-analyse av tekst kan koplast til større perspektiv. Under tekstanalyse har eg valt meg eit analyseapparat som består av intertekstualitet og interdiskursivitet, for å studere underliggende maktstrukturar og hegemoni. Før desse begrepa kan brukast i ei tekstanalyse, må det reiegrerast for dei.

*Interdiskursivitet* er ein viktig del av tekstanalysen til Fairclough. Ei interdiskursiv analyse ser på korleis diskursar det dregest på i ein tekst, og korleis dette blir artikulert (Fairclough, 2013:7). Interdiskursivitet handlar om at man kan endre ei diskursorden ved å trekkje på andre, utanforståande diskursordenar. Slik kan man enten føre til sosial endring eller oppretthalde eit hegemoni, i dette tilfellet innanfor likestillingsforståingar (Jørgensen og Phillips, 1999:84). Interdiskursivitet er ei form for intertekstualitet, som inneber at ein tekst trekk på tidlegare tekstar og bindast saman gjennom at visse element blir inkorporert i desse tekstane (Ibid.). I den intertekstuelle prosessen har nokre diskursar meir gjennomslagskraft enn andre, noko som gjer at den har potensiale for både stabilitet og ustabilitet (Ibid.). Måten eg vil bruke desse to grepa i analysen på er å analysere korleis likestillingsdiskursar blir oppretthaldt eller endra intertekstuel, ved å sjå på dei lingvistiske aspekta og korleis dei ulike diskursane spelar interdiskursivt saman. Ut ifrå det lingvistiske fokuset vil eg sjå på kva ord og uttrykk som reproduserast både implisitt og eksplisitt. Desse analysemetodane vil kunne vise underliggende hegemoni og maktrelasjonar.

Diskursordenar er ein del av ein *hegemonisk* kamp (Fairclough, 2013:28). Alle diskursar er ein del av ein strategi for endring som blir kjempa fram av visse grupper, og nokre av desse vil bli dominante, eller hegemoniske (Fairclough, 2013:18). Forskjellege diskursar er i dialog eller konkurranse, for eksempel i politikken, og nokre av desse vil bli marginaliserte, medan andre blir dominante eller hegemoniske (Ibid.:19). Dette visast særleg i at det finnast ein hegemonisk likestillingsforståing i Norge i dag. Visse diskursordenar kan være ein del av ein hegemonisk kamp innanfor ein institusjon, (Ibid.:28). Dette er ikkje stabilt, men ein del av ein forhandlingsprosess der man skapar eit meiningskonsensus (Jørgensen og Phillips, 1999:87). Hegemoni-begrepet heng saman med makt, sidan makt er hegemoni (Fairclough, 2013:28). Makt ligg ikkje i tvang, men heller i å dominere diskursen.

*Maktrelasjonar* blir produserte og reproduserte gjennom diskurs. Makt er ikkje reduserbart til diskurs, men dei to er element i den sosiale prosessen. Dei heng saman, og diskurs kan bli internalisert i maktrelasjonar (Fairclough, 2013:4).

Makt og diskurs heng altså saman, og ei viss diskurs kan være med på å forme, oppretthalde eller rive ned maktrelasjonar (Ibid.:27). Dette er relevant for denne oppgåva fordi maktrelasjonar heng saman med hegemoni, og kan analyserast fram for å finne dei diskursive spenningane som ligg i materialet. Mangelen på stabilitet i hegemoniforståinga gjer den også til ein spennande del av analyseapparatet for ei samspelsanalyse. Dette er viktig å få fram fordi diskursive aspekt av maktrelasjonar er eit viktig søkelys for Fairclough (2013).

Ved bruk av kritisk diskursanalyse må man også avklare det som kan være eit analytisk problem med val av denne analysemetoden: Faircloughs uklare skilje mellom diskurs og ikkje-diskursive praksisar. Dette uklare skiljet har vært ein kritikk mot kritisk diskursanalyse (Jørgensen og Phillips, 1999). I denne oppgåva vil eg helde meg til ei rein diskursanalyse med eit lingvistisk fokus i tekstanalysen. Men det er verdt å merke seg at diskurs og ikkje-diskursive praksisar påverkar kvarandre (Ibid.), særleg fordi delar av det eg analyserer inneheld politikk, som er eit samfunnsområde der problemforståingar er avgjerande for tiltak som utformast (Borchorst og Dahlerup, 2003:185). Det er eit dialektisk forhold mellom desse to (Fairclough, 2013:13). Diskurs og sosial praksis heng altså saman sjølv om det er eit analytisk skilje under Fairclough, noko som er nyttig å ha i bakhovudet. Det er spesielt interessant å kombinere diskursanalyse og likestillingspolitikk fordi diskurs set rammene for politikk (Ibid.:18).

Kritisk diskursanalyse er valt som analysetilnærming fordi denne analysemetoden gir eit analyseapparat som er kritisk og utforskande til materialet. Det er særleg spennande å sjå på makt og hegemoni når eg skal analysere fram førehaldet i det diskursive spennet mellom den nasjonale og lokale diskursen. Fairclough (2013) si analysemetode vil bli brukt for å tyde store diskursorden i materialet. Vi såg i det førre kapitlet at to viktige likestillingsforståingar som har vært i kamp gjennom historia har vært mellom likestilling som valfridom, eller noko som må sikrast av å sjå kritisk på samfunnsstrukturar. Gjennom diskursperspektivet representerer desse to ulike diskursorden som er i konkurranse med kvarandre både mellom ulike nivå, men også innanfor dei same rammene (Fairclough, 2013).

Fairclough meiner at diskursar får politiske betydingar, fordi diskurs påverkar korleis man snakkar om eit problem, og altså korleis man konstruerer eit problem, som igjen påverkar kva tiltak man sett inn (Fairclough, 2013). Samtidig behandlar eg politikk som ein diskursprodusent i analysen, som både produserer ei viss diskurs, men også reproduserer den, i ein to-vegs prosess (Ibid.). Dette heng saman med det andre analysegrepet eg brukar i analysen: Bacchi (2012) sin analysemetode WPR (what's the problem represented til be?). Måten denne problemkonstruksjonsmetoden er brukt på er, som Bacchi sjølv vil, å byrje med løysinga som blir føreslått, og studere denne for å finne ut kva som blir oppfatta som problemet. Der ei løysing blir føreslått, må det være eit problem, eller noko som trengst å fiksast (Bacchi, 2012:21). Dette går saman med Fairclough sin idé om at korleis man oppfattar eit problem, som blir konstruert gjennom diskurs, får

faktiske politiske konsekvensar (Fairclough, 2013). Måten problem blir produsert på påverkar subjektivitet, altså korleis man ser på seg sjølv og andre (Bacchi, 2012:22).

Dette inneber at problemløysingstiltak ikkje er styringsmakter sitt beste verktøy for å løyse problem, men at politikk *konstruerer* problem (Bacchi, 2012:22). Problem er ikkje berre eksplisitte, fiksa, men noko vi kan studere og problematisere. Offentlegheita blir påverka og styrt ikkje av konkret politikk, men av problemforståingar (Ibid.). Dette er særleg nyttig for min analyse, der eg vil studere korleis diskursen i politikken blir påverka av og påverkar offentleg bevisstheit, enten det er gjennom lokal politikk eller offentleg opinion. Det inneber ikkje ein relativistisk tru på at ein person si verkelegheit er like bra som den andre, men at politikken problemforståingar får konsekvensar (Ibid.). Dette heng saman med ideen om at å utforme politikk og definere problem inneber makt, noko som gjer det ekstra viktig å kritisk studere maktnettverk og kven som får hegemoni.

Problemstillinga mi skal forskast på ved hjelp av forståing for makt, hegemoni og intertekstualitet som kritisk diskursanalyse hjelp med. For å kunne studere den praktiske politikken, lar eg meg også inspirere av analysemetoden til Bacchi (2012) for å utleie tre forskingsspørsmål. Spørsmåla skal svarast på med hjelp av den empiriske undersøkinga, og bidra til å belyse problemstillinga. Bacchi (2012) introduserer 6 spørsmål, men eg har valt å heller la meg inspirere av hennar metode, og utvikle 3 meir generelle forskingsspørsmål som eg bruker i analysen. Talet på spørsmåla er redusert til 3 fordi eg kombinerer dette med ein anna analysestrategi. Dei tre spørsmåla mine er formulert ganske generelt for at eg skal kunne famne breitt, sidan eg har antatt frå byrjinga at det kan være veldig ulike likestillingsforståingar i spel på dei tre nivåa. For å ikkje miste nokon, har eg valt desse tre:

1. Blir deltidssarbeid/fordeling av foreldrepermisjon/kjønn i leiing oppfatta som eit likestillingsproblem?
2. Korleis blir problemet oppfatta?
3. Kva effektar får dette i politikkkutforminga?

Desse tre spørsmåla har vist seg relevante å stille både på det nasjonale og lokale politiske nivået. Bacchi (2012) introduserer denne analysemetoden for policy-studiar, men den er ikkje avgrensa til berre politikk. Eg vel å stille dei tre spørsmåla særleg når det gjeld det nasjonale og lokale politiske nivået, men eg introduserte det også i analysen av medietekstane i leiingskapittelet fordi det var relevant i analysen. Ved å stille desse spørsmåla i kvart kapittel kan eg supplere ei kritisk diskursanalyse som ser på makt og hegemoni med problemforståingar i likestillingsforståingar, noko som har gitt ei ny dimensjon i analysen. Ved å stille desse tre spørsmåla, vil analysen vise at kvar einaste løysing inneber ei viss problemforståing, som igjen er knytt til ein av dei konkurrerande

likestillingsforståingane. Måten eg konkret skal bruke det på i analysen er å sjå etter interdiskursive mønster, eller mangel på det, og supplere med problemforståing for å finne likskapar og forskjellar, med ambisjon om å kunne seie noko om korleis den nasjonale konteksten påverkar det lokale.

Bacchi er opptatt av policy-studiar, men eg skal ikkje avgrense meg til politiske dokument i diskursanalysen. Det er ikkje berre deira diskursive innhald eg leiter etter, men korleis desse påverkar og blir påverka av nasjonale og lokale forhold. Fairclough argumenterer for at det er verdt å studere mediediskurs, ettersom medieartiklar også er ein del av nettverket som påverkar diskurs, med lokale maktstrukturar i bakgrunnen (Fairclough, 2013). Med dette perspektivet kan eg utforske spørsmål rundt ting som kva diskurs som er hegemonisk i lokalmedia, kva effektar får det når valdiskursen får politisk hegemoni over strukturdiskursen? Vil dette få effektar for kva likestillingstiltak som implementerast? I tillegg til dette vil eg studere dei ulike aktørane sin problemkonstruksjon innanfor likestillingsområda, fordi vi allereie har sett ovanfor at problemforståing påverkar politiske perspektiv (Bacchi, 2012).

Likestillingsforståingane våre har oppstått i ei spesiell kulturell og politisk kontekst, noko som påverkar korleis diskursspelet går føre seg. I materialet vil eg undersøke korleis desse konkurrerande diskursorden utspelar seg, og studere kven som har hegemoni på kvart empirinivå. Deretter vil eg knyte dette til maktstrukturar og setje det i kontekst med det som skjer i den nasjonale diskursen, lokal likestillingspolitikk og lokal offentleg opinion. Denne framgangsmåten passar til ideen om at diskurs er tovegs, med gjensidig påverknad mellom det nasjonale og lokale nivået (Fairclough, 2013). I diskursanalysen blir det spennande å studere korleis dei reproduserast og korleis diskursane er baa i spel med og i konkurranse med kvarandre.

### 3.4 Samspelsanalyse

Eg vil altså gjere ei intertekstuell analyse av empirien min, og saman med tre spørsmål knytt til problemkonstruksjon- og forståing utforske likestillingsforståingar over 3 nivå: nasjonal diskurs, lokal likestillingspolitikk og lokalmedia i Førde kommune. Eg vil førehalde meg kritisk til dei og bruke deira grep slik det best passar for prosjektet. Denne analysestrategien har eg valt å kalle samspelsanalyse.

Eg kallar analysen min samspelsanalyse fordi eg brukar analysemetodar utvikla av to teoretikarar innanfor diskursanalyse. Eg hadde i utgangspunktet planlagt å bruke Fairclough aleine, og hans metodegreip intertekstualitet er framleis det verktøyet eg nyttar mest i analysen. Samtidig var eg nysgjerrig på Bacchi sin problemkonstruksjonsmetode, og problemforståing var også eit ord som kom opp fleire gonger i studiet av lokalpolitikk. Problemkonstruksjonar er også ei måte å

studere problemforståingar til aktørar på, og eg følte derfor at dette ville føre til eit nytt perspektiv på materialet, som supplerte og ikkje kom i konflikt med Fairclough.

Med andre ord skal eg ikkje berre studere problemkonstruksjonar eller hegemoniske diskursar når det gjeld likestilling i det nasjonale eller lokale nivået, og heller ikkje berre likestillingsforståingar på kvart nivå. Eg vil derimot utforske korleis desse spelar saman. Ved å ta for meg kvart nivå: nasjonal, lokalpolitisk og i lokalmedia, analyserer eg fram hegemoniske likestillingsforståingar på kvart område. Deretter har eg ei eiga samspelsanalyse der eg ser på samspelet mellom dei. I spennet mellom dei ligg makt mellom det nasjonale og lokale, meiningsskaping i ulike kontekstar, dei to ulike forståingane av valfridom og samfunnsstrukturar, og kamp for hegemoni mellom dei på områda deltid, fordeling av foreldrepermisjon og kjønnsfordelt leing. Med eit slikt blick kan eg studere førehaldet mellom det lokale og det nasjonale i eit diskursnettverk. Eg bruker dei same analysegrepa på alle tre nivåa for å få fram likestillingsforståingane som er i spel. På kvart nivå finn eg at nokre likestillingsforståingar har meir gjennomslag enn andre (Fairclough, 2013). Desse blir enten møtt eller utfordra på dei andre empirinivåa utover i analysen. Til slutt i kvart kapittel vil eg gjere ei samspelsanalyse av alle diskursane, og sjå på kven som har hegemoni, korleis dei er i konkurranse med kvarandre, korleis ulike argumentasjonar legg opp til visse diskursar, og knyte desse til maktstrukturar i samfunnet.

Fairclough si kritiske diskursanalyse er særleg nyttig for å sjå på tema som makt, hegemoni og diskursiv meiningsskaping. Samtidig er problemforståingar nyttige fordi konstruksjonar rundt problem visar aktørane si forståing. Konstruksjon av problem er ikkje nødvendigvis noko som skjer strategisk og bevisst verken på det nasjonale eller lokale nivået, men det kan påverkast av ting som identitet og interesser (Bacchi, 2012). For eksempel kan den nasjonale diskursen være prega av høg grad av idealisme og å setje vidløftige mål, medan kommunar er ein lokal arbeidsplass og opptatte av ting som verdiskaping og lokalutvikling. Slik diskurs påverkar politiske tiltak, men det får også effektar på offentlegheita. Derfor er det særleg interessant å inkludere diskursanalyse av offentleg lokal opinion (Ibid.) Eg vil la meg inspirere av Bacchi til å stille eit par konkrete spørsmål rundt materialet: Innanfor kvart område, forståast dette som eit likestillingsproblem? På kva måte? Kva effektar får dette i politikken? Analysegrepa vil brukast litt ulikt i dei ulike kapitla, avhengig av kva som er viktig. For eksempel er Bacchi sin tilnærming meir relevant når politikken er fokuset, medan Fairclough sine diskursordenar er særleg relevant for å sjå mønster i dei tre ulike nivåa. Samtidig heng alle empiritypane saman i at dei alle inneheld prosesser av meiningsskaping når det gjeld likestillingsforståingar, påverka av lokale og nasjonale maktstrukturar, som går an å studere i eit diskursanalytisk perspektiv.

Eg har sjølv sett saman denne samspelsanalysen med utvalet av analysegrep. Den er utforma med ein ambisjon om at den skal kunne være eit bidrag til metodediskusjon. Feminist- og kulturstudiar har sjølv vært banebrytande som tverrfaglege forskingsarenaer (Spilker, 2008:65). Metodevariasjon er ei fagleg styrke for å studere kultur, som er eit felt i stadig endring og ofte med uklart definerte forskingsobjekt (Ibid.). Å bruke ei slik samspelsanalyse som eit reiskap for å studere førehaldet mellom det lokale og det nasjonale når det gjeld likestillingsforståingar, kan seiast å være eit bidrag til begrepet 'multi-sited ethnography', som eit bidrag til metodediskusjonen innanfor kulturstudiar (Ibid.). Denne oppgåva er eit forsøk på å utvikle ei slik tilnærming, innanfor rammene av ei masteroppgåve. Målet er at den skal kunne famne breiast mogleg over dei tre ulike empirinivåa innanfor likestillingsområda, og eg håpar tilnærminga vil kunne brukast og vidareutviklast av andre i framtida. Særleg blir det aktuelt å bruke liknande metodeverktøy, men flytte casen til ei anna kommune, og det er også mogleg å flytte forskingsfokuset til andre likestillingsområder. Eit slikt studie, med liknande metodebruk på ein anna kommune vil kunne generere fleire funn som bidrar til forskinga på spennet mellom det nasjonale og det lokale.



## 4. Kjønnna deltidsarbeid

### 4.1 Nasjonalt rammeverk: Kvinners deltidsarbeid er eit likestillingsproblem

Som nemnd ovanfor, publiserer SSB kvart år statistikk over kjønnslikestilling i kommunane. Dei målar deltidsarbeid i samanheng med likestilling ved å sjå på forholdet mellom delen menn og kvinner som jobbar deltid (Statistisk sentralbyrå, 2018). På indeksen over kjønnslikestilling i kommunane frå 2017 var deltid blant kvinner punktet Førde skåra dårlegast på i heile tabellen, med berre 0,34 frå ein skala frå 0-1 der 1 indikerer perfekt kjønnsbalanse, og 0 indikerer maksimal ulikskap (Statistisk sentralbyrå, 2018). Det vil seie at i Førde er det mange kvinner som arbeidar i deltidsstillingar. Dette er ikkje noko som er unikt for denne kommunen; Norge er blant dei landa i Norden med høgast del av kvinner som jobbar deltid (Selmer-Anderssen, 2018).

Det blir i den nasjonale diskursen anerkjend at ei deltidskultur kan handle om ting som høg arbeidslivsbelastning i typiske kvinneyrke (NOU 2012:15, s.176). Helsesektoren er for eksempel den som kjem dårlegast ut på å legge ut heiltidsstillingar, og dette er ei stor kvinnearbeidsplass. Ved å dra inn Fairclough sin idé om makt kan man her legge til ei dimensjon om kjønsmakt, i at kvinner arbeider i ei sektor som har låg status, men hardt arbeid. Det er ikkje sikkert at alle kvinner vil ynskje å jobbe fulltid i helsesektoren, då arbeidet er krevjande og vil innebere mykje turnusarbeid, og deltid er eit aspekt av eit kjønn arbeidsmarknad (NOU 2012:15, s.178). Då må man tenkje nytt rundt forståinga av deltid som eit problem, og heller anerkjenne at det er problematisk, ved å vise at det går utover forsørgjarevne for seg sjølve og karrieremoglegheiter (Ibid.:180). Deltid er ei kjønn arbeidskategori som handlar om tilknytning til arbeidsliv, arbeidsprioritering i heimen og økonomisk sjølvstende (Ibid.:33). Deltidsarbeid blir omtala som ei stor likestillingsutfordring som handlar om ting som karrieremoglegheiter, løn og pensjonsrettar. Omfanget av deltidsarbeid kan også seie noko om lokale moglegheiter i arbeidsmarknaden (Hamre, 2016).

Måten deltid blir omtalt på, gjer at området blir plassert i ei likestillingsdiskurs som handlar om balanse, kvinners økonomi og arbeidsfordeling i heimen. Det blir ikkje sett tvil om at det at kvinner er overrepresentert i deltidsarbeid er eit likestillingsproblem, og at det blir omtalt som noko negativt. At kvinner jobbar lengre deltid enn menn, og at Norge ligg på Europatoppen når det gjeld kvinnelege deltidsarbeidarar, blir sett i kontrast mot høg sysselsetting av kvinner, som blir presentert som noko positivt (Lohne og Rønning, 2005). Deltid blir definert som noko som avvik frå arbeids-norma av full tilsetting frå utdanning til pensjon (NOU 2012:15, s.172). Ufrivillig deltid blir beskrive som marginaliserande, og då er det særleg negativt at Norge har mange kvinner som går i deltid (Ibid.). I

tillegg til at dette viser at full sysselsetting blir sett på som eit viktig likestillingsmål, blir deltid behandla som ein kjønna arbeidskategori (Ibid.:33).

Dette visar kor sterk arbeidslinja er innanfor den hegemoniske nasjonale likestillingsforståinga. Måten deltidarbeid blant kvinner blir vist til som eit problem, er å knyte den til svakare økonomi og fotfeste i arbeidslivet, noko som bekreftar at full tilknytning til arbeidslivet for kvinner er eit viktig politisk mål. Det har blitt sett spørsmålsteikn ved om kvinners deltidarbeid er utelukkande negativt, men den hegemoniske forståinga legg sterkt opp til at det er problematisk slik arbeidsmarknaden fungerer i dag (Hallandvik og Olsen, 2011:28). Dette støttar opp om det nordiske likestillingsidealet. For eksempel skil ikkje SSB mellom frivillig og ufrivillig deltidarbeid i si statistikk, men den nasjonale politikken skil mellom undersyssette og dei i ufrivillig deltid (NOU 2012:15:182). Det dei har til felles, er at det ikkje blir sett spørsmålsteikn ved om deltid er negativt for kvinner, eller noko som bør rettast opp. Det som skjer er at deltid blir tatt for gitt og ikkje problematisert som eit likestillingsområde. Eg tolkar det som at det skjer ei viss 'lukking' av deltid som eit nasjonalt likestillingsproblem.

Når det gjeld problemforståing, er det då klart at deltid blir oppfatta som eit likestillingsproblem i den nasjonale diskursen. Lingvistisk ordbruk viser det eksplisitt og implisitt, ved å for eksempel spørje om dette handlar om skeivfordeling i ansvaret for omsorg for born (NOU 2012:15, s.173). Det er meir interessant å studere korleis problemet blir oppfatta. Som nemnd ovanfor, blir deltid knytt til forhold som balanse i arbeidslivet, fordeling av omsorg og arbeid, og økonomisk makt. Mangelen på heiltidsarbeid blant kvinner blir sett i saman med strukturelle kjønna problem i arbeidslivet (NOU, 2012:15). Dette viser ei implisitt likestillingsforståing som vi kan kjenne igjen frå den nordiske likestillingsmodellen: Det er eit problem at kvinner ikkje deltar i arbeidslivet på lik linje med menn, fordi full deltaking i arbeidslivet blir sett på som eit likestillingsmål. Då er likestilling forstått som balanse i arbeidslivet, at begge kjønn skal delta på lik linje. Denne forståinga blir usynleg når du lever med den, og derfor er det nyttig å ta eit steg tilbake for å finne ut at dette i seg sjølv er ei tolking av likestillingsbegrepet. At kvinner i deltid blir forstått som eit problem viser at fulltid er målet. Effektane denne problemforståinga får i likestillingspolitikken, er at det blir lagt opp til å rette opp ei ubalanse som skal leggje til rette for fulltidsarbeid blant kvinner. Problemforståinga er altså rota i eit arbeidsorientert ideal, der deltid blir politisk produsert som eit problem med korleis folk lever liva sine (Bacchi, 2012:22).

Dette får vidare betydingar for kommunane i landet. Som nemnd blir SSB i denne oppgåva behandla som ein diskursdimensjon utover rein statistisk fakta, og det at dei vel å bruke deltidarbeid som ein kategori for å måle kjønnslikestilling i kommunane er ikkje eit nøytralt fakta, men eit funn. Dette heng saman med den nasjonale diskursen som sett deltidarbeid høgt som eit likestillingsproblem, og

som SSB er ein del av ved å bruke deltid som ein likestillingsindikator. Frå eit maktperspektiv kan dette seie noko om forholdet mellom det lokale og nasjonale når det gjeld kva diskurs som har hegemoni. Det er grunn til å spørje om kva måte dette utspel seg på. Sjølv frå eit maktnettverksperspektiv kan vi ikkje seie noko sikkert om kven som har mest makt av det lokale og det nasjonale, men ei nasjonal diskurs som legg stor vekt på kvinners deltidsarbeid som problematisk frå eit likestillingsperspektiv, legg også visse rammar for landets kommunar. Samtidig har kjønnsdelt statistikk også viktig tydnad for kommunanes likestillingsarbeid (KUN, 2010). Eit eksempel på dette er at SSBs likestillingsindeks har hatt betyding for kommunars arbeid med deltid (Hallandvik og Olsen, 2011:14). Eit aktuelt spørsmål å stille er om kommunar hadde valt å arbeide med deltidsproblematikken om det ikkje var eit tema i den nasjonale diskursen. Det diskursive innhaldet gjer at deltid blir lukka som eit likestillingsområde, der problemforståinga ligg i at kvinners manglande deltaking i arbeidslivet er eit problem i vårt arbeidslivsorienterte samfunn. Men det er relevant å spørje i grad dette blir reproduisert på det lokale nivået i Førde kommune.

## 4.2 Deltidsarbeid: Hegemoni i den lokale likestillingspolitikken

Som vi såg i innleiinga av denne oppgåva, har kommunar plikt til å aktivt arbeide for likestilling. Men vi veit at mange kommunar heng bak, og det er store forskjellar i kva form likestilling eksisterer i lokalt (Egge-Hoveid, 2013). Derfor er det særleg interessant å studere spørsmålet om korleis likestillingsforståingar kjem til uttrykk i spennet mellom det nasjonale og det lokale. I den nasjonale diskursen har deltid blitt lukka som eit likestillingsområde, men kva skjer på det lokale nivået? For å studere dette vil eg byrje med den lokale likestillingspolitikken. Eg har valt ut sentrale dokument som visar likestillingspolitikken i Førde frå 2010 til i dag, og som kan vise kva diskurs som er produsert rundt deltid som likestillingsområde i Førde. Eg vil presentere både deira innhald og sjå korleis dei heng saman intertekstuel og interdiskursivt, og korleis deltid som eit likestillingsproblem kjem til uttrykk.

«Plan for å fremme likestilling og hindre diskriminering» frå 2010 er det foreløpige hovuddokumentet i kommunens likestillingspolitikk. Den opnar med å skrive at den er utarbeida i samsvar med plikta til likestillingslova. Dokumentet reiegjer for kjønnsbalanse i Førde med kommunen som arbeidsgivar. Fleire problemstillingar blir diskutert her, som etnisitet, alder og funksjonsnedsetting, men under kategorien kjønn var det desidert deltidsarbeid som fekk mest merksemd. Blant anna blei det vist til statistikk over at kvinner jobbar mykje meir deltid enn menn i Førde. Dårleg løn blant kvinner blei sett i samanheng med deltidsarbeid (Førde kommune, 2010). Kommunen hadde ei undersøking i 2008 om ufrivillig deltid. Sjølv om det var ei for låg svarprosent til at det kan trekkjast nokre konklusjonar ut av dette, visar dette politisk prioritering (Ibid.).

I kommunen utgjer deltidsstillingar 51% av alle stillingane, men visse sektorar som helse og omsorgssektoren dominerer, noko som er typisk ikkje berre for denne kommunen. U-ynskja deltid er det einaste som får eit eiga punkt under kommunens likestillingstiltak. Kommunen hevdar at dei i dei siste åra har satt fokus på u-ønska deltid i eit likestillingsperspektiv, men anerkjenn også at kvinner kan ynskje å gå i deltid (Ibid.). Det er interessant at kommunen vel å presentere dette som problematisk. Kommunen har også fleire gonger forsøkt å kartlegge deltidsarbeidet blant deira tilsette, noko som viser at dette er eit fokusområde i deira politikk. Likestilling blir også knytt til auka trivsel og lågt sjukefråvær (Ibid.). Dette visar at dei har eit nytteperspektiv på likestilling i likskap med fleire andre kommunar.

«Arbeidet med likestilling og reduksjon av deltidsstillingar i Førde kommune. Orientering til bystyret» (2016). Denne teksten er ein Powerpoint-presentasjon som viser kommunens oppfølgingsarbeid til planen frå 2010. Det er interessant at kommunen har eit eiga powerpoint som nesten åleine handlar om deltidsproblematikken, og dette gir meining når man har sett det store fokuset deltid fekk i planen ovanfor. I denne teksten blir det utdjupa under prosentdelen deltidsstillingar i kommunen på 51%, at her inkluderast for eksempel studentar med helgestillingar. Dei nemnar at ufrivillig deltid ikkje vert opplevd som ei utfordring i Førde, noko som er ein kontrast til alt arbeidet som blei gjort i kartlegginga av deltid. Ifølgje kommunen er utfordringa heller at altfor mange er i frivillig deltid, og at mange som jobbar fulltid ynskjer å gå ned i deltidsstilling. Her skjer ei interessant lingvistisk endring: Kommunen endrar fokuset frå ufrivillig deltid til 'heiltidsvalet'. Dei ynskjer at fleire skal *ynskje* å jobbe fulltid. Søkelyset er på nytteverdien av å jobbe med deltidsproblematikken. Saman med fagforbundet vil kommunen utvikle ei heiltidskultur i kommunen (Førde kommune, 2016). Her snus altså innhaldet i diskursen til å handle om val frå arbeidstakarane si side. Diskursivt på overflatenivået visar altså kommunen ei forståing som liknar på den nasjonale, men når dei går i detalj, visar dei ei anna haldning.

«Utdrag frå interne rekrutteringsprosessar» (2018). Dette er eit dokument som beskriv kommunens interne retningslinjer når det gjeld utlysing av ledige stillingar og korleis tilsettingsprosessen skal føregå, med eit fokus på ikkje-diskriminering. Det dukkar også opp eit punkt om ufrivillig deltid i dette dokumentet. Kommunen vil arbeide bevisst for at tilsette som ynskjer å auke stillinga si skal få moglegheit til dette, og ha førerrett ved utlysing av nye stillingar. Deltid blir her sett på med eit perspektiv av arbeidsgjevarpolitikk (Førde kommune, 2018). Det interessante er at medan det er eit kjønna perspektiv i diskusjonen om tilsetjing og rekruttering, forsvinn dette når temaet deltid kjem opp. Her er ikkje kjønndiskriminering nemnd i det heile tatt, og det nøytrale ordet 'arbeidstakarar' blir heller brukt, der det handlar meir om den praktiske tilrettelegginga for at arbeidstakarar som ynskjer det, skal kunne gå opp i stilling

om dei er kvalifiserte og vil søke på stillinga (Førde kommune, 2018). Dette samsvarar lingvistisk med dokumenta ovanfor, og igjen endrar innhaldet seg når dei går ned på detaljnivå.

I alle desse dokumenta finn vi altså at deltidsarbeid får stor plass i kommunens likestillingspolitikk. Deltid går igjen i planen for likestilling, ufrivillig deltid dukkar opp i kommunens retningslinjer for rekruttering, og det er også det området som blir tatt opp når bystyret skal følgje opp planen frå 2010. Eg kan ikkje finne noko anna område som får slik merksemd, og eg kan dermed seie at deltid har fått ei diskursiv hegemoni i likestillingsarbeidet til kommunen. Som i den nasjonale politikken blir deltid også knytt til andre strukturelle likestillingsutfordringar, som mangel på likeløn (Førde kommune, 2010). I planen for å fremje likestilling visast det til statistikk over at kvinner jobbar meir deltid enn menn, og at dette kan ha samanheng med kjønna lønnsforskjellar. Men når kommunen utformar politikken si vidare, byrjar deltid å handle om å gjere det lettare for tilsette å utvide stillinga si, og korleis få tilsette til å *ynskje* å arbeide fulltid. Der ufrivillig deltid tidleg kunne lesast som eit likestillingsproblem, blei det seinare slått fast at ufrivillig deltid ikkje er eit problem i Førde. Dei kvinnene som arbeidar deltid, ynskjer det altså? Gjer dette at det ikkje er eit lokalt likestillingsproblem?

Det som er mest interessant i desse dokumenta er at medan arbeidet med å redusere deltidsarbeid går igjen, forsvinn kjønnspektivet gong på gong i diskusjonen. Ein måte å lese dette på er at kommunen er opptatt av nytteverdien likestillingsarbeid har. Dette kan henge saman med deira perspektiv som ein stor lokal arbeidsgjevar. Den dominante diskursen kommunen trekk på når deltidsarbeid skal forklarast, er valdiskursen. At deltid forståast som eit resultat av arbeidstakarars val er ikkje unikt for desse dokumenta (Hallandvik og Olsen, 2011:32). Ei måte å lese dette på er at ei slik språkbruk kan vise lokale maktstrukturar, sidan kommunen viser sitt perspektiv som arbeidsgivar. Det finnast eit interdiskursivt samsvar mellom dei politiske dokumenta i korleis dei ordlegg seg og korleis deltid er omtalt. Interne likskapar mellom dokumenta kan forklarast med at dei er produsert innanfor den same sosiale institusjonen, og derfor trekk på dei same hegemoniske diskursane (Fairclough, 2013).

I den nasjonale politikken blir det skila eksplisitt mellom undersysselsette og dei i ufrivillig deltid, og det blir påpeika at dette rammar særleg kvinner (NOU 2012:15, s.182). Frå kommunens perspektiv handlar det om å få både dei som arbeider frivillig og ufrivillig deltid i fulltidsstillingar, ved å både leggje til rette for å auke stillingsprosent og å gjere det attraktivt å arbeide fulltid (Førde kommune, 2016). Dette er spesielt interessant fordi risikoen for å være ufrivillig deltidstilsett er særleg høg for kvinner i kommunal sektor (NOU 2012:15, s.183). Kommunen forstår det som at det er eit problem at for mange ynskjer å jobbe deltid. Kommunen, som ein stor lokal arbeidsgjevar for kvinner, legg altså opp til

valdiskurs og trekk deltidsarbeid ned på arbeidstakars nivå. Dette er eit eksempel på at diskurs får sosiale konsekvensar (Jørgensen og Phillips, 1999).

Å studere korleis kommunen forstår deltidsproblematikken bringar oss vidare til spørsmål rundt deira problemforståing. Kommunen oppfattar deltid som eit problem. På spørsmålet om kommunen forstår deltid som eit likestillingsspørsmål, vil eg svare ja. Dei inkluderer deltid med eit kjønnsperspektiv i deira likestillingspolitikk, og anerkjenn at kvinner jobbar meir deltid enn menn, noko som førar til eit lønsgap mellom kjønna. Dette blei presentert som problematisk. Det at kommunen presenterer deltid her og gir det stor plass, vil også seie at dei konstruerer deltid som noko problematisk (Bacchi, 2012). Logikken som ligg bak dette er at kommunen forstår det som problematisk at for mange jobbar deltid, fordi det er eit mål at flest mogleg skal være i full sysselsetting (Ibid.). Det interessante er korleis problemet blir oppfatta. Vi har sett at deltid i den lokale politikken på mange måtar oppfattast som eit likestillingsproblem, men samtidig forsvinn kjønnsperspektivet når kommunen snakkar om kva som ligg bak.

Dette knyt eg til diskursordenen om valfridom. Kommunen oppfattar deltidsarbeid som val lokale arbeidstakarar tar, og som kommunen som arbeidsgjevar har interesse for å endre. Det implisitte ansvaret blir sett over på arbeidstakarane, og frå eit kjønnsperspektiv, kvinnene. Valdiskursen har altså hegemoni i den lokale politikken. Denne problemforståinga, som byggjast på diskurs, får betydingar for kva politikk kommunen førar. Politikk som skal rette opp i eit problem, visar også kva man tenkjer er problematisk (Bacchi, 2012). Om man tenkjer at måten arbeidstakarar vel på er problematisk, blir då effekten at det blir sett krav til arbeidstakarar i større grad enn arbeidsgjevarar. Resultatet blir at det politiske fokuset ligg på, ikkje for eksempel korleis gjere det lettare å gå i fulltidsarbeid i krevjande helsesektorarbeid, men ting som at det praktisk skal være lett å søke om å få utvida stillinga si om man ynskjer det (Førde kommune, 2018). Man vil altså leggje til rette for at det skal være lett å velje å arbeide fulltid. Her kan man igjen trekkje inn maktstrukturar, sidan kommunen er ei stor kvinnearbeidsplass. Ei slik individualisering av arbeidslivet er ikkje spesifikk for Førde, men heng saman med vidare utviklingar i arbeidslivet på landsbasis. Førde kommune er jo ikkje den einaste kommunen som slit med at mange kvinner arbeider i deltidsstillingar (Statistisk sentralbyrå, 2018). Valdiskursen innanfor likestillingsforståinga har altså hegemoni i det største satsingsområdet innanfor den lokale likestillingspolitikken.

#### 4.3 To diskursordenen i spel i lokalmedia

Det finnast altså eit visst lingvistisk sprik i dei interdiskursive prosessane mellom det nasjonale og den lokale likestillingspolitikken. Dei har ulik problemforståing

i politikken, noko som kjem av at dei drar på ulike diskursorden. Men i den lokale opinionen, kva diskursar eksisterer her? Som nemnd i metodedelen, har eg gjort eit søk etter deltid i Firda sine arkiv for å finne den lokale opinionen sitt perspektiv på dette området. Eg har trekt ut nokre sentrale innlegg i Firda frå 2010 og 2016 for å vise denne opinionen, der kvar artikkel trekk mest på, og dermed representerer, ei bestemt diskursorden. Det interessante her er i kva grad det finnast eit internt samsvar mellom dei, og i kva grad dette vil stemme med dei eksterne diskursane (Fairclough, 2013).

Den fyrste artikkelen har tittelen: «*Vil bli prøvefylke for heiltidsstillingar*» (2010) og er skreve av LO Førde. Her diskuterast det at på årsmøtet blei det bestemt at LO skal arbeide for at Sogn og Fjordane vert prøvefylke som tilbyr heiltidsstillingar i helse og omsorgssektoren. Artikkelforfattaren diskuterer ufrivillig deltid og negative konsekvensar av det. Sidan dette er eit landsproblem, hevdast det at man treng eit prøvefylke der man tilbyr mest mogleg heiltidsstillingar, sidan kjønna strukturar i samfunnet slår negativt ut for kvinner. Det er altså eit likestillingsspørsmål å innføre heiltidsstillingar i sektoren (LO Førde, 2010). Denne artikkelen snakkar altså om at strukturar må leggje til rette for at kvinner skal kunne jobbe heiltid. Den har også eit nytteperspektiv i at det blir argumentert for at ei slik utvikling også kan være positivt for tilflytting til regionen. Deltid er også satt i ei nasjonal kontekst, ettersom deltid er eit kjønna problem, der løysinga er å opprette heiltidsstillingar. Det handlar altså om at samfunnet må leggje til rette for å løyse problemet (Ibid.).

«*Skulle tenkt som ein mann*» (Havnen, 2010) er eit profil-intervju med Marit Solheim, streikeleiar for arbeidstakarorganisasjonen Delta sine streikande i Førde kommune. Her blir det skreve at menn tener jamt over betre enn kvinner, og at dette handlar om val, sidan kvinner jobbar meir i det offentlege og menn meir i det private. På spørsmålet om ho misunner menns emnar til å klatre i løn og stilling svarar ho: «Eg skulle kanskje ønskje at vi damer kunne tenkt meir som menn, og vere flinkare til å kaste seg uti det» (Havnen, 2010). Kvinner har dårlegare løn blant anna fordi mange er i ufrivillig deltid, jobbar i omsorgsyrke og har gjerne ikkje moglegheit til å jobbe heiltid, noko som førar til at dei tener mindre (Havnen, 2010). Dette er ein interessant artikkel, sidan det her blir brukt ord knytt til kvinners val, men også til arbeidslivets strukturar. Her kan vi sjå eit interdiskursivt mønster danne seg i korleis val- og strukturdiskursen blir brukt i debatten rundt deltid. Kvinner må velje annleis, men mange i helsesektoren har heller ikkje moglegheit for å jobbe deltid (Ibid.). Løysinga på deltidsproblemet er altså ei kombinasjon av kvinners samla val og samfunnsstrukturar.

«*Ligg enno bak i løn*» (Skjerdal, 2016). Denne artikkelen løftar fram at SSB viser at kvinnene i fylket tener mindre enn menn på tross av at det er fleire kvinner enn menn i fylket med høgare utdanning. Forfattaren drar fram at dette er eit gammalt problem, og handlar om haldningar i samfunnet. Den kjønna lønsskilnaden blir knytt til deltidsarbeid blant kvinner (Skjerdal, 2016). Denne artikkelen er valt ut

fordi den viser at SSB er ein del av meiningsnettverket til likestillingsdiskursen, der statistikk blir behandla som fakta. SSB, som er ein nasjonal institusjon, blir behandla som ei god inngong for å drøfte lokale førehald. Dette er også den einaste medieartikkelen som eksplisitt knyt diskriminering av kvinner til samfunnshaldningar, og set det saman med lønsforskjellar. Dette gjorde også kommunen. Forskjellen er at i denne artikkelen blir ikkje kvinners val nemnd med eitt ord.

«*Klipp og lim i seks år*» (Løseth, 2016a). Denne artikkelen drøfter bystyremøtet i 2016, der kommunens likestillingspolitikk fekk kritikk frå ein lokalpolitikar. Ifølgje denne artikkelen har ikkje kommunen klart å verken jobbe for redusert deltid eller å måle statusen til dette arbeidet, eller kor mange som faktisk er i ufrivillig deltidsarbeid i Førde. Rådmannen fekk svare at han meinte det blei jobba bra med desse problemstillingane (Ibid.). I «*Ein hersketeknikk*», eit seinare innlegg om same møte, hevdast det at man ikkje har sett ei utvikling av den lokale likestillingspolitikken sidan 2010 (Løseth, 2016b). Rådmannen svara at man gjer ein god jobb når det gjeld likestilling og deltid. Han meiner at u-ynskja deltid er eit lite problem i Førde; det er sjølve deltidsarbeid som er problemet. Når nokre ynskjer å jobbe deltid blir det oppretta deltidsstillingar, og «deltid avlar deltid» (Løseth, 2016b). Dette er ein verkeleg spennande, fordi dei visar lokale motsetningar i likestillingsdiskursen i politikken. Her gjenfortellast kommunens diskurs rundt val i deltidsproblematikken på ei side, samtidig som teksten er eit eksempel på at motstridande diskursar barkar saman innanfor ein sosial institusjon (Fairclough, 2013).

Det vi ser i desse artikkane er to diskursive mønster basert på lingvistikken som blir tatt i bruk for å diskutere deltid: det er enten snakk om at strukturar må endrast, eller at kvinner rett og slett må velje annleis. Eit anna interessant funn i desse tekstane er at deltid i stor grad blir oppfatta som eit nasjonalt problem, ikkje berre eit lokalt for Førde. Det blir altså gjort linkar båe til det nasjonale og det lokale. Rådmannen si forståing av deltidsproblematikken gjenspeilast også i dei politiske dokumenta til kommunen: Når nokon (kvinner) *vel* å jobbe deltid, skapar dette ei deltidskultur. Val har altså uheldige konsekvensar for arbeidslivskulturen.

#### 4.4 Samspelsanalyse: Diskursar og problemforståingar i deltidsdebatten

Kjønna deltidarbeid blir oppfatta som eit viktig likestillingsområde nasjonalt, der det blir knytt til kjønnsubalanse og andre utfordringar i arbeidslivet. Problemforståinga handlar om at manglande deltaking i arbeidslivet for kvinner er negativt, sidan det er arbeidslinja som har hegemoni i den nasjonale likestillingsforståinga. I Førde si likestillingspolitikk har deltid ei stor rolle, men her endra det diskursive innhaldet seg. Lokal opinion er også opptatte av dette



emnet, men her er to ulike perspektiv i konkurranse med kvarandre. I denne delen vil eg gjere ei samspeleanalyse av alle dei tre dokumenta, og studere kva likestillingsforståingar som utspeler seg i dette samspelet, gjennom å sjå på korleis dei liknar og skil seg frå kvarandre diskursivt. Eg vil studere korleis forholdet mellom det lokale og det nasjonale teiknar seg, og spørsmål vil bli stilt rundt kva intertekstuelle kjeder går mellom dei, korleis dei lingvistisk byggjar på kvarandre, og korleis problemforståinga visar seg.

Når det gjeld problemforståing, stilte eg tre forskingsspørsmål på det nasjonale og det lokale nivået for å undersøke om deltid blir oppfatta som eit likestillingsproblem, korleis det blir oppfatta, og kva effektar dette får i politikken. Både i det nasjonale og det lokale blei deltid vist som ei likestillingsutfordring. Det var i måten dette blei vist på, der mangelen på interdiskursivitet viste seg. Førde rotfesta deltid i eit likestillingsperspektiv, men dette perspektivet forsvann når dei gjekk meir konkret inn på kvifor det var eit problem, og kven som hadde ansvaret for det. Det skjedde ei dreining bort frå spørsmål rundt kvinner, som ikkje skjedde i det nasjonale. Dette kan tolkast som at kommunen er påverka av den sterke diskursen rundt deltid som ei likestillingsutfordring i den nasjonale diskursen, men at det konkret handlar om andre ting på det lokale nivået. Sett kritisk blei ansvaret skjøve frå kommunen og over på arbeidstakarane, som i hovudsak er kvinner. Problemrepresentasjonen fokuserte ikkje på kommunens arbeidslivsstrukturar, men deira arbeidstakarar sine val. Kommunen oppfatta det som problematisk som arbeidsgjevar at mange arbeida i deltidsstillingar, men kva som blir presentert som problematisk er ikkje i seg sjølv nøytralt (Bacchi, 2012:23).

Det ligg altså makt i det å definere eit problem *som* eit problem (Bacchi, 2012). Når deltid blir presentert på ein viss måte i nasjonal diskurs, har dette fått effektar på den lokale politikken, men kommunen tolkar dette på si eiga måte, sjølv om den brukar det same rammeverket av likestilling. Den nasjonale diskursen har også fått effektar på den lokale diskursen i Firda. Firda-artiklar har mindre formell tyngde enn lokalpolitikken, sjølv om begge deler representerer ei diskurs i denne analysen. Media responderer i stor grad på det som skjer politisk, enten man er einig eller ueinig, som vi også såg i artiklane som dokumenterte kritikk av kommunens likestillingspolitikk. Politikken er ikkje i like stor grad 'plikta' til å sjå 'nedover' til media og opinionen, sjølv om vi i denne oppgåva antar at diskursane påverkast av kvarandre. Dette kan knytast til kategoriane hegemoni og makt. Artikkelen der kommunen fekk refs for si politikk visar at den hegemoniske ideen til kommunen om deltid som eit val, møter motstand innanfor si eiga sosiale institusjon. Dette visar det interdiskursive samspelet der fleire stemmer konkurrerer om hegemoni internt (Fairclough, 2013).

Deltid kan altså seiast å ha ei viss hegemonisk status som eit likestillingsområde i tekstane, sidan alle tre kjeldene trekk det fram som eit viktig område. Men konflikten ligg i *korleis* dette utspel seg, med bakgrunn i ulik forståing av kvifor

deltidsarbeid er eit problem. I den nasjonale likestillingsforståinga blei deltid presentert med eit klart likestillingsfokus og knytt til andre ting som blei oppfatta som uheldige, som at kvinner får svakare økonomi, og at dei har større arbeidsansvar i heimen. I dei politiske dokumenta har også deltid ein stor plass, men som sett ovanfor, er det ikkje akkurat kjønns- og likestillingsperspektivet som er det viktigaste for kommunen. Det blei anerkjend at u-ynskja deltid er særleg vanleg innanfor helse og omsorgssektoren, som er kvinnedominert (Førde kommune, 2010). Samtidig var det lite forståing for at blant anna kan fleire arbeidarar innanfor denne sektoren kan gå ned i stilling som eit svar på eit krevjande yrke der man forventast å jobbe turnus uansett kva livssituasjon og familieliv man har. Når deltidarbeid blei diskutert føretrakk dei å bruke det meir nøytrale ordet arbeidstakar, for eksempel når det var snakk om å skape ei heiltidskultur i motsetnad til at deltid fekk lov til å skape meir deltid. Dette viser at kommunen har eit klart arbeidsgjevarperspektiv i deltiddebatten. Det blei nemnd fleire gonger at ufrivillig deltid ikkje er var stort problem i Førde, på tross av at ufrivillig deltid fekk eit eiga punkt under tiltaksplanen i ei plan for å fremje likestilling (Førde kommune, 2016). Dette kan tolkast som at kommunen produserer ei likestillingsdiskurs der innhaldet handlar om arbeidstakarars val, og dei løftar fram denne valdiskursen til å få hegemoni i deltiddebatten.

Denne diskursen rundt val finnast også i fleire av medietekstane, der streikeleiaren nemnde at kvinner burde være flinkare til å kaste seg ut i ting slik som menn, samtidig som det blei påpeika at mange kvinner er i ufrivillig deltid. Dette heng saman med den motstridande diskursen innanfor deltidspolisjonen: At deltidspolisjonen handlar om strukturar. Dette er blant anna vist i LO sitt ynskje om heiltidsstillingar, og streikeleiaren sine formuleringar om at kjønna strukturar slår negativt ut for kvinner. Ein anna idé som gjekk igjen er nyttetanken i likestillingsdiskursen. Intertekstuellt gjekk dette argumentet igjen i LO-teksten om tilflytting til fylket og kommunen, frå eit arbeidsgjevarperspektiv. Dette kan linkast til anna forskning på deltidspolisjonen i kommunar, der deltidarbeid har vært knytt til nytteverdi som arbeidsgjevarpolitikk, sysselsetting og forhold som kvalitet på pleie i omsorgsyrke (Hallandvik og Olsen, 2011:7). Basert på dette vil eg seie at dei to dominerande diskursane: om likestilling handlar om val eller samfunnsstrukturar, blir utspelt i polisjonen rundt kvinner og deltidarbeid. Dei blir uttrykt ulike måtar, og fargar problemforståingar. Om deltid blir forstått som eit val, som i kommunen, blir løysinga å få arbeidstakarar til å velje annleis. Noko som igjen får reelle politiske konsekvensar.

Dette er ein diskursiv kamp som ikkje er spesifikk for Førde, noko som knyt denne diskurskampen opp mot spennet mellom det lokale og nasjonale i likestillingspolitikken, og noko som har historiske linjer tilbake til den første likestillingskampen i Norge. Det er interessant at dei er så tydelege på eit område som er eit såpass typisk, om enn moderne, likestillingsproblem som forholdet kvinner og deltid. Det kan ha fått ein stor plass fordi den er lett å måle; særleg gir

dette meining for SSB. Samtidig har vi sett at det ligg meir bak tala (for eksempel om det er mogleg å jobbe 100% i helsesektoren heile livet, særleg for kvinner som tar mesteparten av husarbeid og omsorgsarbeid i heimen). Dette kan seiast å utfordre arbeidslinja som likestillingsideal i det heile. Då har kanskje Førde kommune eit poeng i å implisitt problematisere det. Arbeidsgjevarar ser helst at alle jobbar mest mogleg, men ikkje alt kan reknast ut i tal. Nytteverdi-perspektivet til å arbeide med deltidsarbeid blir sterkare enn likestillingsdimensjonen.

Det skjer altså ei diskursiv lukking av deltid som ei likestillingskategori i den nasjonale debatten. Kommunen skriv seg inn i denne diskursen, men tolkar det på si eiga måte i utforminga av den lokale likestillingspolitikken. I spennet mellom det nasjonale og det lokale får deltid ei stor plass, men sjølve innhaldet endrar seg. Det er ikkje *ei* eiga hegemonisk forståing av deltidsarbeid som blir implementert lokalt. Deltid som likestillingsområde blir heller lokalt tilpassa, og innhaldet i diskursen endrar seg, i dette tilfellet, til å handle om arbeidstakars val og nytteverdi i full sysselsetting frå kommunens arbeidsgivarperspektiv. Implisitt problematiserer kommunen deltid som eit likestillingsområde ved å snu diskursen til ‘heiltidsvalet’, og ha mindre eksplisitt fokus på kjønnsaspektet.

Anna lokalforskning har vist til at dei fleste kvinnene som jobbar deltid, gjer det frivillig (Hallandvik og Olsen, 2011:30), så dette skjer ikkje i eit vakuum åleine i Førde. Kommunens ynskje om å få fleire i fullt arbeid kan være positivt, men språket er ikkje kjønna, så likestillingsaspektet forsvinn. Det som skjer er at det i den lokale tolkinga av likestillingsdiskursen blir mindre klart i kva grad deltidsproblematikken faktisk dreier seg om likestilling. Kommunens hegemoniske tolking av deltidsarbeid som noko som handlar om arbeidstakars val, møter motstand, men også støtte i lokal media sine diskursar. Den skil seg klart frå den nasjonale forståinga, som legg meir vekt på at samfunnsstrukturar indirekte ligg bak deltidsarbeid blant kvinner. Det interdiskursive samspelet skjer altså både internt innanfor diskursane og eksternt mellom dei i denne analysen (Fairclough, 2013). Diskursorden er i konkurranse med kvarandre både mellom nivåa, men også innanfor institusjonar og tekstar, og heng saman med ulik forståing av deltidsproblematikken som eit kjønna problem som krevjar handling mellom det nasjonale og det lokale. I spennet mellom dei utøv kommunen si makt som arbeidsgjevar til å leggje opp til ei bestemt tolking av eit nasjonalt anerkjend likestillingsproblem.



## 5. Fordeling av foreldrepermisjon

### 5.1 Nasjonalt rammeverk: Fedrekvote er eit viktig likestillingstiltak

Fordeling av foreldrepermisjon finnast i SSB under kategorien fordeling av tidsbruk mellom arbeid og omsorg, på lik linje med deltidsarbeid. Kategorien heiter ‘delen fedrar som tar heile fedrekvoten eller meir av foreldrepengeperioden’. I 2017 skåra Førde 0,79 på dette punktet, der 0 indikerer full ulikskap og 1 indikerer full likskap, noko som er høgare enn landsbasisen (Statistisk sentralbyrå, 2018). Dette er også eit område der Sogn og Fjordane skil seg positivt ut som region (Hamre, 2017). Forskjell på denne indikatoren mellom ulike regionar desse er ein av grunnane til at eg fyrst blei nysgjerrig på regionale forskjellar innanfor likestilling.

Fordeling av foreldrepermisjon handlar om kjønnsbalanse, noko vi allereie har sett er eit viktig nasjonalt likestillingsideal. Foreldrepermisjon og barnehagedekking skal gjere det mogleg å kombinere yrkesdeltaking og omsorg for små born, og fedrekvote skal styrke menn sine rettar når det gjeld omsorgsarbeid, og kvinners tilknytning til arbeidslivet i småbarnsfasen (NOU 2012:15). I kva grad menn tar ut fedrekvoten varierer mellom regionar, og her skil Sogn og Fjordane seg positivt ut (Statistisk sentralbyrå, 2016). SSB behandlar fedrekvote som ein indikasjon på kjønnslikestilling på lik linje med tradisjonelle indikatorar som løn og utdanning. Som eg skal vise, bekreftar dette to diskursive mønstre: at likestilling er ei positiv verdi for regionar, og at fedrekvote er ei indikator på likestilling. Ifølgje SSB gir indikatorane eit mål på likestilling og fordeling mellom kjønna (Egge-Hoveid, 2013). og det er derfor nyttig å sjå på fleire av indikatorane saman.

I den nasjonale diskursen er det anerkjend at det å få born kan forsterke tradisjonelle arbeidsdelingar i heimane til norske par, og hos dei fleste par er det slik at det er mor som tar ut mest foreldrepermisjon (Kitterød, 2013). Samtidig har familiepolitikk stor betydning for i kva grad dette skjer. Offentlege ordningar som lang betalt foreldrepermisjon, god barnehagedekking og fedrekvote som tiltak for å oppfordre menns deltaking heime, er veldig viktige for å sikre likestilling i familiar (Ibid.). Dette blir satt i kontrast til ordningar som kontantstøtte, som tenderer til å forsterke meir tradisjonelle familietilpassingar (Ibid.). Dette støttar opp om diskursen rundt rettferdig fordeling av ansvar i heimen som ei likestillingsmodell i Norge. Ordbruken legg også opp til ei diskurs rundt likestilling som noko som må sikrast av samfunnsstrukturar. Det er framleis slik at mødrer er dei som tar ut mest permisjon, men samtidig har delen av menn som tar ut kvoten sin auka. Det er ei positiv korrelasjon mellom at den blei auka og at fleire menn tok ut kvota (Hamre, 2017). Dette kan vise at fedrekvotetiltaket er ein del av ein effektiv diskurs.

I politikken har fedrar si rett og plikt til å være ei omsorgsperson for sine born fått større plass dei siste åra (NOU 2012:15, s.25). Om menn tar ut kvota si er litt avhengig av alder og utdanning og om fedrane jobbar i offentleg eller privat sektor (Ibid.:37). Framleis er det mødrer som tar ut mest permisjon, men fedrekvoten bidrar til å gi menn ein meir 'reell moglegheit' til å delta i omsorga av born, som jo er eit gode (Ibid.). Norsk likestillingspolitikk er veldig retta mot at det skal være mogleg å kombinere arbeid og omsorg for begge foreldra gjennom småbarnsfasen gjennom tiltak som fedrekvote, permisjonsordning og barnehagedekking (Ibid.). Arbeidslinja i norsk politikk inneberer høgast mogleg sysselsetting og nærast mogleg tilknytning til arbeidslivet (Ibid.). I likestillingspolitikken har det vært ein idé om at lønnsarbeid er viktig, samtidig som folk har krav på tryggleik og valfridom (Ibid.). Måten fedrekvote og permisjonsfordeling blir omtalt på nasjonalt, legg altså opp til ei diskurs som ser ut til å bekrefte at to-inntektsfamilien er ei familienorm i dagens Norge (NOU 2017:6, s.27).

Foreldrepermisjon, saman med andre omsorgsordningar, handlar i stor grad om kvinners sysselsetting (NOU 2012:15, s.36). Det er dermed anerkjend at kvinner tar større del av omsorgsarbeidet heime, sjølv om menn deltar meir enn før (Ibid.). Slik eg les det, blir dette blir sett opp som eit hinder for kvinners yrkesdeltaking, og dermed eit hinder for det norske likestillingsidealet, der samfunnet legg opp til at begge kjønn skal jobbe og ha økonomisk sjølvstende. Dette fell fint inn under den nordiske likestillingsdiskursen. Ein privat balanse mellom omsorg og arbeid vil føre til betre balanse på arbeidslivsmarknaden (Barne-, likestillings-, og inkluderingsdepartementet, 2014:25). Uttak av permisjon for fedrar blir knyt til likestilte parforhold, og likestilte parforhold til positive ting som nærare tilknytning til born og mindre skilsmisser (Ibid.:26). Her introduserast igjen nytteperspektivet til likestilling: ei familievennleg personalpolitikk førar til at tilsette blir meir nøgde med arbeidsplassen sin. Velferdsstaten tener også på at kvinner deltar på arbeidsmarknaden (NOU 2017:6, s.21). Omsorg og tid brukt på born er også ein indikator på likestilling i samfunnet, og dei to heng saman: eit samfunns familiepolitikk og likestillingsforståing (NOU 2017:6, s.88).

Ideal om kjønnslikestilling er noko av grunnen til at staten med utgangspunkt i politiske ynskjer og føringar har engasjert seg i familiespørsmål, som jo er eit meir privat domene enn deltidsarbeid. Likestilling har vært eit viktig mål med fedrekvoten (NOU 2017:6). At kvinner skal få moglegheit til å kombinere familie og arbeid er blitt sett på som eit viktig likestillingsmål, og er også ei likestillingsforståing som dei fleste støtter. Derfor har den fått politisk oppslutning på tvers av partilinjene i familiepolitikken (Ibid.:21). Eit godt eksempel på dette er at Solberg-regjeringa fyrst reduserte fedrekvoten frå 14 til 10 veker, og no har auka den til 15 veker for mor, same til far, og ei fellesperiode på 16 veker (Barne- og likestillingsdepartementet, 2018). Dette blir knytt til kvinnevenlege velferdsstatar som har blitt arbeidd for særleg i Skandinavia, og er også eit teikn på eit positivt kvinnesyn som handlar om kjønnsrettferd og balanse (NOU,

2017:6). Her er det derimot eit paradoks at det jobbar mange kvinner i den 'kvinnevenlege' offentlege sektoren. Her er det moglegheit for å ta ut lange permisjonar og kanskje gå ned i deltidstillingar, noko som kan skape fleksibilitet for familiar. Samtidig er det nettopp slike haldningar som held kvinner nede i eit samfunn som promoterer lønnsarbeid (Ibid.:25).

Arbeidslinje-hegemoni innanfor likestilling har også møtt motbør. Spørsmål har blitt stilt frå fleire om likestilt foreldreskap ignorerer faktisk biologi, og dermed gjer det vanskelegare for mor, som ber den tyngste børa ved å være den som går gravid (Bjørnholt, 2008). Auking til far, og nedskjering på rettane til mor når det gjeld omsorga er ikkje utelukkande positivt motteken av alle (Ibid.). Fedrekvoten som likestillingstiltak har også blitt problematisert. Sidan det ikkje er 100% sikkert at auka uttak av fedrekvote har så mykje å seie for balansen i familien, ville det vært interessant å også sjå tala for kvinnene i perspektiv (Kitterød, 2013). Det er jo ikkje sikkert at dette fører til at menn for eksempel gjer meir husarbeid (Ibid.). Samtidig har tidlegare forskning vist at fedrane som var heime med borna utan mors nærvær hadde større forståing for barnas behov enn der mor var til stades (Kitterød, 2013:43).

Dette kan ha haldningseffektar i at det kommuniserer eit farsideal der omsorg og nærvær er viktig (Kitterød, 2013). Haldningar på landsbasis er viktige for statistiske forskjellar (Ibid.:44). Studiar kan tyde på at menn bruker meir tid på omsorg og husarbeid no enn då fedrekvote blei innført, men dette kan også være ein del av ei generell trend (NOU, 2017:6). Likestilling i familiar blir knytt til likestilling i arbeidslivet, og omvendt. Dette er ei viss likestillingsforståing som har brei støtte nasjonalt (Ibid.:243). Likestilling handlar om bae familie og arbeidsliv, og om rettferd. Derfor blir det diskutert andre ting, som individuelle rettar til far og meir likestilt foreldrepengar enn i dag (Ibid.:262). Meir likestilling her vil kunne rette opp andre skeivheitlar i arbeidsmarknaden, og slik betre arbeidslinja (Ibid.). Det er interessant korleis ideal av foreldreskap blir vist gjennom politiske tiltak, som igjen er påverka av diskursar rundt kva gode foreldre og familiar er.

Likestilling blir brukt som eit viktig argument for deling av foreldrepermisjonen (NOU 2017:6, s.267). Skeiv fordeling av deltaking i omsorg for born og i arbeidslivet i småbarnsperioden, blir altså oppfatta som eit likestillingsproblem. Fedrekvote skal løyse dette problemet med strukturell kjønnsbalanse i småbarnsfasen av familiar. Kvinner er meir heime med småborna, noko som går på kostnad av arbeidslinja som likestillingspolitikken er lagt opp rundt, og dette er problematisk for kjønnsbalansen. Foreldrepermisjonen skal altså rette opp skeivheitlar rundt likestilling i småbarnsfamiliar. For store endringar i foreldrepermisjonsordninga har blitt tilbakebevist politisk, blant anna fordi man vil beskytte familiars valfridom (Ibid.:147). Samtidig er tiltaka denne forståinga legg opp til, strukturelle. Dette visast gjennom utviklinga til fedrekvoten, som har gått frå 4 til 15 veker, og fedrar har fått meir og meir individuelle rettar. Dei

politiske tiltaka skal altså ikkje berre få mor ut i arbeidslivet, men få far inn i omsorgsarbeidet, både som ei plikt og som eit gode (NOU, 2012:15, s.25). Problemforståinga visar altså tilbake til dei dominerande likestillingsdiskursane i Norge, der kjønnsbalanse er målet.

## 5.2 Manglande lokal familielivspolitik

I den nasjonale diskursen leggjast det opp til ei bevisst familiepolitikk, her illustrert med ei stadig utvida fedrekvote, som skal leggjast til rette for det som blir oppfatta som likestilte familiar. Fordelinga av permisjonen er aktuell i den nasjonale likestillingspolitikken. I kontrast til dette er verken fedrekvote eller foreldrepermisjon nemnd i hovuddokumentet til kommunens likestillingspolitikk «*Plan for å fremme likestilling eller hindre diskriminering*» (2010). På bystyremøtet i 2016 som skulle følgje opp planen frå 2010, blir permisjon og små born nemnd saman med arbeidet for å redusere deltidsarbeid, og at det var fleire tilsette som var i permisjon grunna små born/heimesituasjonen (Førde kommune, 2016). Små born var også ein grunn til at nokre ikkje ynskja å jobbe fulltid (Ibid.). Dette blei diskutert i same runde som kommunen sitt ynskje om å skape ei heiltidskultur blant sine tilsette, men det blei presentert som eit paradoks, der dei stil spørsmål ved om det ikkje er positivt at tilsette får tilpassa stilling ut ifrå sin totale livssituasjon- altså at dei skal kunne arbeide mindre og ta seg av born? (Ibid.). Det blei også nemnd at det oftast er kvinner som tar seg permisjon ved sjukdom i heimen (Ibid.).

Permisjon blei altså nemnd i dokumenta, men ikkje eksplisitt foreldrepermisjon. Kommunen hadde også eit klart arbeidsgjevarperspektiv når permisjon blei nemnd. Kommunen viste at dei var klar over omsorgssituasjonen som kan føre til skeivheit i kvinner og menns yrkesdeltaking. Dette blei også nemnd i den nasjonale politikken, og var ein grunn til at man ville føre ei bevisst og aktiv politikk på permisjonsområdet. Det er derfor interessant at kommunen ikkje følgjar det opp gjennom utforming av konkrete tiltak. Det som blei oppfatta som eit viktig nasjonalt likestillingsområde, ser ikkje ut til å ha ei link til lokalt arbeidsliv i praksis.

Det verkar altså ikkje som om kommunen har ei bevisst politikk på dette området. Denne politiske stillheita kan tolkast på fleire ulike måtar. På ein side handlar det om prioritering av ulike delar av likestillingsarbeidet. Der deltidsarbeid fekk hegemoni i likestillingspolitikken, blir ikkje foreldrepermisjon eksplisitt nemnd. Vi såg i SSB at Førde skårar bra på fedrar som tar ut permisjon. Det kan altså hende at det ikkje blir oppfatta som eit problemområde på det lokale nivået. Frå eit politisk standpunkt er det sikkert også avgrensa i kva grad kommunen kan styre dette. Om det er ein kultur for at menn tar ut fedrekvote, slik statistikken kan tyde på, blir det kanskje ikkje oppfatta som eit fokusområde der man treng lokale tiltak



for å sørge for gjennomføring. Kanskje blir småbarnsperioden sett på som noko privat? Det ville i så fall vært interessant, fordi nettopp politikken med å få menn heim som har prega norsk likestillingspolitikk, har utfordra skiljet mellom det offentlege og det private (Borchorst og Dahlerup, 2003:10).

Kva seier mangel på diskurs om den lokale politiske problemforståinga rundt foreldrepermisjon? Ein måte å tolke stillheita på er at foreldrepermisjon ikkje oppfattast som eit lokalt likestillingsproblem. Ifølgje Bacchi visar det man føreslår som tiltak kva man tenkjer på som eit problem. Mangel på tiltak vil frå dette perspektivet vise at man ikkje ser eit problem (Bacchi, 2012:21). Ein anna måte å lese dette på er å sjå at det handlar om ansvarsfordeling. Kommunen tar ikkje ansvaret for fordeling av foreldrepermisjon. Dette kan vise at det ikkje oppfattast som eit lokalt problem. Om det ikkje blir oppfatta som eit lokalt problem, gir den politiske stillheita meining. Kvifor introdusere tiltak for å rette opp i noko som ikkje er problematisk? Samtidig kan det også handle om manglande lokalt spelerom i det nasjonale lovverket. Det er også interessant at kommunen, som ein stor lokal arbeidsplass, ikkje har nokon spesifikke politiske tiltak på dette, når vi veit at offentleg sektor er ei stor kvinnearbeidsplass, men også ein som på landsbasis reproducerer strukturell kjønnsbalanse (NOU 2017:6). Når ingen konstruerer problemet, føreblir det usynleg (Bacchi, 2012). Det skal nemnast at kommunens dokument blei skreve i ei tid då fedrekvoten var godt etablert i den nasjonale politikken. Som vi vil sjå i den lokale mediediskursen, er dette teamet blitt gjenstand for heftig debatt og aktualisert gjennom politiske nasjonale endringar. Kanskje vil vi i framtida sjå lokale tilpassingar i møte med motstand mot den nasjonale utviklinga?

### 5.3 'Ikkje om det går utover mor'

I kontrast til lokalpolitikken, finnast det ei stor interesse for foreldrepermisjonen og korleis denne skal leggjast opp i lokalavisa. Permisjonsdebatten har vært særleg aktuell i tidsrommet 2018-2019, på grunn av tredelinga av permisjonstida som blei innført i 2018. Derfor er artiklane som er valte ut i denne delen av nyare dato, for å få med diskurssamspelet som man kan anta vil oppstå i debatten. Det er spesielt interessant å studere medieartiklar på dette området fordi dei vil vise nokre lokale haldningar, og haldningar i fedrekvoten varierer mellom ulike samfunnsgrupper (Lappegård og Bringedal, 2013:39). I dei familiane der far har tatt ut lengst permisjon, er man også mest positive til ei stor fedrekvote av permisjonsordninga. Haldningar stemmer overeins med praksis, men skiljet mellom kva som påverkar kva er ikkje heilt klart (Ibid.).

«Stine Marie (25) om dei nye permisjonsreglane: «For oss hadde det vore umogleg»» (2019). I denne artikkelen fekk ei lokal familie uttale seg om tredelinga av permisjonen. Då sonen deira vart føydd tok faren ut sine 10 veker

av permisjonen. Hadde han vore føydd i dag hadde han måtte ta ut 19 veker (Solheim Korsvoll, 2019). Dei meiner at om du er «vaksen nok til å få ungar, så er du også vaksen nok til å vurdere sjølv korleis du vil fordele permisjonen» (Ibid.). Mora i familien tok ut den valfrie delen av permisjonen. Dei meiner at familiar burde få velje sjølv, fordi alle familiar er ulike båe når det kjem til born og forma til foreldra. Mora måtte i dette tilfellet være vaken mange netter, og amming ville vært utfordrande om ho skulle tilbake til jobb. Man kjem ikkje bort frå biologi, meinte mora. Dei vel å bruke kontantstøtte, og mora jobbar uansett skift, så for dei går det rundt utan barnehageplass. Dei brukte argument rundt likestilling og spurde om mora måtte gå ut i u-løna permisjon og miste rettar som pensjonspoeng? Mødrer burde ikkje berre bli kasta ut i arbeidslivet igjen (Ibid.). Om dei får eit nytt born, vil mora mest sannsynleg måtte ta u-lønna permisjon, men ikkje alle har jo råd til det (Ibid.). Her ser eg klare element av valfridomsdiskursen, og frustrasjon rundt manglande fleksibilitet.

*«Det er umogleg å gå tilbake til jobb når ein knapt søv meir enn tre timar i strekk»* (Solheim Korsvoll, 2018) Utsegna kjem frå intervju med fleire sunnfjordingar som hadde ulike perspektiv på dette området. Ei var imot det som då var eit forslag: tredeling av permisjonen, og at mødrer kunne miste permisjonsveker om det blei ei tredeling av foreldrepermisjonen. Ho meinte det var feil for mor, og at det er ho som burde få bestemme sidan det var ho som gjekk gravid. Ho likte at ordninga var fleksibel slik at familiar sjølv kunne velje. Det er vanskeleg praktisk å kombinere jobb og for eksempel å amme for fleire mødrer, særleg med søvnmangel. Ho meinte det er «Fint med ekstra tid for far i permisjon, men ikkje om det går utover mor» (Solheim Korsvoll, 2018). Ho skjønner argumentet om likestilling, men meiner det blir upraktisk for mange familiar i kvardagen. Mor og far er tross alt ikkje likeverdige i arbeidsmengda under svangerskap og den fyrste småbarnstida (Solheim Korsvoll, 2018).

Artikkelen refererte også til den då-værande barne- og likestillingsministeren som trakk fram likestilling som eit argument for tredeling, der man skulle sikre likestilling i arbeidslivet ved å sikre meir heime. Dette er i kontrast frå 2010 då ministeren ville avvikle heile fedrekvoten (Solheim Korsvoll, 2018.) I eit intervju med ei anna mor, hadde familien på den andre sida valt å gi dei tre vekene til far. Dette fungerte for dei, men dei skjønner at det ikkje fungerer for alle. For dei var det fint for far og for borna. Ein far meiner forslaget er «overformynderi» frå staten si sida. Han meiner mor er viktigast det fyrste året, sjølv om far sjølv sagt også er viktig. Han meiner foreldra må få bestemme sjølv (Ibid.). Her drar man igjen på argument frå valdiskursen, men man bruker også biologiske argument som eg tolkar som eit motsvar til ein likestillingshegemoni. Dei fleste intervjuua drog også debatten ned til det individuelle nivået. Sjølv ho som var for forslaget understreka at det fungerte for hennar familie, men det ville kanskje ikkje fungere for alle. (Ibid.). Ei helsesyster fekk også påpeike at reglane

ikkje var foreinlege med faglege råd om amming i 6 månader, og meinte at sjølv om far skulle være ei omsorgsperson, burde familiar ha valfridom (Ibid.).

«*Begge har pappapermisjon. No deler dei på ordførar-jobben*» (Rysjedal, 2018). Jølster har to ulike ordførarar i løpet av ei veke, fordi dei begge har pappapermisjon og deler på å jobbe. Artikkelen viser bilete med menn som smiler med småborna sine på fanget. Ein fortel at førre gong han hadde pappaperm hadde han ein gong i veka. Denne gongen har dei lagt opp løpet annleis; han kan gå på trilletur midt på dagen, men kan også gjere litt jobb på sida. «Pappapermisjon skal ein ha, men det må ikkje gå på kostnad av mor si permisjon, slik det er føreslått no» (Rysjedal, 2018). Det blir påpeika at velferdsordninga har tapt seg, og at man må ha betre politikk om små kommunar skal få mange born. Mange har ikkje lommebok til å få mange born slik det er i dag (Rysjedal, 2018). Her blei det presentert som positivt at to menn i høge politiske posisjonar fylte den moderne farskapsrolla. Samtidig blir lokal familielivspolitikkk trekt fram, noko som mangla i den faktiske politikken.

«*Robin (30) tek største delen av fødselspermisjonen: Det verkar som det er litt tabu*» (Hestad, 2018). Dette er eit intervju med ein familie der far hadde tatt størstedelen av foreldrepermisjonen. Familien skulle eigentleg dele permisjonen slik dei fleste gjer; han skulle ta sine 10 veker som det var då, men ikkje meir. Men så fekk mora seg 100% stilling, så det ende med at faren var heime med sonen etter 5 månadar. Ho hadde då slutta med amming. Dei fekk ein del kommentarar frå andre kvinner, og det verka som om det nesten var litt tabu at han skulle ta mest og ho skulle gå rett i jobb. Faren trivast med sonen og følte det var naturleg og bra for tilknytninga å være heime, men meiner samfunnet er dårleg tilrettelagt for fedrar. Det var ikkje så mange sosiale ting arrangert for fedrar, og ungene blei mindre sosialiserte som følgje. Det var heller ikkje plass til å skifte bleie eller ta med seg barnevogna på herretolettet, og offentlege stellerom er kombinerte ammerom, så han som mann følte seg ikkje heilt komfortabel der (Hestad, 2018). Det at menn tar ut fedrekvoten sin, men ikkje meir enn det, er ei nasjonal trend (Vold, 2018), og det at normbryting fekk sosiale konsekvensar er nok ikkje eineståande for Førde. Også her blei fordelinga av permisjonen forklart med praktiske argument som handla om arbeidssituasjonen i familien.

«*Viss ikkje foreldrepermisjonen blir endra, blir sonen min einebarn*» (Bruvik, 2019). Denne artikkelen inneheld intervju med nokre mødrer som er sterkt kritiske til endringane i permisjonsreglane, og går så langt som å 'truge' med å ikkje få fleire born om dette gjennomførast. Dei oppfordrar lokalpolitikarane til å gjere noko lokalt. Dei vil ha fleksibilitet, og brukar same biologiske argument som mødrene ovanfor angående at menn og kvinner ikkje er heilt like, sidan det er kvinna som går gravid. Dei er ikkje imot likestillingsargumentet, men mistenker at regjeringa vil tene på at kvinner går i ulønt permisjon og menn ikkje tar ut alt dei har krav på. Det er kvinna som tapar på det i form av tapt løn og pensjon. Det er dessutan for stort press på kvinner etter ei belastande periode (Bruvik, 2019).

Akkurat det med at det ‘ikkje skal gå utover mor’ representerer ei kjerne i debatten rundt fordeling av foreldrepermisjon som tydelegvis står sterkt i lokalbefolkninga som blir direkte rørt av endringane. Denne stemma representerer eit nytt element som går imot hegemoni til arbeidslinja i likestillingsdebatten: argumenta rundt biologi. Anerkjennning av kvinners erfaringar rundt reproduksjon har vært ein del av den feministiske debatten i fleire tiår (Kristensen, Ravn og Sørensen, 2016:37). Eg tolkar heller ikkje desse stemmene som noko som går direkte imot feminisme eller likestilling. Dei utfordrar heller arbeidslinje-forståinga av likestillingsdebatten som kjem frå nasjonalt hald. Ingen av desse kvinnene beskriv seg sjølv som husmødrer eller heimeverande, og eg tolkar det som at dei alle føretrekk tilknytning til arbeidslivet etter å ha blitt mødrer.

Dei kvinnene som argumenterer mot tredelinga av permisjonen ville kanskje aldri ha kritisert arbeidslinja hadde det ikkje vært for deira egne opplevingar i møte med eit rigid lovverk som dei fann ut ikkje passa dei. Alle dei intervjuar drar også debatten ned på det personlege, individuelle nivået. Dei refererer alle til det som passar dei sjølv og deira familie. Det dei bruker er også praktiske argument som amming, lang veg til arbeid, og at fødslar tross alt er fysisk og psykisk belastande. Eg tolkar dette som at dei ikkje nødvendigvis tar avstand frå den hegemoniske ideen om likestilte familiar, og at dei finner alternative måtar å forsvare sine val på *utan* å skrive seg heilt ut av ideen av dei sjølve som arbeidande, likestilte kvinner. Dei visar ikkje eit anna ideologisk syn sjølv om dei argumenterer mot noko som er heilt innanfor den tradisjonelle diskursive forståinga av eit feministisk farskap og ei likestilt familie. Korleis val grunnjevast når det kjem til reproduksjon er tross alt ein del av kulturell meiningsskaping (Kristensen, Ravn og Sørensen, 2016:14).

#### 5.4 Samspelsanalyse: Når ideal møter praksis på familiefeltet

Det er altså eit spenn mellom det nasjonale og lokale som er spennande å utforske. Der deltid fekk stor plass men hadde anna innhald lokalt enn nasjonalt, er ikkje fordeling av foreldrepermisjon eit politisk prioriteringsområde i Førde. Ein av grunnane kan være at Førde og regionen generelt har ei høg del menn som tar ut fedrekvote (Statistisk sentralbyrå, 2018). Der permisjon blei nemnd i den lokale likestillingspolitikken var det med eit klart arbeidsgjevarperspektiv. Når vi ser på den nasjonale diskursen finnast det diskursive mønster som trekk på hegemoniske diskursar rundt familiepraksisar, kjønnsroller og biologi.

Medieartiklane trekte også på desse ulike ideane då ulike lokale familiar fekk stå fram og forklare deira syn, og kvifor dei foretrakk visse praksisar. Dei fleste kritiserte tredelinga, men det som er interessant er at svært få gjorde det utifrå likestillingsargument. Eg har identifisert omsorgslinja som ei motdiskurs til arbeidslinja som har hatt hegemoni i norsk likestillingspolitikk. Men ingen av dei

lokale familiane brukte omsorgsargument som eit argument *mot* likestilling. Det handla heller om individuelle val. Kanskje var dette fordi det blei dratt ned på individnivå. Det skal også nemnast at ingen argumenterte mot fedrekvoten eller permisjonsordninga i seg sjølve, berre det dei følte som mangel på valfridom. Valfridomsdiskursen var altså større her enn i deltidskapittelet, kanskje fordi småbarnsfasen er såpass personleg. Offisielt handla det altså om strukturar for likestilling, men familiane som blei påverka av ordninga hadde andre prioriteringar.

Det at kommunen stillar spørsmål ved om det er positivt at familiar kan gå ned i stilling for å ta seg av born, er noko vi kjenner igjen frå den nasjonale debatten. På den eine sida er det positivt at folk har valfridom til å prioritere familien, på den andre sida krasjar dette med likestillingsoppfatningar på det nasjonale nivået, og arbeidsgjevarepolitikk på det nasjonale. Begge nivåa opererer slik eg ser det med same likestillingsforståing. Nasjonalt har valfridom knytt til ting som fedrekvote fått stor plass og vært under debatt (NOU 2017:6, s.27). Dette ser vi definitivt i det lokale også. Ein god velferdspolitikkk frå statens side når det gjeld familieliv skal både legge opp til å støtte befolkninga og gjere det mogleg å ta frie val utifrå sine ynskjer, men samtidig har tiltaka noko regulerande ved seg (Kristensen, Ravn og Sørensen, 2016:19). Fleire av desse reguleringane, som foreldrepermisjonsordninga, har spesielle likestillingsmål knytt til seg. Det er viktig at desse støttar befolkninga (Ibid.). Samtidig er mediemerksenda i Førde stort sett ganske negativ til dette området.

Det at dette fekk så stor mediemerksend er typisk, sidan store samfunnsdebattar ofte oppstår når endringar knytt til noko fast blir endra. Dei nye permisjonsreglane har fått folk til å snakke om familiemønster, ideal og praksis, og dette er kanskje noko som har vært usynleg før? (Kristensen, Ravn og Sørensen, 2016:20). Blant anna nemnde mora som hadde latt mannen være mest heime med borna at ho hadde fått nokre rare blikk frå andre mødrer. Kanskje dette feltet endrar seg meir langsam enn likestillingsideala tilseier? Offisielt har svangerskap og born gått frå å være eit kvinnedomene til å bli eit likestillingsprosjekt, men på familienivået handlar det framleis om kvinneerfaring (Kristensen, Ravn og Sørensen, 2016:34). Akkurat på dette feltet har ikkje debatten gått så langt som til argument om 'det naturleg kvinnelege' som man kan finne andre stader, og eg les ikkje at omsorgslinja er ei seriøs utfordrar til arbeidslinjediskursen i desse tekstane, sjølv om det finnast i enkelte miljø og har vært ein del av debatten tidlegare (Ibid.:38). Det handlar heller om fridomen til å ta val, sjølv om dei går imot den hegemoniske likestillingsforståinga. Det at det går føre seg på akkurat denne måten kan være lokalspesifikt. Hadde denne analysen vært gjort i ein anna landsdel, hadde man sikkert kunne funne andre lokale haldningar. Manglande likestilling på Sørlandet er for eksempel blitt knytt til tradisjonelle religiøse haldningar i regionen, og her har ideen om at mor skal være heime og ha hovudansvaret for borna kulturell hegemoni (Skaar, 2014).

Sett gjennom kritisk diskursanalyse kan man altså seie at den lokale likestillingsdiskursen føyer seg inn i ei nasjonal likestillingsdiskurs. Men eg vil ikkje karakterisere akkurat dette som ei rett linje ovanfrå og ned, men heller som ein del av eit diskursnettverk. I motsetnad til deltidsarbeid endrar dette området ikkje innhald når det fortolkast lokalt, sjølv om det også her handlar om ting som arbeidsgjevarpolitikk og ressursfordeling frå kommunen si side.

Det er eit interessant poeng at det i den nasjonale diskursen nemnast at familiepolitikk som støttar kvinners yrkesdeltaking, med permisjonsdelinga det inneheld, har så brei støtte i befolkninga som ei likestillingsdefinisjon at denne politikken blir ført på tvers av tradisjonelle politiske linjer. Det at det var ei høgreregjering, som i utgangspunktet ville fjerne fedrekvoten, som innførte tredelninga, kan tyde på dette. Tredelninga har jo nettopp fått kritikk for å ikkje støtte familiar sin individuelle valfridom blant lokale familiar. Dette kan tolkast som at diskursen rundt familie er så sterk at den i dette tilfellet konkurrerer med prinsippet om valfridom. Sjølv familiane som trakk fram valdiskursen i si kritikk mot tredelninga, utfordra ikkje det hegemoniske nasjonale familieidealet med to inntekter, mor i arbeid og far som omsorgsperson. Sjølv om debatten rundt valfridom og strukturar på mange måtar er ideologisk, handla det om praktisk fleksibilitet og valfridom for lokale familiar. Konkurrerande diskursar innanfor ein sosial diskurs er nettopp spennande å studere med tanke på sosial endring (Fairclough, 2013).

Det er spesielt interessant å studere dette feltet fordi reproduksjon er eit område der spørsmål rundt biologi og sosial organisering møtast (Kristensen, Ravn og Sørensen, 2016:33). I denne debatten kunne man tenkt at det ville eksistere ei motdiskurs mot arbeidslinja som heller handla om omsorgsfeminisme. Men det eg fann var heller motstand mot nasjonale tiltak som familiar oppfatta var for lite fleksible for dei. Det var ikkje ei motdiskurs, men heller eit sterkt element av valdiskurs. Dette handlar om i kva grad familiar bør ha valfridom til å gjere det som er rett for dei som ein individuell familie. Deira argument blir brukt i møte med politiske tiltak som fremjar likestilling som noko der mor og far jobbar like mykje, og omsorg blir likare fordelt for å hjelpe mor å ha full tilknytning til arbeidslivet.

Den moderne familien er basert på ei blanding av individualitet og solidaritet, der likestillingsideal møter ei skjeringspunkt mellom familie, arbeid og kjønn (NOU 2017:6, s.47). Reproduksjon handlar båe om det private, det kulturelt verdsette og det statleg regulerte (Kristensen, Ravn og Sørensen, 2016:15). Foreldreskap, med sine langvarige pliktar, er kanskje det punktet som utfordrar individualitet mest (NOU 2017:6, s.47). Sjølv om den nasjonale likestillingsforståinga ikkje blei direkte utfordra, møtte den politiske tolkinga av dette idealet lokal motstand. Dei biologiske argumenta som vart brukt i kritikken mot tredelninga var også pakka inn i ei feministisk diskurs: eg oppfatta det som at kvinnene ville få sine behov og erfaringar høyrde. Dette utfordrar ikkje likestillingsbegrepet, det heller utvidar.

Det eg les fram i debatten er ei 'likestilling, men...' dimensjon i den lokale diskursen. Reproduksjon og rolla kvinner spelar i dette har blitt sett på som eit hinder for kvinners frigjering (Kristensen, Ravn og Sørensen, 2016:34). Debatten som går føre seg lokalt i dette tidspunktet kan seiast å handle om vidare frigjering innanfor reproduksjonsfeltet, der biologi og sosiale ideal møtast. Å kunne frigjere seg frå biologien handlar for kvinnene og menna som blei intervjua om å anerkjenne at vi ikkje kan være heilt like, og at kvinners behov i denne fasen må bli møtt.

Likestillingsforståingane som er i spel her drar altså alle på ei oppfatning om at ei 'god, likestilt familie' er ei der mannen er heime, nærverande og deltakande for sine born og sin partnar. Dette er ei nasjonal, hegemonisk diskurs som man også skriv seg inn i lokalt. Det som er interessant i dette kapittelet er at vi ser mangfaldet som eksisterer innanfor det nasjonale likestillingsbegrepet. I deltidskapittelet handla likestillingsforståingane i stor grad om val eller strukturar. I dette kapittelet ser vi at det er eit spenn innanfor likestilling som handlar om familie, biologi og individuelle behov i ei utfordrande tid, der nasjonale tiltak blir kritisert lokalt for å være for rigide i likestillingas namn. Det er altså ulike likestillingsforståingar i spel på ulike tema.

Debatten går også her mellom forståingane av likestilling som val eller som strukturar, men her brukast det i den lokale opinionen biologiske argument. Forskjellar i regionane, og at menn i Sogn og Fjordane tar ut så mykje fedrekvote, kan baa handle om lokalkultur og menns egne ynskjer, eller deira moglegheit eller rett til fedrekvote (NOU 2012:15, s.214). Dette blir styrt statleg i dag, med lite fokus i lokalpolitikken i Førde. Samtidig har dei nye permisjonsreglane møtt mykje motstand i lokalbefolkninga, på eit område der dei har lite kontroll. Det var fleire stemmer i Firde som etterlyste meir lokalt tilpassa familielivspolitikkk. Det er ikkje vanskeleg å sjå korleis ein region med mykje pendling for eksempel, kan få problem med løysingar som ammefri. Dette visar lokale tilpassingar av nasjonal likestilling i ei region med egne føresetnadar. Kanskje lokale tilpassingar til permisjonsreglande hadde vært løysinga på lokal frustrasjon?





## 6. Kjønnfordelt leing

### 6.1 Nasjonalt rammeverk: Kvinnelege leiarar er eit bra likestillingsteikn

I det førre kapittelet var det omsorgs- og arbeidsdimensjonen som blei diskutert, der eitt likestillingstiltak (meir foreldrepermisjon til fedrar) blei kritisert, men ikkje likestillingsforståinga om at menn skal være omsorgspersonar i seg sjølve. I begge dei førre kapitla var det diskursiv samanheng, men samtidig ulikskap, i den lokale tolkinga av nasjonal likestilling. I dette kapittelet er det snakk om ei diskurs som handlar om eit anna tema: leiarskap i arbeidslivet. SSB målar kjønnfordeling blant leiarar som ein indikator på kommunars likestilling. På ei skår frå 0, som indikerer total ulikskap og 1 som indikerer full kjønnbalanse skåra Førde 0,71 noko som plasserer Førde på omtrent landsbasis (Statistisk sentralbyrå, 2018). Delen kvinnelege eller mannlege leiarar er ein indikator som går på kjønnbalanse, og desse statistiske fakta gir eitt bilete på den lokale situasjonen.

Nasjonalt blir skeiv kjønnfordeling av leiarar sett i samanheng med forhold som skeivfordeling i løn mellom kvinner og menn, som blir knytt til ei strukturell skeivheit i arbeidsmarknaden der menn dominerer privat sektor, og kvinner dominerer den offentlege (Andreassen, 2017). Privat sektor har mange fleire mannlege leiarar, noko som kanskje er naturleg når det er mange fleire mannlege tilsette. Det handlar om kva sektor man jobbar i. Skeive kjønnbalansar i arbeidslivet generelt er altså ei viktig grunn til skeiv kjønnbalanse blant leiarar (Ibid.). SSB omtalar også regelmessig leing som eit likestillingsproblem. I diskusjonar rundt regionale forskjellar i likestilling, blir låg del kvinnelege leiarar konsekvent omtalt som noko negativt, og noko som drar ein region ned på likestillingsstatistikken. Eitt eksempel er at kommunane i nord generelt er flinke på kjønnfordeling blant leiarar, men dårlegare på delen menn som tar ut fedrekvote (Egge-Hoveid, 2013). Kjønnforskjellane i løn blir knytt til utdanning, der menn er overrepresentert som leiarar og akademiske yrker, medan lågare utdanningsyrker dominerast av kvinner (Statistisk sentralbyrå, 2017). Altså trekkjast det lengre linjer der leing ikkje blir sett på som eit isolert fenomen, men noko som også handlar om kjønnbalanse i næringslivet. Å snakke om fenomenet på denne måten visar ei haldning om at kvinnelege leiarar er eit positivt teikn på likestilling.

I den nasjonale politiske likestillingsdiskursen har kjønnfordeling i leing blitt knyta til kjønnssegregering i arbeidsmarknaden, som også handlar om for eksempel sektorfordeling blant kvinner og menn i det private eller offentlege næringsliv (NOU 2012:15, s.32). Typisk sett er kvinner til stades for eksempel i organisasjonars styrar og forsamlingar, men i mindre grad på toppnivået (Ibid.:113). I den norske eliten er det ein klar mannsdominans (Ibid.). I 2012 var tre fjerdedelar av toppleiarar menn. Toppleiinga i Norge er sterkt mannsdominert,

med unntak av regjeringa, der det har vært kjønnskvotering sidan 1986 (Ibid.:92). I lokalpolitikken er det stort sett dårleg kjønnsbalanse, men kommunestyra skil seg positivt ut (Ibid.:91). I politikken handlar leiarposisjonar om makt, men også om kven som styrar kva område. Typisk sett finn man ei tankegong der man antar at kvinner er opptatte av visse sakar, og menn andre. Ei låg kjønnsbalanse kan då tyde på at desse tema nedvurderast (Ibid.:92). Dette kan koplast vidare til eit hierarki der mannsdominerte arbeidsområde setjast over kvinnelederte (Ibid.).

Kjønnsdeling i arbeidsmarkanden er i kontrast til Norge si status som eit likestillingsland, noko som viser at kjønnsbalanse i arbeidslivet er ei viktig norsk likestillingsforståing (NOU 2012:15). Blant funksjonærar og arbeidarar har det blitt fleire kvinnelege leiarar, men det er færre kvinner på toppnivået, sjølv om også kvinneandelen her har auka. Fleire kvinner har altså fått ein posisjon med innflytelse og formelle kvalifikasjonar (Ibid.). Det er også gjennomført fleire politiske tiltak for kvinner i leiing (Ibid.:163). I Norge er det politisk einigheit om at systematisk skeiv tilgang til makt og innflytelsesrike posisjonar vil krevje politiske initiativ. Tverrpolitisk støtte til kvotering i bedriftsstyre som eit likestillings-politisk tiltak, er eit eksempel på dette (Ibid.:164). Å betre kjønnsbalanse i forskning, høgare utdanning og entreprenørskap er også politiske mål, og alt dette handlar om å utjamne kjønna forskjellar i makt og innflytelse (Ibid.:165). Ei låg kvinneled av leiarar tydar på at det er kjønnssegregering på arbeidsmarknaden, og at menn og kvinner jobbar på ulike stader i stillingshierarkiet (Ibid.:226).

I det førre kapittelet såg vi at det er ei sterk familiediskurs der kvinner og menn skal kunne kombinere omsorgsansvar og lønnsarbeid. At begge kjøn skal ha tilgang til maktposisjonar, økonomiske godar og eit likestilt familieliv er eit likestillingspolitisk mål (Barne-, likestillings-, og inkluderingsdepartementet, 2014:3). Skeiv kjønnsbalanse blant folkevalde blir presentert som eit demokratisk problem (Ibid.). Dette blir også knytt til dårleg ressursutnytting, noko som visar nytteperspektivet likestilling ofte gis. Samtidig er det då eit paradoks at man ikkje klarer å løfte kvinner inn i toppstillingar i næringslivet. Det blei nemnd at offentleg sektor blant anna er 'kvinnevenleg', fordi man kan ta permisjon og gå ned i stilling om man ynskjer det, særleg aktuelt for kvinner med familie. Samtidig skapar dette strukturar som hindrar kvinner å gå heilt til topps i næringslivet. Om man antar at kvinner vil gå i lang permisjon, og være borte mykje når borna er små og kanskje sjuke, ville det ikkje då vært meir økonomisk å tilsette menn? (Ibid.). Desse vendingane legg opp til ei diskurs som fokuserer på samfunnsstrukturar. Akkurat denne er interessant fordi det er eit openbart problem med få kvinnelege leiarar i kommunesektoren, når det er ein så stor arbeidsplass for kvinner (Borchorst og Dahlerup, 2003:14).

Ved å lese denne diskursen kjem eg fram til det same som i kapittelet om deltidsarbeid: at kvinnelege leiarar 'lukkast' som eit likestillingsområde. Det er ingen som problematiserer om kvinnelege leiarar er verdt å diskutere frå eit

likestillingsperspektiv. Det blir knytt til andre viktige, store likestillingspolitiske spørsmål som økonomiske godar, innflytelse og familie. Kvinnelege leiarar blir behandla som ein 'einheit' i likestillingsdiskursen. Området får altså status som eit balansespørsmål som går på vidare likestillingstematikkar. Av dei store diskursorden blir det trekt mest på strukturdiskursen i denne nasjonale debatten. Dette går blant anna fram av forslag om endring i næringslivets rekrutteringspraksisar, om at leiing blir påverka av andre strukturelle skeivheitar i arbeidslivet, og blant anna om at flest menn jobbar i privat sektor.

Kva er så problemkonstruksjonen i den nasjonale diskursen? I analysen av den nasjonale diskursen les eg at kvinnelege leiarar er eit viktig prinsipp for likestilling. Det går altså igjen i alle tre analysekapitla at områda blir oppfatta som relevante for likestilling i Norge. Det interessante er då *korleis* det blir oppfatta. Når mangel på kvinnelege leiarar er eit problem, visast det til at idealet er kjønnsbalanse. I kjønnsfordelt leiing introduserast element som makt og innflytelse, som ikkje var der i dei tidlegare kapitla. Leiing blir også knytt til andre ting som blir oppfatta som dårleg likestilling, som at kvinner har dårlegare løn enn menn og i større grad jobbar i offentleg sektor (Statistisk sentralbyrå, 2017). Dette visar ei likestillingsforståing som handlar om kjønnsbalanse. Spørsmålet er då kva politiske tiltak dette legg opp til?

Sjølv om det blir nemnd at ubalansen også handlar om individuelle leiarambisjonar og utdannings- og yrkesval, er det ei diskursiv oppfatning som handlar om at samfunnsstruktur ligg bak kjønnsfordelt leiing (NOU 2012:15, s.166). Det blir blant anna føreslått å leggje opp til ei betre moglegheitsstruktur for utradisjonelle val, med håp om at dette skal få fleire til å velje utradisjonelt. Kjønnsbalanse i eliten har også ført til debatt om næringslivets rekrutteringspraksisar (Ibid.). Å rapportere om kjønnsfordeling i stillingar er ein del av likestillingslova (Ibid.:164). Fleire har handlingsplanar mot jamnare kjønnsbalanse. Slike tiltak visar at politikk produserer baa problem (mangel på kvinnelege leiarar) og kva som bør gjerast for å rette opp i dette; leggje til rette for strukturar som hjelper kvinner opp og fram (Bacchi, 2012). Kvotering på toppnivået er eit eksempel på bruk av politisk positiv forskjellsbehandling for å sikre kjønnsbalanse (Skjeie og Teigen, 2003). Sjølv om denne også sjølvst har møtt motstand, visar denne ei særleg norsk praksis. Kvotering har vært gjenstand for ideologiske motsetningar og ulike likestillingsforståingar, men det er stort sett politisk einigheit om at kvinnelege leiarar er eit politisk mål (Ibid.). Det det er strid om, er heller middelet enn målet.

På det mest formelle nivået blir kjønnskeivheit blant leiarar behandla og trekt fram som eit likestillingsproblem, fordi alle skal kunne ha tilgang til økonomiske ressursar og innflytelse (NOU, 2012:15, s.57). Dette visar ressursargumentet, som er ein diskursiv måte å snakke om likestilling på (Skjeie og Teigen, 2003:194). Mangel på kjønnsbalanse i leiarposisjonar blir sett på som problematisk for likestilling i Norge. Eg tolkar dette som at nasjonalt skjer det same som med

deltidsarbeid: det ‘lukkast’, det vil seie at det ikkje blir satt spørsmålsteikn ved om mangel på kvinnelege leiarar er eit problem.

## 6.2 Ikkje eit lokalt problem?

I dei politiske dokumenta har ikkje leiing den same politiske prioriteringa som deltidsarbeid hadde, men det blir satt meir søkelys på dette enn på foreldrepermisjon. Dette kan vise ei hierarkisk inndeling av likestillingsområde på det lokale nivået. Blant dokumenta som viser den lokale likestillingspolitikken har eg valt ut to for dette kapitlet: «*Plan for å fremme likestilling og hindre diskriminering*» (2010) og «*Utdrag frå interne rekrutteringsprosessar*» (2018). Det er i desse dokumenta leiing i eit kjønnsperspektiv blir diskutert.

«*Plan for å fremme likestilling og hindre diskriminering*» (2010). I dette dokumentet blir det tidleg slått fast at det er god kjønnsbalanse på leiarnivå. Av kommunens 45 leiarar var i 23 menn og 22 kvinner. Elles er det lokalt ei ganske skeivfordelt næringsstruktur der flest kvinner jobbar med born, helse og omsorg, og flest menn i teknisk sektor og i toppleiinga (Førde kommune, 2010). Under tiltak for kjønn blir det påpeika at kvinner er underrepresenterte i toppleiinga, og at ved nokre tilhøve kan underrepresentert kjønn oppfordrast til å søke på i utlysingsteksten til ledige stillingar, sjølv om dette ikkje er fast praksis. Leiarar skal ta tak i konflikstar på arbeidsplassar som ein del av deira arbeidsoppgåver.

Kommunen har fleire tiltak der leiarar skal sørge for likestilling og mangfald, og dette skal være tema i leiaropplæringa (Førde kommune, 2010). Dette er også noko som går igjen i den nasjonale politikken (NOU 2012:15, s.302). Leiaropplæringa skal ha fokus på korleis man kan hindre diskriminering og trakassering i høve til kvinner (Førde kommune, 2010). Dette heng lingvistisk saman med ordbruken vi kjenner igjen frå den nasjonale diskursen. Eitt interessant funn i dette dokumentet er at alle 4 toppleiarane i kommunen er menn, medan kvinner er meir representert på mellomleiarnivået (Ibid.). Dette er nokså typisk, og er også noko vi ser på det nasjonale nivået- at kvinnene er ganske godt representerte som leiarar i sektorar der det er overvekt av kvinnelege arbeidstakarar, men at dei forsvinn jo lenger oppover i systemet man kjem (NOU, 2012:15).

«*Utdrag frå interne rekrutteringsprosessar*» (2018) diskuterer også praksisar rundt leiing, då gjerne med eit tilsettingsperspektiv. Generelt skal utlysingstekster ikkje være diskriminerande eller føretrekke eitt kjønn over eit anna. Det er ikkje lov å anta at eitt kjønn kan fylle stillinga betre enn eit anna, for eksempel ved fysisk styrke (Førde kommune, 2018). Ved utlysingar av leiarstillingar som einingsleiar eller kommunalsjef, og andre stillingar som blir beskrive som vanskelege å rekruttere til, kan man gjere unntak frå bruk av fellesannonse, altså

praksisen med at ledige stillingar i kommunen som vert kunngjort i avisa, skal gjerast i ei fellesannonse (Ibid.).

Ved tilsetjing bør hovudtillitsvalt som representerer typen stilling det intervjuast for, være invitert. Dette er eit krav ved leiarstillingar som går på einingsleiar og oppover. Det skal først referat ved intervju, og dette er særleg viktig om det står på personlege eigenskapar for rangering av søkarar. Det er, ifølgje likestillingslova, ikkje lov å stille spørsmål rundt familieplanlegging i denne tilsettingsprosessen, for menn eller kvinner (Førde kommune, 2018). Dette tolkar eg som særleg viktig når det gjeld implisitte haldningar om kvinners prioriteringar når det gjeld familie. Det blir også lagt opp til at personar skal bli tilsett etter kvalifikasjonsprinsippet, og at man skal være forsiktede med å vektleggje personleg eigenheit. Der søkarar stillar heilt likt når det gjeld kvalifikasjonar, skal man tilsette den kvinnelege søkaren om kvinner er underrepresenterte på den aktuelle arbeidsplassen. Kvotering av menn er tilsidesett til undervisning eller omsorg for born (Ibid.). Det gjeld altså ikkje leiarstillingar.

Det er ganske stor diskursiv likskap mellom dei politiske nivåa også på dette området. Det at det blir slått fast i kva grad man har kjønnsbalanse på leiarnivå visar at det har ei viss status som likestillingsområde lokalt. Det er også interessant at ordet kjønnsbalanse blir brukt (Førde kommune, 2010). Det at likestilling og mangfaldsarbeid er ein del av oppgåvene til leiarar er også noko vi kjenner igjen frå den nasjonale politikken. Det er eit interessant funn at man har moderat kvotering særleg for kvinner, noko som inkluderer leiingsnivået, medan menn ikkje kan kvoterast inn som leiarar (Førde kommune, 2010). Det er kanskje ikkje så rart at kommunen og det nasjonale samsvarar når kommunen i stor grad har eit lovverk å førehalde seg til; dei referer jo også til likestillingslova. Det er altså eit diskursivt samspel mellom dei to nivåa på dette området.

Denne likskapen fortsett i spørsmål rundt problemforståing, for også i det lokale finnast det implisitte konstruksjonar av problemet rundt kjønnsfordelt leiing (Bacchi, 2012). Noko av det første som står i planen for likestilling er at det er god kjønnsbalanse på leiarnivå, og dette blir sett opp som ein kontrast mot det meir negative biletet av ei ganske tradisjonell arbeidsstruktur. Det blir aldri problematisert i kva grad kvinneleg leiing handlar om likestilling, eller om det er eit problem med få kvinnelege leiarar. Samtidig tolkar ikkje eg det slik at kjønnsfordelt leiing blir sett på som noko stort problem i Førde, i vårt fall ikkje sett opp mot merksemda deltidsarbeid fekk. Dette kan henge saman med den relativt gode kjønnsbalansen i leiing, sjølv om toppleiarane er menn, noko som for så vidt ikkje er spesifikt for Førde. Det blir altså oppfatta som viktig, men samtidig fastslått at det ikkje er eit problematisk område.

Samtidig tyder eksistensen av retningslinjer på ei vilje til å løyse eller forhindre eit problem. Desse skal motarbeide, slik eg ser det, strukturell diskriminering, der

man skal leggje vekt på kvalifikasjonar, ikkje (kjønna) eigenskapar ved tilsetting (Førde kommune, 2018). Eg les at kommunen påverkast av strukturdiskursen i si likestillingsforståing. Samtidig er det ikkje eit spesielt stort fokus på akkurat leing i lokalpolitikken, heller på arbeidslivet generelt, der leing var ein del av biletet. Dette bekreftar at kjønn i leing er eit viktig likestillingsområde, men at det er ikkje er eit stort lokalt problem. Det er derfor heller foreslått interne retningslinjer som er generelle og skal sørge for ei god organisasjonskultur for å legge opp til gode strukturar som hindrar at skeivheit oppstår. Vi såg av SSB at Førde skårar bra på indikatoren over kvinnelege leiarar. Derfor har forståinga ført til at det ikkje er nokre spesielle tiltak knytt til kvinnelege leiarar foreslått i likestillingspolitikken, noko som er eit eksempel på at problemforståing får politiske konsekvensar (Jørgensen og Phillips, 1999).

### 6.3 Lokalt næringsliv: Ein skog av dresskledde menn?

Medietekstar er viktige for å konstruere sosiale problem og for dialog (NOU 2012:15, s.101). Dei fleste artiklane nemnde kjønnsbalansen når det gjaldt lokaldemokratiet, altså i lokalpolitikken, medan færre var interesserte i det generelle arbeidslivet. Blant artiklane var det fleire stemmer, og dei som er plukka ut under representerer diskursar rundt val eller strukturar, som er tydeleg i spel.

«*Rådmenn er rådmenn*» (Leiar, 2016) diskuterer at kjønnsbalansen blant leiarar i kommunane framleis er for dårleg. Kvinnelege rådmenn tener også litt mindre i snitt enn dei mannlege. Det står igjen mykje likestillingsarbeid på kommunehusa rundt om i landet, sjølv om balansen er betre her enn i privat næringsliv. Dette kan ha fleire årsaker, og den eine er at det er færre kvinnelege søkarar. Dette kan handle om at dei har større ansvar heime, noko som kan gjere det mindre freistande med større ansvar på jobb. Det er som i arbeidslivet elles: at man tilsett dei som liknar på ein sjølv. Menn rekrutterer menn, og gutteklubben blir sjølvforsterkande både blant rådmenn og kommunestyra. Kommunane er ikkje verstingar når det gjeld kvinnelege leiarar, men utviklinga er negativ (Leiar, 2016). Her trekkjar forfattern på valdiskurs, der kvinner ikkje søkar, men vala setjast også i eit samfunnsperspektiv. Artikkelen visar at kjøn i leing har status. Den hadde eit nasjonalt perspektiv, men i Førde var rådmannen på dette tidspunktet også ein mann.

«*Kvinner i fylket leikar ikkje butikk*» (Natvik, 2015). Dette er ei artikkel som kritiserer at Sogn og Fjordane skårar dårleg på kjønnsbalanse i næringslivet. Ansvaret for dette blir plassert hos næringslivsaktørane. NHO får kritikk for at dei ber kvinnene være meir på hogget. Sogn og Fjordane har nemleg høgt utdanna kvinner, og skårar betre enn andre fylker på kvinnelege leiarar og kommunestyrerepresentantar, noko som viser at kvinnene har samfunnsengasjement og leiarerfaring. For å få kvinnene inn i næringslivet held

det ikkje å setje peikefingeren på kvinnene sjølv, men næringslivet har også ansvar for likestillingsarbeid, så her trengs det framleis strukturelle tiltak. Artikkelen beskriv ein «skog av dresskledde menn» (Ibid.). Desse diskuterer makt, og består av ein kamerat-klubb (Ibid.).

Forfattaren spør retorisk om dette er attraktivt for kvinner, og sett det også inn i eit nytteperspektiv ved å nemne at dei bør tiltrekke seg kompetente folk for god fylkesutvikling. Artikkelen foreslår at næringslivet kan ta frå offentleg sektor, der det er mange kvinner og kvinnelege leiarar. Det blir også trekt fram at Sogn og Fjordane har høg del menn som tar ut fedrekvote, noko som er eit bra signal å sende for kvinner. Fylket er fullt av kompetente kvinner som næringslivet lokalt ikkje utnyttar (Natvik, 2015). Dette var ein av mange interessante artiklar som peikte på samfunnsstrukturar som ein grunn for mangel på kvinnelege leiarar. Ansvar for mangel på kvinner i næringslivet blei plassert hos næringslivsaktørane og deira kultur, samtidig som likestilling blei sett saman med nytteverdi for regionen.

«*Ingen kvinnelege søkarar*» (Flølo, 2010). Ingen kvinner søkte på jobben som dagleg leiar i Firda AS. Styreleiar seier at det er synd, sidan dei vil aktivt rekruttere kvinner for å jamne ut kjønnsbalansen, men at denne gongen klarte dei ikkje å få kvinnene interesserte. Sjefsredaktøren hadde eit litt anna syn: Han meinte det var rart at ingen kvinner søkte, sidan fleire er kvalifiserte til ein slik toppjobb. Dei hadde tilsett den dyktigaste uansett kjønn. Konklusjonen hans var at: «Dei må skjerpe seg framover!» (Flølo, 2010). To menn blei altså spurde om mangel på kvinnelege søkarar. Den eine setje ansvaret over hos konsernet, som ikkje hadde klart å marknadsføre seg bra nok mot kvinner. Den andre meiner at dette var kvinnene sjølv ansvarlege for. I tillegg til at dette visar ulike haldningar til ansvar, er det verdt å merke seg at null kvinnelege søkarar var verdt å skrive om, noko som vidare visar signaleffekten dette har.

«*Hjelle hoppar i det*» (Bruvik Sætre, 2016). Denne artikkelen presenterte Førde Venstre si nye, kvinnelege leiar. Det at ho er ei kvinne blei eksplisitt diskutert. Ho beskrev seg sjølv som liberal. Ho er feminist, og meiner «Fleire kvinner må utfordre seg sjølv og ta leiaroppgåver dersom dei har moglegheit til det» (Bruvik Sætre, 2016). Ei partikollega uttalte at det var positivt med ein kvinneleg leiar, fordi dei er det få av lokalt. Det har ei god signaleffekt (Ibid.). Dette liknar diskursen i Firda-artikkelen om deltid: det handlar om kvinners val. Dette kan henge saman med den liberalistiske diskursen til hennar parti som har problematisert likestillingstiltak som kjem ovanifrå (Skjeie og Teigen, 2003). Samtidig viser det at det er ei lokal bevisstheit rundt kva signaleffekt det har med kvinnelege leiarar.

«*Forbigår kvinnene igjen. Masdal: Eit mønster av manskraft hos AP!*» (Johnsen, 2011). Ei kvinneleg politiskar uttalar seg i denne artikkelen om ein ukultur i Sogn og Fjordane Arbeidarparti, som blir beskrive som eit mannsnettverk som held på

makta og skvisar kvinner ut. Ho kritiserer også at det er få synlege kvinnelege leiarar i fylkets media og store verksemdar, der man brukar maktstrategiar og har ei dårleg kultur for korleis kvinnelege politikarar blir omtalte (Johnsen, 2011). I val forsvinn mange kvinnelege ordførarar og, i det førre valet vart dei erstatta av menn (Ibid.). Artikkelen viser lokale spenningar mellom lokale politikarar frå ulike deler av fylket, men ho kritiserer også ei lokal kjønnskultur bak den lokale offisielle likestillingsdiskursen som er spennande. Ho refererer til eit mannsnettverk, som kan være eit anna ord for gutteklubben som opprettheld glastaket i politikken (Ibid.).

Når det er snakk om ansvarsfordeling, er det relevant å stille spørsmålsteikn rundt problemforståing. I lokalmedia les eg fram ei anna problemforståing her enn i politikken, altså: folk konstruerer eit anna problem (Bacchi, 2012). I medietekstane snur folk spørsmålet til å handle om *kvifor* det er få kvinnelege leiarar lokalt og nasjonalt. Eg finn ikkje i nokon av artiklane at det settast spørsmålsteikn ved om kjønnsbalanse på leiarnivå er ei viktig ting å diskutere. Det var ingen som argumenterte med at menn er betre leiarar eller noko liknande. Der det gjekk eit skilje var det når det gjaldt spørsmålet om kven som har ansvaret for denne ubalansen. Nokre argumenterte for at det var kvinner som hadde ansvaret; det er dei som må søke på leiarjobb, ta verv og «hoppe i det» (Bruvik Sætre, 2016). Andre argumenterte for at det var næringslivet eller politikken som hadde ein kultur som var gjennomsyra av mannsdominans. Det er ikkje særleg attraktivt for kvinner å være med i det som verkar som gutteklubben grei. Også i denne debatten drar folk altså på enten valdiskursen eller strukturdiskursen i si problemforståing.

#### 6.4 Samspelsanalyse: Ulike forklaringar på kvinnelege leiarar

Haldninga i offentlegheita til likestilling har utvikla seg over tid, og vil variere blant befolkninga etter gruppe (NOU 2012:15, s.370). Når SSB knyter ubalanse blant leiarar til ubalanse i arbeidslivet generelt, er det interessant å tenkje på at Førde skårar bra på kvinnelege leiarar, men at dette gjeld på mellomleiarnivået, altså der det allereie finnast overvekt av kvinnelege tilsette. På toppleiingsnivået var i 2010 alle 4 rollane fylte av menn. Dette er eit funn som vi kan anta speglar andre kommunar. Kommunen har ei bevisstheit rundt kjønnsbalansen blant leiarar, og diskuterer retningslinjer rundt rekruttering av blant anna leiarar. Når dette er eit område som blir lagt merke til på det nasjonale nivået i regjeringar, er det ikkje rart om det blir lagt merke til i kommunestyringa også. Det er eit interessant funn at lokalmedia er mest opptatt av leiing innanfor lokaldemokratiet, altså innanfor politikken, og i mindre grad av leiing innanfor arbeidslivet. Dette kan henge saman med generell god kjønnsbalanse på leiarnivået i Førde. Så korleis er likestillingsforståingane i spel?



I sjølve lokalpolitikken går stort sett dei same argumenta og dei same formuleringane igjen frå den nasjonale diskursen. Det er ei intertekstuell samanheng mellom dei på dette området. Dette tolkar eg som at den lokale problemforståinga av diskursen er påverka av den nasjonale diskursen. Blant anna går det igjen at det er fokus på kvinner innanfor kvotering. I alle dokumenta blir leiing knytt til andre ting enn berre seg sjølve når det gjeld skeivheit i arbeidslivet, noko som blir tolka negativt. Eitt viktig funn er at diskursen bår på det nasjonale og det lokale nivå er prega av ei lukking av kvinnelege leiarar som ei likestillingsfaktor. Det får status som eit likestillingsområde der målet er kjønnsbalanse, og mangelen på balanse er problematisk for andre ting som blir oppfatta som viktig for likestilling, som rettferdig fordeling av makt og innflytelse mellom kjønna.

Medieartiklane ‘opnar opp’ det lukka området på same måte som det skjedde i tilfellet deltidsarbeid. Det blir stilt spørsmål rundt grunnen til manglande kvinnelege leiarar, då særleg i politikken. Kanskje handlar dette om rettferdig representasjon på det lokale nivået? Måten problemforståing blir konstruert på er subjektiv, og påverkar korleis vi ser på oss sjølv og andre (Bacchi, 2012). Derfor kan argumentet være at det ideologiske utgangspunktet til folk, enten man oppfattar at kvinnelege leiarar burde sikrast av kvinners val eller av samfunnskultur, er styrt av sjølvbilete? Dei som er på toppen sjølve vil kanskje ikkje tenke på at dei er der av andre grunnar enn deira egne merittar. Det kan jo følast litt nedverdiggande å tenkje på at man berre er ‘kvotert inn’. Dette går på ein debatt om likebehandling som eg ikkje skal gå nøyare inn på, men det er interessant at ulike problemforståingar kan ligge til rota for store ideologiske debattar.

Akkurat slik som i foreldrepermisjonskapittelet er kjønnsbalanse i leiing lett å måle statistisk, og ei rein deskriptiv presentasjon er lett å bruke. Få kvinnelege leiarar er meir synleg enn for eksempel deltidsarbeid. Samtidig er det, som i fedrekvote-kapittelet, ikkje sikkert i kva grad berre det å få inn kvinnelege leiarar styrkar likestillinga. Når det er snakk om kvinnelege leiarar går debatten ofte over på kvotering, likebehandling mot forskjellsbehandling (Skjeie og Teigen, 2003:165). Om det skal leggjast til rette for sær-behandling for kvinner, eller om kvinner må velje å søke seg mot leiingskarrierar, føyer seg inn i dei to store motstridande diskursane innanfor likestillingsdebatten: struktur eller valfridom. Kanskje kan vi seie at den nasjonale diskursen omsett nokså direkte til den lokale likestillingspolitikken. Samtidig hadde den lokale politikken retningslinjer som til dels favoriserte kvinnelege leiarar i tilsettingsprosessen. Dette er kanskje fordi ei mannleg overvekt blant leiarar er noko som er lett synleg og målbart, samtidig som det har ei negativ klang. Dette er eit eksempel på at likestillingsideal som vi kjenner igjen frå det nasjonale, også får status på det lokale nivået.

Samtidig hadde Førde si likestillingspolitikk lite politiske tiltak direkte retta mot kvinnelege leiarar. Toppoleinga var utprega mannsdominert, men kjønnsbalansen

var god på mellomleiarnivået. Kanskje blir problemet 'usynleg' lokalt når fleire av dei som arbeidar har ei kvinneleg leiar, og blir derfor ikkje prioritert som eit likestillingsområde? Dei som har kvinner som leiarar rundt seg, er meir positive til kvinnelege leiarar. Det får ei viss normaliseringseffekt (Matland, 1995:298). Ingen på dei tre diskursnivåa problematiserer heller at kvinnelege leiarar er ei positiv ting. I det førre kapittelet såg vi at likestilt fordeling av foreldrepermisjonen blei kritisert, men idealet: ei likestilt familie blei ikkje motstrida. Den lokale kritikken handla heller om kva politikk som blei ført for å oppnå dette målet. På same måte fann eg ingen medieartiklar som gjekk i motsett retning og argumenterte i *mot* at kvinner kan bli leiarar, eller at menn berre er betre leiarar enn kvinner, eller noko liknande. Men problemforståinga på det heilt lokale nivået kan vise ei viss lokal kultur som kan forklare mangelen på kvinnelege leiarar på toppnivået. Det handla om *kvifor* det eksisterte ei kjønnsbalanse, ikkje om denne ubalansen var problematisk frå eit likestillingsperspektiv.

Problemforståingar får også effektar i politikken. Diskursivt visast det til ei kultur som lagar eit system der det er vanskeleg for kvinnelege leiarar, eller det blir i vært fall lagt opp til ei viss kjønnskultur som favoriserer menn. Dette viser at mangel på kjønnsbalanse på leiarnivå blir forstått som eit resultat av strukturar. Og då blir løysinga politiske initiativ som kvotering, eller tittelskifte for å vise at kvinner også kan gjere ein jobb. Samtidig finnast andre stemmer i lokalopinionen som drar meir på valdiskursen, og som forstår mangel på kvinnelege leiarar som eit resultat av individuelle kvinners val. Om du trekk på denne diskursen, vil resultatet i politikken ikkje blir kvotering, som man kan forstå får ei viss tvangsdimensjon (Skjeie og Teigen, 2003), men heller ei oppfordring om at kvinner må velje annleis, og tørre å utfordre seg sjølve meir, som venstreleiaren gjorde (Bruvik Sætre, 2016). Dei ulike perspektiva gir mening tatt i betraktning deira ideologiske utgangspunkt, og dette går på større skiljelinjer innan tolking og forståing av likestilling.

På akkurat dette området visar partiskillene seg i lokalmedia. Der man diskuterte mangel på kvinnelege leiarar lokalt var det stort sett venstresida som representerte problemet. Høgresida si mangel på diskurs visar ei problemforståing: det er ikkje eit problem. Ved å ikkje konstruere løysingar, konstruerer man heller ikkje problemet (Bacchi, 2012). Det å diskutere mangel på kjønnsbalanse er jo også å skape eit politisk problem (Ibid.). Om ein meiner at det er kvinnene sine egne val som ligg bak, vil det då ikkje gi mening å kritisere samfunnsstrukturar eller føreslå kulturendringar? Ein ting som gjekk imot dette biletet var at Arbeidarpartiet sjølv fekk kritikk for å ha ei mannsdominert politisk kultur. Så sjølv om det ideologiske biletet blant politiske parti på papiret kan seiast å være splitta i sine syn, er det også elementet lokalkultur som må takast omsyn til. Vi har også sett at sjølv om det ikkje blir diskutert eksplisitt i politikken, har problemforståingar også effektar her. Kjønnsfordeling i leiing er altså eit bra

eksempel på at diskurs påverkar problemforståing, noko som igjen får effektar i politikken. I politikken fører problemforståinga til for eksempel kvoteringstiltak, at det krevjast tiltak for at kvinner skal ville søke og hindre diskriminering, noko som trekk på samfunnsstruktur-diskursen. Dette området er nok eit eksempel på at det nasjonale klart påverkar den lokale diskursen når det gjeld likestillingsforståingar, men det er ein horisontal, ikkje vertikal prosess, der linjene mellom nivåa ikkje alltid er like klare.



## 7. Avslutning

### 7.1 Oppsummering

I denne oppgåva har eg studert ulike likestillingsforståingar i spennet mellom det nasjonale nivået og det lokale nivået, og brukt Førde kommune som case. Oppgåva er eit metodebidrag til måten å studere dette spennet på med ein casekommune, der eg brukar metoden samspelsanalyse for å undersøke korleis ulike diskursar mellom det nasjonale og det lokale utspel seg. Eg har utforska ulike likestillingsforståingar på områda deltidsarbeid, foreldrepermisjon og kjønnsfordelt leing. Eg har fyrst studert diskursen på det nasjonale nivået, den som produserast i lokalpolitikken og i lokalmedia. Deretter har eg tatt for meg samspelet mellom dei. Casekommunen som er valt er Førde i Sunnfjord, i eit vedlegg til denne oppgåva står det nokre anbefalingar til kommunens vidare utvikling. Ved å bruke tekstanalyse og forskingsspørsmål om problemforståing rundt dei tre områda, har denne oppgåva komen fram til fleire spennande funn.

Det vi såg i kapittelet om deltidsarbeid var ei diskursiv lukking av deltid blant kvinner som eit likestillingsproblem på det nasjonale nivået. I det lokale var det derimot fleire ulike stemmer. Alle forstod likestilling på ulike måtar, og dermed også deltidsproblematikken. Det blei overført som eit viktig område til det lokale, men det som skjedd var at innhaldet forandra seg frå å handle om likestilling til å handle om lokal arbeidsgjevarpolitikk. Eg forska fram eit interdiskursivt samspel som konkurrerte om hegemoni på deltid bae internt og eksternt, altså med andre diskursar. Dette heng saman med problemrepresentasjonar, fordi det at deltid er eit likestillingsproblem, og korleis det skal løysast, ikkje er tilfeldig. Det handlar om diskurs og kven som har makt til å definere kva som er problem og ikkje. I diskusjonen rundt deltidsarbeid, fann eg eit spel mellom forståingar. Ved hjelp av forskingsspørsmåla rundt problemforståing, har eg knytt desse ulike forståingane til diskursorden rundt valfridom eller samfunnsstrukturar. Språkvalet visar problemforståingar, og val versus strukturar er ei kjend diskurs som gir eit språk for å diskutere eit komplekst fenomen i spennet mellom det nasjonale og det lokale nivå når det gjeld synet på deltidsarbeid.

Likestillingsforståing på området deltid går føre seg i dette spelet, der det blir lagt opp til ulike diskursar i problemkonstruksjon- og forståing av eit kjend nasjonalt tema i det lokale. Forståinga endrar seg frå å handle om likestilling til å handle om arbeidsgjevarpolitikk, men det blir framleis oppfatta som eit viktig likestillingsområde. Diskursorden om val og strukturar spelar ei spesielt stor rolle. Vi kan altså seie at den nasjonale likestillingsdiskursen ligg som eit viktig bakteppe og påverkar den lokale diskursen i forståinga av deltid i forbindelse med likestilling. Det har stor betydning at deltid blir 'låst' som eit likestillingsområde på det nasjonale nivået. Samtidig er det ikkje ei klar linje frå nasjonal til lokal likestillingsdiskurs. Diskursen som påverkar utforminga av likestillingspolitikken

blir påverka av den nasjonale diskurskonteksten, men i utforminga lokalt skjer det endringar i problemforståingar.

I casen av Førde vart det tydeleg at diskursen rundt deltid har dreia seg frå å handle om likestilling, til å handle blant anna om lokal sysselsetting. Ei slik vending kan handle om lokale tilpassingar. I tillegg har ordvalet i Førde si likestillingspolitikk dreia seg til å handle om å skape ei 'heiltidskultur'. Deltid har altså fått eit anna diskursivt innhald, og problemforståinga endrar seg avhengig av kven som representerer problemet. På det lokale nivået har lokalpolitikarar stor definisjonsmakt, og dette kan knytast til vidare maktstrukturar i samfunnet. Dei to ulike måtane å sjå på problemet på går igjen i medietekstane, medan problemrepresentasjon er mest nyttig i det politiske. Dette er eit spennande funn som viser den komplekse linken mellom det nasjonale og det lokale, sjølv der det tilsynelatande er einigheit i problemdefinisjon. Deltid som likestillingsområde i lokalpolitikken er altså i stor grad påverka av den nasjonale diskursen, men likestilling forsvann i denne lokale operasjonaliseringa, der deltid som eit klassisk nasjonalt likestillingsområde blei problematisert og utfordra.

Diskursen rundt fordeling av foreldrepermisjon var særleg aktuelt med tanke på endringane i permisjonsreglane som trådde i kraft i 2018, medan denne oppgåva blei skreve. Desse reglane har møtt stor lokal motstand frå familiar som i stor grad trekk på valdiskursen i sine argumentasjonar. I den nasjonale diskursen blei aukande fedrekvote knytt til likestilling, meir spesifikt det norske likestillingsidealet at kvinners deltaking i arbeidslivet skal sikrast av at menn er meir heime med borna sine. Dette var også knytt til barnets beste og fars plikt, men også rett til tid med sine egne born.

Eg tolka det ikkje som at det var dette likestillingsidealet som fekk kritikk av familiarne i media. Det som møtte kritikk var heller mangel på valfridom, og at likestilling ikkje skulle 'tvingast' på familiarne på denne måten. Dei trakk altså på valdiskursen, men brukte praktiske heller enn ideologiske argument. Kanskje hadde valfridomsdiskursen hegemoni blant familiarne her fordi dette er eit meir personleg val enn å velje å arbeide deltid, sjølv om dei to kan henge saman. Kvinnene snakka om at dette handla om forståing av deira biologiske behov. Eg hadde i utgangspunktet forventa at diskurskonkurransen innanfor denne ville handle om kritikk av arbeidslinja frå for eksempel omsorgsfeministar, men diskursen i lokalmedia er dratt heilt ned på individnivå og personlege val. Kanskje er dette påverka av at Førde ligg i ein region som genererelt skårar bra på fedrar som tar ut fedrekvote? Det er mogleg at dette er ein lokal norm, sjølv om familien som fekk nokre rare blikk fordi far tok ut meir kvote enn mor, viser at idealet i stor grad framleis handlar om at mor skal være hovudpersonen i småbarnsfasen. Dette er i vertfall ei mogleg forklaring på den manglande lokale familielivspolitikken. Samtidig vil eg argumentere for at om kommunen valte å

inkludere eit slikt fokus på familiar i si vidare likestillingspolitikk, så kunne innbyggjarane sine behov blitt imøtekomne på ei betre måte enn det som skjer i dag.

Dette er også eit eksempel på spenningane som ligg mellom det statlege nasjonale nivå og distrikta. Den nasjonale diskursen vil bære preg av ideal, men lokale førehald vil utfordre tiltaka som kjem utifrå dette. Førde ligg i ei region med mykje pendling, noko som kan gjere at tiltak som ammeфри ikkje er heilt ideelle, og amming var eit viktig argument for fleire av dei lokale familiare (Solheim Korsvoll, 2019). Dette området visar friksjonar innanfor ulike problemforståingar, og- dette problemet blir i større grad 'konstruert' med hjelp av løysingar i det nasjonale enn i lokalpolitikken. Men dette er ei kontrast til det nasjonale; lokal stillheit hjelper ikkje når det er friksjonar mellom lokal opinion og nasjonal politikk. Då er det eit mellombindeledd som manglar, og som har potensiale for å forbetre situasjonen med å ikkje berre konstruere problem, men også finne løysingar rundt fordeling av foreldrepermisjon i lokale familiar.

I leiingskapittelet var det ei tydeleg dynamisk diskurs. På same måte som i deltidskapittelet, blei kvinnelege leiarar 'lukka' som eit viktig likestillingsspørsmål i den nasjonale diskursen. Her blei kjønnsfordeling blant leiarar knytt til ting som rettferdig fordeling av makt og ressursar. Dette blei ikkje opna opp og problematisert i like stor grad i lokalpolitikken som deltid blei, men det fekk andre prioriteringar. I kommunens plan for likestilling blei det tidleg vist til kjønnsbalanse blant kommunens leiarar. Sjølv om det var oppretta retningslinjer for ikkje-diskriminering i deira politikk, var det lite som eksplisitt diskuterte kvinnelege leiarar. Dette kan henge saman med at det var god kjønnsbalanse blant leiarar på mellomnivået, sjølv om dei typisk nok forsvann på toppnivået. Kjønnsfordelt leiing var likevel ikkje eit eksplisitt fokus fleire stader, og eg les det som at kvinnelege leiarar ikkje er oppfatta som eit lokalt likestillingsproblem. Likevel hadde dei eit visst fokus på det. Det blei i større grad nemnd enn foreldrepermisjon, men mindre enn deltid. Dette kan vise ei lokal politisk prioritering, som kan handle om ulike ting.

Manglande prioritering av akkurat kvinnelege leiarar kan handle om den gode kjønnsbalansen i kommunen. SSB viser at deltidsarbeid blant kvinner er eit større problem enn mangel på kvinnelege leiarar. Dette står i kontrast til lokalmedia. Her var mange opptatte av leiing, vel og merke i lokalpolitikken. Dette kan forklarast med lokale tolkingar av den nasjonale diskursen. Eitt element av kjønnsfordelt leiing handlar om rettferdig fordeling av makt, og det lokale er opptatte av lokaldemokrati og representasjon. Det var også interessant at i dei fleste av artiklane på dette området hadde man eit strukturperspektiv, altså blei mangel på kvinnelege leiarar oftare knytt til skeive samfunnsstrukturar og

favorisering av menn, enn kvinners val, sjølv om dette sjølv sagt var ein del av debatten.

Det er interessant at medieartiklane i stor grad er opptatte av enten lokale konkrete arbeidsplassar eller lokalpolitikken, sidan det er desse to som ligg nærast innbyggjarane. Det er i politikken at partiskilja viser seg klarast, dei som oftast ligg mest til grunn for kamp mellom dei to ulike likestillingsforståingane. Då er det interessant at det var akkurat arbeidarpartiet som fekk kritikk for å ha ei mannsdominert kultur frå ein av sine eigne. Slike eksemplar visar det dynamiske innanfor diskursorden sjølv innanfor same institusjon. At kommunen hadde introdusert moderat kvotering av kvinner der dei var underrepresenterte og mindre spelerom for kvotering av menn, kan vise at dei også trekk på strukturdiskursen. Men mangel på eksplisitte tiltak for akkurat leiing visar at dette i vertfall ikkje blir oppfatta som eit aktuelt og viktig problem. I lokalpolitikken var det fleire retningslinjer som skulle sikre ei god kultur rundt leiing, tilsetning osv., men det blei ikkje følgd opp med konkrete tiltak. Kommunen ynskja heller å skape gode strukturar for den vidare utviklinga enn å rette opp i ei skeivheit som eksisterer lokalt i dag.

## 7.2 Konklusjonar: Det nasjonale- eit viktig rammeverk

To likestillingsforståingar var i konkurranse med kvarandre i empirien, og det grunnleggjande spørsmålet var om likestilling handla om valfridom eller strukturar. Desse konkurrerte baa i den nasjonale diskursen, i lokalpolitikken og i lokalmedia. Korleis desse speler med kvarandre skjer på ulike måtar, men dei går igjen baa på det nasjonalt forvaltning og politisk, så vel som på det lokale nivået. Tydelegare lokalpolitikk på desse områda vil kunne dempe mange problem. Kommunens haldning ut frå eit arbeidsgjevarperspektiv er at dei helst vil at folk skal velje å arbeide heiltid, og dermed vil skape ein kultur for dette. Dette heng saman diskursivt med det nasjonale idealet om arbeidslinja innanfor likestilling. Familie og deltid blir sett i kontrast til dette idealet. Kommunen stillar spørsmålet om det ikkje er positivt at familiar har fleksibilitet og folk kan tilpasse arbeid og familie/livssituasjon. Ei bevisst familielivspolitik, slik det blei etterlyst i Firda, kan være med på å supplere Førde si likestillingspolitikk i tida framover. Dette har, som vi har sett, fleire fordelar, blant anna auka trivsel blant tilsette. Dette vil også være viktig i perspektivet av regional utvikling med førehald som å gjere seg attraktiv for tilflytting.

I spennet mellom det nasjonale og lokale, der det nasjonale løftar Norge opp som eit likestillingsland og landets regionar lev opp til dette i varierende grad, finnast Førde i eit skjeringspunkt. Lokalisert i ein region som generelt skårar bra på likestilling, må det samtidig takast omsyn til lokale førehald og normer. Kommunen legg opp til ei likestillingspolitikk som i stor grad svarar på nasjonale



krav, med dokumentasjon av deira arbeid. Kommunen blir dratt mellom nasjonale føringar og lokale tilpassingar. Lokalt er det god kjønnsbalanse på leiarnivå, mange jobbar deltid og mange fedrar tar ut fedrekvote. Dei møter utfordringar ved at det nasjonale rammeverket skapar lokal frustrasjon, som for eksempel ved tredelinga av foreldrepermisjonen, at mange av deira tilsette uttrykk ynskje om å jobbe deltid, og at mange er opptatte av kjønn i politisk leiing. Lokal politisk prioritering er ein del av dette biletet. Kommunen gav deltidsarbeid høgast prioritering, leiing fekk mindre, og fordeling av foreldrepermisjon fekk nesten ingenting. I innleiinga blei det vist til dei ulike nytteverdiene kommunar kan ha for å arbeide med lokale likestillingsutfordringar. Kommunens arbeidsgjevarperspektiv kan tolkast i denne retninga. Også blant andre kommunar har likestillingsfokuset vært på førehald som handlar om arbeidsgjevarpolitikk og rekruttering (KUN, 2013:7).

Dette kan forklarast av kommunens ansvarsoppfatning, og statistikken gir det perspektiv. Deltidsarbeid blant kvinner var det området Førde skåra dårlegast på, medan dei skåra betre på kvinnelege leiarar. Førde skåra, saman med Sogn og Fjordane fylke, bra på indikatoren som omhandla delen menn som tar ut fedrekvote eller meir av permisjonstida. Den lokale politiske prioriteringa kan være eit resultat av slik statistikk over situasjonen. Politikk er som allereie nemnd avhengig av statistikk for å utforme tiltak, og dette kan vidare leggje rammar for arbeidet deira. Samtidig kan dette også grunnjevast vidare i at man tolkar statistikk ulikt, utifrå ulike forståingar. Og likestillingsforståingane som oppstår i empirien går på dei to grunnleggande om valfridom eller struktur, bae på det nasjonale og det lokale nivået.

Dei to likestillingsforståingane er ikkje noko som har oppstått i Førde, men i Norge. Dei har også klart forma viktigeita av likestilling. Derfor vil eg seie at Førde er godt forankra som ein norsk kommune i den nasjonale diskursen. Samtidig har dei lokale tilpassingar av denne diskursen. Blant anna har dei ikkje ei særskild familielivspolitik, og dei ser på deltid mindre frå eit likestillingsperspektiv og meir frå eit arbeidslivsperspektiv. Dette samsvarar ikkje med den nasjonale diskursen. Befolkninga har like ofte eit nasjonalt som lokalt perspektiv når dei diskuterer likestilling, og sett gjerne lokale utfordringar opp mot konteksten av at dette ikkje berre er noko Førde slit med. Dette går særleg fram i deltidskapittelet. Samtidig skjer det lokale tolkingar og tilpassingar. For kommunen forsvinn kjønnspektivet når arbeidsgjevarperspektivet deira visast i konkret politikk, og for lokale familiar forsvinn sjølvve idealet om likestilling i møtet med praktiske kvardagslege utfordringar. Vi kan seie at det nasjonale har makt til å setje likestilling høgt, men det lokale har makt i tolkinga. I Førde er det eit diskursivt samspel som er veldig spennande å forske på. Det nasjonale påverkar tydeleg lokal diskurs, men ikkje nødvendigvis i ei rett linje nedover. Vidare forskning på andre kommunar vil kunne vise om dette er lokalspesifikt eller

om det er eit uttrykk for ein tilnærma lik måte for kommunar når det gjeld å balansere mellom nasjonale mål og krav, og lokale perspektiv.

# Empirioversikt

## Kapittel 1: Kjønn deltidsarbeid

### Nasjonalt nivå

Hamre, K. (2016, 7 mars). Kjønnsdelt arbeidsmarked tross kvinnenes utdanningsforsprang. Henta frå <https://www.ssb.no/befolkning/artikler-og-publikasjoner/kjonnsdelt-arbeidsmarked-tross-kvinnenes-utdanningsforsprang>

Lohne, Y. Rønning, E. (2005, 27 september). Typisk norsk å arbeide deltid. *Samfunnsspeilet*, 2005/4. Henta frå <https://www.ssb.no/arbeid-og-lonn/artikler-og-publikasjoner/typisk-norsk-aa-arbeide-deltid>

NOU 2012:15. (2012). *Politikk for likestilling*. Henta frå <https://www.regjeringen.no/contentassets/dcf92db57c0542c1996b9f821b13ebbe/no/pdfs/nou201220120015000dddpdfs.pdf>

Selmer-Anderssen, I. (2018, 5 mars). Store kjønnsforskjeller i arbeidslivet. Henta frå <https://www.ssb.no/befolkning/artikler-og-publikasjoner/store-kjonnsforskjeller-i-arbeidslivet>

Statistisk sentralbyrå. (2018, 21 desember). Indikatorer for kjønnslikestilling i kommunene. Henta frå <https://www.ssb.no/likekom>

### Politiske dokument frå Førde kommune

Førde kommune. (2010). Plan for å fremme likestilling og hindre diskriminering.

Førde kommune. (2016). Arbeidet med likestilling og reduksjon av deltidstillingar i Førde kommune. Orientering til bystyret.

Førde kommune. (2018). Utdrag frå interne rekrutteringsprosessar.

### Lokale medietekstar

Havnen, M. (2010, 29 mai). Skulle tenkt som ein mann. *Firda*. Henta frå: [www.firda.no](http://www.firda.no)

LO Førde. (2010, 26 april). Vil bli prøvefylke for heiltidstillingar. *Firda*. Henta frå [www.firda.no](http://www.firda.no)

Løseth, S. (2016a, 30 april). Klipp og lim i seks år. *Firda*. Henta frå [www.firda.no](http://www.firda.no)

Løseth, S. (2016b, 4 mai). Ein hersketeknikk. *Firda*. Henta frå [www.firda.no](http://www.firda.no)

Skjerdal, S.I. (2016, 8 mars). Ligg enno bak i lønn. *Firda*. Henta frå [www.firda.no](http://www.firda.no)

## Kapittel 2: Fordeling av foreldrepermisjon

### Nasjonalt nivå

Barne- likestillings- og inkluderingsdepartementet. (2014). *Likestilling 2014. Regjeringens handlingsplan for likestilling mellom kjønnene*. Henta frå [https://www.regjeringen.no/globalassets/upload/bld/likestilling/likestilling\\_2014.pdf](https://www.regjeringen.no/globalassets/upload/bld/likestilling/likestilling_2014.pdf)

Hamre, K. (2017, 06 mars). Fedrekvoten- mer populær enn noen gang. *Samfunnspeilet, 2017/1*. Henta frå <https://www.ssb.no/befolkning/artikler-og-publikasjoner/fedrekvoten-mer-populaer-enn-noen-gang--298200>.

NOU 2012:15. (2012). *Politikk for likestilling*. Henta frå <https://www.regjeringen.no/contentassets/dcf92db57c0542c1996b9f821b13ebbe/no/pdfs/nou201220120015000dddpdfs.pdf>

NOU 2017:6. (2017). *Offentlig støtte til barnefamiliene*. Henta frå <https://www.regjeringen.no/contentassets/6ee74831e812490dad20852b7306dc11/no/pdfs/nou201720170006000dddpdfs.pdf>

Statistisk sentralbyrå. (2016, 20 desember). Fedrekvoten mer populær enn noen gang. Henta frå <https://www.ssb.no/befolkning/artikler-og-publikasjoner/fedrekvoten-mer-populaer-enn-noen-gang--323652>

Statistisk sentralbyrå. (2018, 21 desember). Indikatorer for kjønnslikestilling i kommunene. Henta frå <https://www.ssb.no/likekom>

### Politiske dokument frå Førde kommune

Førde kommune. (2010). Plan for å fremme likestilling og hindre diskriminering. Førde kommune.

Førde kommune. (2016). Arbeidet med likestilling og reduksjon av deltidsstillingar i Førde kommune. Orientering til bystyret.

### Lokale medietekstar

Bruvik, L.R. (2019, 22 mars). Viss ikkje foreldrepermisjonen blir endra, blir sonen min einebarn. *Firda*. Henta frå [www.firda.no](http://www.firda.no)

Rysjedal, C.B. (2018, 27 februar). Begge har pappapermisjon. No delar dei på ordførar-jobben. *Firda*. Henta frå [www.firda.no](http://www.firda.no)

Solheim Korsvoll, A.I. (2019, 09 februar). Stine Marie (25) om dei nye permisjonsreglane: For oss hadde det vore umogleg. *Firda*. Henta frå [www.firda.no](http://www.firda.no)

Solheim Korsvoll, A.I. (2018, 09 februar). Det er umogleg å gå tilbake i jobb når ein knapt søv meir enn tre timar i strekk. *Firda*. Henta frå [www.firda.no](http://www.firda.no)

Hestad, R.I. (2018, 17 juni). Robin tek størstedelen av fødselspermisjonen: Det verkar som det er litt tabu. *Firda*. Henta frå [www.firda.no](http://www.firda.no)

## Kapittel 3: Kjønnfordelt leiing

### Nasjonalt nivå

Andreassen, I.H. (2017, 12 oktober). Stadig flere kvinnelige ledere. Henta frå <https://www.ssb.no/befolkning/artikler-og-publikasjoner/stadig-flere-kvinnelige-ledere>

Barne- likestillings- og inkluderingsdepartementet. (2014). *Likestilling 2014. regjeringens handlingsplan for likestilling mellom kjønnene*. Henta frå [https://www.regjeringen.no/globalassets/upload/bld/likestilling/likestilling\\_2014.pdf](https://www.regjeringen.no/globalassets/upload/bld/likestilling/likestilling_2014.pdf)

Egge-Hoveid, K. (2013, 11 juni). Likestilling- avhengig av hvor vi bor. *Samfunnsspeilet* (3/2013) s. 10-16. Henta frå: <https://www.ssb.no/befolkning/artikler-og-publikasjoner/attachment/121978?ts=13f2d81d5b8>

NOU 2012:15. (2012). *Politikk for likestilling*. Henta frå <https://www.regjeringen.no/contentassets/dcf92db57c0542c1996b9f821b13ebbe/no/pdfs/nou201220120015000dddpdfs.pdf>

Statistisk sentralbyrå. (2017, 22 juni). Kvinner dominerer spesialisthelsetjenesten. Henta frå <https://www.ssb.no/helse/artikler-og-publikasjoner/kvinner-dominerer-spesialisthelsetjenesten>

Statistisk sentralbyrå. (2018, 21 desember). Indikatorer for kjønnslikestilling i kommunene. Henta frå <https://www.ssb.no/likekom>

### Politiske dokument frå Førde kommune

Førde kommune. (2010). Plan for å fremme likestilling og hindre diskriminering.

Førde kommune. (2018). Utdrag frå interne rekrutteringsprosessar.

### Lokale medietekstar

Bruvik Sætre, I. (2016, 23 januar). Hjelle hoppar i det. *Firda*. Henta frå [www.firda.no](http://www.firda.no)

Flølo, K. (2010, 16 januar). Ingen kvinnelege søkarar. *Firda*. Henta frå [www.firda.no](http://www.firda.no)

Johnsen, H. (2011, 21 oktober). Forbigår kvinnene igjen. Masdal: Eit mønster av manns makt hos AP! *Firda*. Henta frå [www.firda.no](http://www.firda.no)

Leiar. (2016, 18 januar). Rådmenn er rådmenn. *Firda*. Henta frå [www.firda.no](http://www.firda.no)

Natvik, E. (2015, 30 mars). Kvinnene i fylket leikar ikkje butikk. *Firda*. Henta frå [www.firda.no](http://www.firda.no)

## Referansar

- Bacchi, C. (2012). Introducing the 'What's the problem represented to be?' approach. I Bletsas, A., og Beasley, C. (red.). (2012). *Engaging with Carol Bacchi: Strategic interventions and exchanges*. (s. 21-24). Henta frå <https://www.adelaide.edu.au/press/titles/engaging/>
- Barne- og likestillingsdepartementet. (2018). *Endringar i folketrygdlova (tredeing av foreldrepengeperioden ved 80 prosent uttak)*. (Prop. 4 L 2018-2019). Henta frå <https://www.regjeringen.no/contentassets/0cfa27f59fea46abadd6b0068af21795/nm-no/pdfs/prp201820190004000dddpdfs.pdf>
- Bjørnholt, M. Likestilt foreldreskap- fars rett, mors plikt? (2005/2008). U-publisert artikkel. Henta frå <http://www.margunnbjornholt.no/wp-content/uploads/2011/10/rett13.pdf>
- Borchorst, A. Dahlerup, D. (2003). Ligestilling- hvad er poblemet? Indledning. I Borchorst, A. Dahlerup, D. Ligestillingspolitikk som diskurs og praksis (1 utg., s. 9-27). Frederiksberg: Samfundslitteratur
- Borchorst, A. Dahlerup, D. (2003). Dansk ligestillingspolitikk- diskurs og praksis. Konklusjoner. I Borchorst, A. Dahlerup, D. Ligestillingspolitikk som diskurs og praksis (1 utg., s.185-204). Frederiksberg: Samfundslitteratur.
- Bratberg, Ø. (2017) *Tekstanalyse for samfunnsvitere*. (2 utg.) Oslo: Cappelen Damm AS
- Bye, M.T. (2012). *Ligestilling og mangfold i Verran Kommune*. (4/2012). Steinkjer: KUN.
- Dahlerup, D. (2003). Ligestilling i dødvande- den ulidelige modstilling af lighed og forskel. I Borchorst, A. Dahlerup, D. Ligestillingspolitikk som diskurs og praksis (1 utg., s.29-52). Frederiksberg: Samfundslitteratur.
- Dahlerup, D. (2003). Kommunal ligestillingspolitikk som bagtrop? I Borchorst, A. Dahlerup, D. Ligestillingspolitikk som diskurs og praksis (1 utg., s.79-100). Frederiksberg: Samfundslitteratur.
- Danielsen, H., Larsen, E., Owesen, I.W. (2015). *Norsk ligestillingshistorie*. Oslo: Fagbokforlaget.
- Egge-Hoveid, K. (2013). Ligestilling- avhengig av hvor vi bor. *Samfunnsspeilet* (3/2013) s. 10-16. Henta frå: <https://www.ssb.no/befolkning/artikler-og-publikasjoner/ligestilling-avhengig-av-hvor-vi-bor>
- Fairclough, N. (2013). *Critical discourse analysis. The critical study of language*. (2 utg.). New York: Routledge. E-bok tilgjengeleg på

[https://scholar.google.no/scholar?cluster=5279605966512003657&hl=no&as\\_sdt=0,5](https://scholar.google.no/scholar?cluster=5279605966512003657&hl=no&as_sdt=0,5)

- Fekjær, S.B. (2013) *Hvordan bli en lykkelig masterstudent*. (1 utg.). Oslo: Gyldendal Akademisk.
- Hallandvik, J.E. Olsen, T.S. (2011). *Heltid- løsning eller problem? Sluttrapport fra evalueringen av heltidsprosjektet i Kristiansand kommune*. Universitetet i Agder.
- Jørgensen, M. W. Phillips, L. (1999). *Diskursanalyse som teori og metode*. Frederiksberg: Roskilde Universitetsforlag.
- Kitterød, R. H. (2013). Mer familiearbeid og mindre jobb blant småbarnsfedre. I B. Brandt & E. Kvande (red.) *Den farsvennlige velferdsstaten* (s. 42–s59). Oslo: Universitetsforlaget.
- Kjeldstadli, K. (2000). *Fortida er ikke hva den engang var*. Universitetsforlaget, Oslo. Henta frå [https://www.nb.no/items/URN:NBN:no-nb\\_digibok\\_2008090300018](https://www.nb.no/items/URN:NBN:no-nb_digibok_2008090300018)
- Kommuneloven. (2018). Lov om kommuner og fylkeskommuner. (LOV-1992-09-25-107). Henta frå <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1992-09-25-107>
- Kristensen, G.K. Ravn, M.N. Sørensen, S.Ø. (2016). Reproduksjon i dagens Norge. I Ravn, M.N., Kristensen, G.K., Sørensen, S.Ø. (red). *Reproduksjon, kjønn og likestilling i dagens Norge*. (s. 13-31). Bergen: Fagbokforlaget.
- Kristensen, G.K. Ravn, M.N. Sørensen, S.Ø. (2016). Feministiske perspektiver på reproduksjon. I Ravn, M.N., Kristensen, G.K., Sørensen, S.Ø. (red). *Reproduksjon, kjønn og likestilling i dagens Norge*. (s. 33-47). Bergen: Fagbokforlaget.
- KUN. (2010). *Aktivitets og rapporteringsplikten. Utarbeiding av rapporteringsverktøy på [www.kun.nl.no](http://www.kun.nl.no)*. (03/2010). Steinkjer: KUN, senter for kunnskap og likestilling.
- KUN. (2013). *Regionalt senter for likestilling og mangfold 2013*. (6/2013). Steinkjer: KUN, senter for kunnskap og likestilling.
- Lappegård, T. Bringeland, K.H. (2013). Stor oppslutning om fedrekvoten. I Brandth, B. Kvande, E. (red). *Fedrekvoten og den farsvennlige velferdsstaten*. (s.29-41). Oslo: Universitetsforlaget.
- Likestillings- og diskrimineringsloven. (2018). Lov om likestilling og forbud mot diskriminering. (LOV-2017-06-16-51). Henta frå



[https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2017-06-16-51/KAPITTEL\\_2#%C2%A79](https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2017-06-16-51/KAPITTEL_2#%C2%A79)

- Løkke, P.A. (2000). *Farsrevolusjonen. Fedre og maskulinitet i en ny tid*. Oslo: Pax forlag AS.
- Matland, R. (1995). Kjønnsstereotype forestillinger om politikere: En eksperimentell studie av likestillingen i Norge. I Raaum, N.C. (red.), *Kjønn og politikk*. (s. 297-319).
- Moi, T. (1998). *Hva er en kvinne? Kjønn og kropp i feministisk teori*. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag.
- Nagel, A.H. (1995). Politiseringen av kjønn: Et historisk perspektiv. I Raaum, N.C. (red.), *Kjønn og politikk*. (s. 31-87). Sortland: Nordahls Trykkeri.
- NOU 2012:15. (2012). *Politikk for likestilling*. Henta frå <https://www.regjeringen.no/contentassets/dcf92db57c0542c1996b9f821b13ebbe/no/pdfs/nou201220120015000dddpdfs.pdf>
- Raaum, N.C. (1995). Introduksjon- kjønn og politikk. I Raaum, N.C. (red.), *Kjønn og politikk*. (s. 9-30). Sortland: Nordahls Trykkeri.
- Schweder, T. (2003). Statistikkens historie i Norge- faktisk uten statistikere? *Tidsskrift for samfunnsforskning*, 44(2), 309-318.
- Skaar, K.M. (25 Mars, 2014). Svak likestilling gir dårlige levekår på Sørlandet. Henta frå <http://kjonnsforskning.no/nb/2014/03/svak-likestilling-gir-darlige-levekar-pa-sorlandet>
- Skjeie, H. Teigen, M. (2003). *Menn imellom*. (1 utg.). Oslo: Gyldendal Akademisk.
- Spilker, K.H. (2008). *Assistert slektskap: Biopolitikk i reproduksjonsteknologienes tidsalder*. (doktoravhandling). Norges teknisk- vitskapelege universitet, Trondheim.
- Sørensen, S.Ø. (2015). Blå feminisme- feminisme for næringslivet? I Ljunggren, E. (Red.). *Kjønn og næringsliv i Norge*. (1 utg., s. 245-259). Oslo: Cappelen Damm Akademisk.
- Sørensen, S.Ø. (2016). Karrierekvinne og mor: et kulturanalytisk blikk på kombinasjonslivets balansekrav. I Ravn, M.N., Kristensen, G.K., Sørensen, S.Ø. (red.). *Reproduksjon, kjønn og likestilling i dagens Norge*. (s. 49-64). Bergen: Fagbokforlaget.
- Thagaard, T. (2013). *Systematikk og innlevelse. En innføring i kvalitativ metode*. (utgåve 4). Fagbokforlaget: Bergen.

- Thunem, G. Bye, M.T. (2014). *Samfunnsutvikling for alle. Likestilling og mangfold i Ulstein og Herøy kommuner*. (2/2014). Steinkjer: KUN, senter for kunnskap og likestilling.
- Tjora, A. (2013). *Kvalitative forskningsmetoder i praksis* (2. utgave). Oslo: Gyldendal akademisk forlag AS
- Utenriksdepartementet. (2016). *Frihet, makt og muligheter*. Henta frå [https://www.regjeringen.no/globalassets/departementene/ud/vedlegg/fn/kvinner\\_handlingsplan.pdf](https://www.regjeringen.no/globalassets/departementene/ud/vedlegg/fn/kvinner_handlingsplan.pdf)
- Vold, K.A. (2018, 2 januar). Fedre tar nøyaktig ut fedrekvoten. *Infotjenester*. Henta frå <https://www.infotjenester.no/artikler/fedre-tar-noyaktig-ut-fedrekvoten/>

## Vedlegg: Anbefalingar til Førde kommune

I denne oppgåva har eg studert ulike likestillingsforståingar i spennet mellom nasjonale rammar og lokale perspektiv. Eg har gjort eit casestudie av Førde kommune, og samanlikna likestillingsforståingar og diskurs på: det nasjonale nivået, i Førde si likestillingspolitikk og ulike artiklar frå lokalavisa Firda. Dette er gjort på likestilling over tre områder: Deltidsarbeid, foreldrepermisjon og kjønnsfordelt leing. Basert på det eg har funne, vil eg her gi nokre generelle anbefalingar til kommunens vidare likestillingsarbeid. I tillegg til dei konkrete anbefalingane her vil eg oppfordre kommunen til å ha ei kritisk bevisstheit til underliggende likestillings- og problemforståingar, for å leggje til rette for konstruktiv debatt om nye løysingar i det lokale handlingsrommet, på tvers av politikkområde,. Aktivitets- og reiegjeringssplikta i likestillingslova gir kommunar plikt til å aktivt jobbe for å sikre likestilling, men det er rom for lokale tilpassingar.

### **Deltidsarbeid**

I det fyrste kapittelet fann eg at det var eit stort fokus på deltidarbeid i kommunens likestillingspolitikk. I den nasjonale diskursen blei deltidarbeid blant kvinner presentert som ei klar likestillingsutfordring som handla om lønsgap, kvinners svakare fotfeste i arbeidslivet og mindre økonomisk uavhengigheit for kvinner. I kommunens politiske dokument var det deltidarbeid for fekk desidert størst fokus. Det interessante var at kjønnsperspektivet forsvann når kommunen diskuterte problemet. Deltidarbeid blei diskutert i eit arbeidsgjevarperspektiv, der kommunen ynskja å skape ei heiltidskultur og få fleire tilsette til å ynskje å arbeide fulltid, og korleis gjere det lettare for tilsette å auke stillingsprosenten sin.

- Eg vil anbefale kommunen å hugse på kvifor mange er i frivillig deltidarbeid, særleg i helse- og omsorgssektoren. Her er det potensiale for å sjå på strukturane i korleis einingane legg opp turnusordningane, arbeidsfordeling osv. Deltidarbeid kan ofte handle om arbeidskapasitet i eit krevjande yrke. Viktigheita av at dette er ei stor kvinnearbeidsplass bør heller ikkje undervurderast.
- Vere bevisst dei kjønna strukturane som ligg bak kvinners val om deltidarbeid
- Ta på alvor familielivssituasjonen mange kvinner er i. Kvinner har generelt meir ansvar heime, særleg for små born.
- Kommunen har eit særleg ansvar som ei stor lokal arbeidsgjevar til å primært opprette heiltidsstillingar.
- Frå 2019 skal Bergen utlyse alle stillingar innanfor helse- og omsorgssektoren som heiltidsstillingar. Dette kan Førde også vurdere for å skape ei heiltidskultur.

- Her kan kommunen også ha eit mangfaldsperspektiv, for eksempel når det gjeld at innvandrarar generelt har svakare tilknytning til arbeidslivet.

## **Fordeling av foreldrepermisjon**

På området foreldrepermisjon og fedrekvote, fann eg ikkje nokon bevisst politikk i Førde. Dette har eg knytt saman med at det er mange fedrar som tar ut fedrekvote i regionen, og kanskje at det er avgrensa i kva grad lokale myndigheiter har moglegheit for spelerom. Likevel viser oppgåva at det er eit potensiale i lokalpolitikken for utvikling på dette området, særleg fordi vi er inne i ei tid då dette er eit aktuelt tema, med tredelinga av foreldrepermisjonen som blei innført i 2018.

- Dette er eit område der den nasjonale politikken utvikling har skapt lokal motstand. Fleire av dei lokale familiane intervjuja i Firda uttrykte misnøye med tredelinga av permisjonen, og meiner at den ikkje passar for deira familie. Politikarane kan med fordel sjå på kva spelerom dei har for å tilpasse lovverket til lokale førehald.
- I fleire av Firda-artiklane etterlyste frustrerte familiar direkte ei meir tilpassa lokalpolitikk på familielivsfeltet. Dette kan politikarane møte med open haldning om at lokale familiar får sine behov høyrd og møtt der det er mogleg.
- Ta omsyn til ting som at pendling er vanleg i Sunnfjord-regionen, noko som kan gjere enkle løysingar som ammeфри problematiske.
- Barnehagetilbodet i distrikta må også ha ei robust og trygg utvikling.
- Fortsette ei god lokal kultur som oppmuntrar og ikkje straffar fedrar for å vært heime med born. Det offentlege kan særleg leggje strukturar til rette for dette.
- Det er verdt å hugse på at ei god familielivspolitikkk kan ha fleire fordeler når det gjeld busetnad i distriktet, og at Sunnfjord kommune blir attraktiv både som buplass og arbeidsgjevar for familiar.
- Fedrars uttak av foreldrepermisjon førar til likare arbeidsfordeling i heimen. Tiltak som kan leggje til rette for fedrars omsorgsansvar har altså positive effektar på kvinners arbeidslivsdeltaking. Dette kan få positive effektar på deltidsarbeid i kommunen.

## **Kjønnsfordelt leining**

Når det gjeld kvinnelege leiarar er det god kjønnsbalanse på mellomnivået i kommunen, men toppleiinga er framleis dominert av menn. Dette speglar nasjonale trendar. Eg fann gode interne rutinar som skal motverke diskriminering

når det gjeld generell tilsetning, men så vidt eg kan sjå, er ikkje mangel på kvinnelege leiarar oppfatta som eit lokalt problem. Eg vil anbefale kommunen å

- Fortsette å utarbeide gode rutinar for å motverke fordommar og haldningar som går på kostnad av kvinners karriere
- Desse rutinane gjeld ikkje berre på toppen, men også på einingsnivå, for å unngå at ei ukultur får rotfeste. Eit generelt godt arbeidsliv vil også kunne positivt påverke leiingsbalansen.
- Å vurdere spesifikk kvotering av kvinner om kjønnsbalansen blir for dårleg
- Her har kommunen gode ressursar tilgjengeleg frå nasjonal politikk når det gjeld blant anna erfaringar.
- Kvinnelege leiarar er noko som er veldig synleg og positivt for ein region, uansett på kva arena det er snakk om. Å oppretthalde ei god kjønnsbalanse på leiingsnivået bør være eit bevisst politisk mål framover.
- Dette har også ein dimensjon når det gjeld lokaldemokrati og lokalrepresentasjon, noko som ganske sikkert vil bli eit tema når det gjeld utviklinga av Sunnfjord kommune.
- Kommunen kan vurdere ting som kompetanseheving og leiarprogram som ein del av ei bevisst satsing.

I alle desse tilfelle bør kommunen fortsette å gjennomføre kjønnsdelt statistikk på heiltid- og deltidsarbeid, uttak av permisjon, kven som er heime med sjukt born osv., for å avdekke behov for tiltak. Dette er særleg viktig fordi kommunen har mykje å tene på å bevisst satse på likestilling, både når det gjeld kjønnslikestilling, som eg har fokusert på i oppgåva, men også dimensjonar som mangfald, funksjonsnedsetting og alder. Likestilling i alle formar har mange positive aspekt for kommunen, som busetting og positiv utvikling, men kommunen har også ansvar for å fremje likestilling som arbeidsgjevar og tenesteytar, for å tilby likeverdige offentlege tenester og sikre at alle samfunnsgrupper får medverknad og representasjon.

